



ERLING FOLKVORD RAPPORT FRÅ ROTTEREIRET KORRUPSJON I NORGE

1990

**FORORD
AV CARL
AUGUST
FLEISCHER**



SAMLAGET

Rapport frå rottereiret

Erling Folkvord

Rapport frå rottereiret

Korrupsjon i Norge 1990

Det Norske Samlaget
Oslo 1990

© 1990 Det Norske Samlaget

Printed in Norway

Sats og trykk: Gjøvik Trykkeri A.s, Gjøvik

Omslag: Radek Doupovec

ISBN 82-521-3532-3

ISBN 82-7350-201-5 (Bokklubben Dagens Bok)

Innhald

Forord 9

Korrupsjon, korrupsjonsbeskyttere og overløpere 13
Av Carl August Fleischer, professor dr. juris

Om korleis politikarane legg vilkåra til rette for at korrupsjonen kan blomstre 21

SAS Service Partner – serveringsmonopol i Rådhuset mot vinflasker og privatrett 23

Varaordførar med forretningspartnerar frå svindelmiljøet i Oslo 32

Tetzschner og ansvaret for billegsal av tomter i Oslo 39

Kampen mot uavhengig granskning av korrupsjon i Oslo 45

Firarbanden sitt tiår 52

Byrådsleiar med dårleg råd og investorar som blir feite på kommunale utbyggingsprosjekt 62

Foreining med skjulte inntekter og stort reisebudsjett for den utvalde kretsen 78

Ordføraren lovar bort pengar som ikkje finst 85

Albert Nordengen og Hans Svelland på raid i Eilert Sundts gate 55 90

«Gullegget i Brynestads kurv» 98

Politikarar har skapt grobotn for korrupsjon og maktmisbruk 104

Om kriminell organisasjon, korrupsjonsforhold og tenestefolk som ikkje forstod kva dei var med på 107

- Den kriminelle organisasjonen, I: Dei tre bukkane
Bruse 109
- Den kriminelle organisasjonen, II: Gudfaren med
Arbeidarpartiet og Kommuneforbundet i ryggen 122
- Trafikksjefen som forfalskar og fingerer og blir lønt med
nyoppretta stilling 130
- Bydelsprosjektet – El Dorado 136
- Kommunale underskrifter sikrar eventyrleg gevinst for
hospitsspekulant Nils Riise 141
- Oslo Byfornyse – eit selskap med «austeupeisk stil»,
men no tar gribbane over 149
- To av dei som har prøvt å seie frå 153

Streiftog i norsk korrupsjon 157

- Korrupsjon i tollvesenet på 40- og 50-talet 159
- Oppsynsmannen som kravde «smøring», mista jobben og
fekk erstatning 161
- Familiekorrupsjon – når firmaet får jobbane av far og av
onkel 165
- Nils Riise – ein økonomisk kriminell med pengar og
gode kontaktar 167
- Bulgarsk korrupsjon i Norge – eller norsk korrupsjon i
Hedmark? 172
- Ole K. Karlsen og Nicolai Paus – klare hovud, men
dårleg minne 175
- Siggestrøm på heitt blikktak 178
- Kriminal i Stortinget : Kurersendinga som aldri nådde
Stortinget 183
- Korrupsjon i Stortinget: Ein konvolutt utan namn og
adresse 187

Kva er korrupsjon? 189

Den enkle samanhengen 191

Reglane som forbyr korrupsjon 193

Når ein ikkje veit kor grensa går 196

Det korrupte Norge 199

**Slik kan vi hjelpe kvarandre med å kome korrupsjon
og maktmisbruk til livs 205**

15 forslag til tiltak mot korrupsjon 207

Vedlegg 215

Namneregister 220

Forord

7. mars 1990 stod Albert Nordengen ein ynkeleg skolerett for bystyret i Oslo. Det var det lønsame og skattereduserande samrøret hans med Andenæs-gruppa som stod på dagsordenen. Han ba tynt om å bli trudd – men nekta samtidig å svare på det spørsmålet som var stilt om korleis lånevilkåra var da han lånte 700 000 kroner hos Andenæs.

Natt til 21. mars 1990 fekk politiet den første tilståinga frå sjølve Gudfaren i den organiserte kriminaliteten i Vedlikeholdsetaten. Den pensjonerte vedlikehaldsinspektøren Thorolf Johannessen tok til å namngi politikarar som kunne vere innblanda i Oslo-korrupsjonen.

Likevel er vi enno berre i starten på opprullinga av den politiske korrupsjonen. Dei som *må* hindre full opprydding for å berge seg sjøl og sine eigne maktposisjonar, arbeider hardt for å demme opp. Det er dei som har makta. Tidlegare har dei *alltid* fått det på sin måte.

Denne boka er resultat av eit gruppearbeid som har strekt seg over fleire år. Derfor er boka skrivi i «vi»-form. Raud Valallianse sin Arbeidarkontrollkommisjon vart oppretta i 1985 for å avsløre byggjeskandalen ved Stortinget T-banestasjon. Seinare oppretta RVs bystyregruppe i Oslo eit permanent Antikorrupsjonsutval. Boka byggjer på materiale som dette utvalet har samla inn.

Meir enn 100 personar har gitt opplysningar eller hjelpt oss. Mellom dei er bystyremedlemmer frå alle parti utanom Kristeleg Folkeparti. Meir omfattande hjelp har vi i dei siste månadene fått frå eit drygt tital hjelparar utanom

medlemmene i Antikorrupsjonsutvalet. Mange av desse har gitt hjelp på det vilkåret at vi ikkje opplyser kven dei er. Derfor har vi valt at vi her heller ikkje listar opp alle dei som godt kunne vorti namngitt.

Alle saman fortener stor takk. Boka hadde ikkje vorti til utan tips og hjelp frå bygningsarbeidarar, hjelpepleiarar, vaktmeistrar, sjåførar, arkitektur, direktørar, bedriftseigarar, saksbehandlarar og tenestemenn i privat og offentleg byråkrati – og mange, mange andre.

Arbeidet med boka har overbevist oss om at dei korruperte har hatt gode vilkår i norsk etterkrigstid. Slik har det blitt fordi norsk korrupsjon har vori eit ikkje-tema både for den politiske eliten og for dei som har makta over massemedia og det trykte ordet.

Korrupsjonskulturen omfattar langt fleire enn dei opent korruperte. Vi understrekar at ikkje alle personar og saker som er nemnde i boka, er personleg innblanda i korrupsjon. Kvar sak og kvar person har si eiga historie og sine egne særtrekk.

Vi meiner det er rett å stille krav både til politikarar og til byråkratar. Desse krava kan sorterast på tre forskjellige nivå.

For det første er det rimeleg å krevje at dei viser eit sunt skjønn slik at ingen eingong kan mistenkje dei for samanblanding av eigeninteresse og det offentleges interesse. Det er sjølsagt at folkevalde og offentlege tenestemenn held ein trygg avstand til den usynlege «streken» som ein ikkje skal gå over.

For det andre finst det saksbehandlingsreglar og spelereglar som ikkje er lovfesta, men som skal følgjast.

For det tredje har vi lovreglar mot korrupsjon – bl.a. i straffelova – som det er straffbart å bryte på ein slike måte at lovbrottet kan bevisast for ein domstol.

Vi oppfordrar lesaren til å ha desse tre ulike nivåa klart

for seg både ved lesing av boka og ved undersøking av andre saker der korrupsjonsmistanke blir eit tema.

Det er mange slags korrupsjon som ikkje er tatt med i denne boka. Korrupsjonen i privat sektor, dvs. innafør og mellom private firma (og enkeltpersonar i desse), er verd fleire bøker aleine.

Oslo, 22. mars 1990

Erling Folkvord

Ta gjerne kontakt:

RVs bystyregruppe, Rådhuset, 0037 Oslo 1

Tlf. (02) 86 19 21 eller (02) 86 19 22

Korrupsjon, korrupsjonsbeskyttere og medløpere

Av Carl August Fleischer, professor dr. juris

Korrupsjon og svik – i forhold til de interesser en tjenestemann eller politiker har påtatt seg å verne om og ivareta – er blitt kreftbyller i det norske samfunn. Samtidig er de særdeles vanskelige å avsløre. Det minner om narkotikaforbrytelser og «bakmennene» der. Både de som svikter sitt ansvar når det gjelder å ta vare på de verdier som er betrodd dem på fellesskapets vegne, og de som yter fordeler som fremmer en slik holdning, er interesserte i at forholdene holdes skjult.

Blir det reist kritikk, forsøker de seg med allehånde dekkaksjoner. Disse blir så støttet opp om av mer eller mindre naive eller godtroende medløpere. Mistenkeliggjøring av motparten og «imøtegåelse» av kritikk på et sådant – åpenbart usaklig og uholdbart – grunnlag synes å ha blitt oppfattet som et effektivt virkemiddel i visse kretser.

Folk som bevislig har gitt spesielle interesser ugrunnede fordeler på statens eller kommunens eller generelt medmenneskers bekostning uten at betenkelighetene og kostnadene ved disse fordeler er trukket fram i lyset, har også blitt beskyttet på en annen måte: Det fortelles at vedkommende NN er en «så bra mann» eller kvinne at det er «utenkelig at NN kan ha gjort noe slikt».

Det gjøres bevisste forsøk på å gi inntrykk av at det er dårlig gjort eller injurierende å kritisere den mangelfulle myndighetsutøvelse eller andre feil som den utmerkede NN har begått. Såkalt voksne folk har virkelig godtatt en argumentasjon og propaganda på dette sandkassenivået, i

stedet for en diskusjon av de objektive fakta og det disse dokumenterer.

Det er ikke nok med at tilliten fra velgerne og kommunen som sådan er blitt misbrukt *en* gang, ved at diverse parter har fått fordeler uten at kommunens interesser er blitt forsvarlig ivaretatt. Tilliten skal utnyttes som et godt kort enda en gang – til å fortelle velgerne at det ikke kan være riktig likevel, det som de objektive opplysningene faktisk har demonstrert. Korrupsjonsbeskyttelsen har vært omfattende og ekstrem.

Et imponerende arbeid

På denne bakgrunn skjønner man at det er en imponerende innsats som ligger bak, når det norske samfunn nå endelig har fått øynene opp for hva som virkelig foregår. Først nå har det blitt en mer realistisk holdning til problemene om korrupsjon og annen svikt.

Takket være det arbeid som er utført har begrepet «korrupsjon» fått sin rettmessige plass i det norske politiske vokabular og i samfunnsdebatten. Dermed har vi fått oppfylt et absolutt grunnvilkår for at det overhodet skal være mulig å vareta samfunnets interesser. Det er først når vi erkjenner fenomenene at vi kan diskutere dem seriøst og treffe tiltak for å begrense dem – og dermed beskytte alle de enkeltmennesker som i realiteten blir rammet av skadevirkningene.

«Korrupsjon», korrupsjonsbeskyttelse og svikt har også sammenheng med begrepet «muldvarp». Her er ikke poenget først og fremst de utøvere på vegne av det norske samfunn som har tjent spesielt fremmede staters interesser. Her tenker vi på de personer som opptrer i et tillitsverv eller en tjenestestilling som de har påtatt seg for å fremme samfunnets eller f.eks. spesielt kulturminner eller naturvernets interesser – mens de isteden opptrer slik

at de undergraver disse interesser. Dermed fremmer de f.eks. en entreprenørs særinteresser i strid med de verdier som skulle varetas. «Muldvarpen» er en som undergraver de interesser han offisielt skal vareta.

Korrupsjonens spor og resultater

Særlig viktig er det å være oppmerksom på det vi kan kalle korrupsjonens spor og dens resultater.

Det aller verste er på en måte ikke det at en tjenestemann eller politiker beriker seg eller mottar andre fordelere. Det verste er den *ødeleggelse* og det *unødige forbruk av penger og andre verdier*, som nødvendigvis blir følgene av korrupsjon og liknende atferd. Resultatet av kommunale billigsalg, garantier og bevilgninger, engasjement i dyre prosjekter osv. uten tilstrekkelig grunnlag – og uten skikkelig drøftelse av om kommunen kan få til en mer lønnsom ordning – blir automatisk enorme tap. Dette går ut over sykehus, sykehjem og folks muligheter til en rimelig bolig. Summen blir en enorm menneskelig lidelse; foruten betydelige tap av verdier som skulle stått til disposisjon til glede for byens borgere.

Å ta utgangspunkt i sporene og i selve svikten er vesentlig også av en annen grunn. Selve det at et korrupt element mottar fordeler, og at dette motiverer hans beslutninger – f.eks. slik at han ikke forsøker å vareta kommunens interesser i å få til en gunstigere løsning, kan være vanskelig å oppdage. Men det vi regelmessig vil se i slike tilfelle, er den *usaklige eller mangelfulle begrunnelse* for handlemåten. Ofte blir denne indikasjonen støttet av nye uriktigheter – når vedkommende person eller organ skal «forklare» hvorfor kommunens, innbyggernes eller verneinteressenes tarv ikke ble tatt tilstrekkelig hensyn til.

Her er det helt avgjørende for en fremtidig og bedre forvaltning at man slutter med å godta lettvintheter og

feil. En *aksepterende holdning* til uriktige opplysninger og mangelfulle vedtak er det samme som å oppfordre til fortsatt korrupsjon og liknende tilstander.

Noen vil innvende at mangelfull begrunnelse og feilaktig opptreden også kan skyldes dumhet, uvitenhet eller tilfældigheter. Men også det å dekke over slikt er det samme som *fusk* – som oppfordrer til og videreutvikler korrupsjon. Hvis man kan unnskylde seg med at «jeg er bare dum, jeg», har den virkelige korruperte fått fullstendig fritt leide til å fortsette sin virksomhet. Det å påberope uforstand eller manglende omtanke som grunn til at kommunens interesser ble tilsidesatt uten forsvarlig begrunnelse gir en sterk indikasjon på at interessene ikke har blitt tatt særlig høytidelig. Likegyldighet og uforstand harmonerer da heller ikke særlig godt med at vedkommende gjennom valg eller på annen måte har stilt seg til disposisjon. Han har jo da gjerne fremhevet sine særlige kvalifikasjoner og sin særlige vilje til å vareta nettopp fellesskapets og medmenneskenes tarv.

Årsaker til utglidningen

Et viktig spørsmål er videre følgende: Hvordan har det gått til at vi har fått en slik fullstendig utglidning i enkelte kretser? Visse personer som har deltatt i beslutningsprosessen på vegne av samfunnet – og som har påtatt seg tillitsverv i denne forbindelse, og gjort krav på å være særlig egnet til å utføre disse tillitsverv, har *samtidig mottatt betydelige økonomiske fordeler* fra de særinteresser som beslutningene får betydning for. Personer som selv har påtatt seg å verne samfunnets og andre enkeltpersoners interesser mot disse særinteressene, har samtidig mottatt sine personlige særfordeler fra de samme særinteresser.

Til dels synes det å ha vært en direkte økonomisk

avhengighet. Beslutningstakere på vegne av samfunnet kan ha hatt en ikke ubetydelig del av sin levestandard – eller kanskje til og med sin fortsatte «økonomiske eksistens» (i motsetning til konkurs) – som følge av fortsatte ytelser fra og dermed fortsatt velvilje hos bestemte private parter. Og disse private parter har på sin side vært de samme som har hatt fordeler av en behagelig, velvillig og unnlåtende holdning i den offentlige beslutningsprosess – f.eks. på den måte at denne unnlater å håndheve de offentlige interesser i særlig sterk grad.

Hvem har gått foran og medvirket til å utvikle og dekke over disse tilstandene – denne form for «kultur», som det også har vært kalt?

Misforstått, misbrukt og *såkalt* lojalitet har spilt en rolle. Enkelte har påtatt seg verv og blitt betalt av samfunnet for å vareta kommunens og skattyternes tarv, men har isteden knyttet sin «lojalitet» til bestemte personer. Ved unnfalleshet og unnlåtelse av å påpeke og stanse disse personers feil har de «lojale» i virkeligheten bidradd til at feilene fikk fortsette å utvikle seg. Dette har skjedd på tross av at det er kommunen og borgerne som har det virkelige krav på lojalitet – i motsetning til de enkeltpersoner som nyter fordeler av sine posisjoner, og av at de slipper unna en berettiget kritikk og derfor kan drive videre på samme måte som før.

Botemidler

Av og til gis det inntrykk av at vi ikke har botemidler mot korrupsjons-«kulturen» og de tilknyttede tendenser. Vi skulle derfor bare la det hele gli videre – til skade for eldre og andre som trenger kommunens ytelser, og til fordel for dem som vil melke kommunen på sine medmenneskers bekostning. En slik påstand er usann.

Blant annet har det vist seg at det demokratiske prin-

sipp om adgang til *åpen debatt* har spilt en betydelig rolle. I dette perspektiv ser vi også hvilket ansvar de krefter og kretser har som har villet begrense og forhindre mulighetene for debatt. Disse har bidradd til å hindre avsløringer og til å fremme en fortsatt korrupsjons-«kultur» og lettvinthet på medmenneskers bekostning.

Den del av «kulturen» som består i å hindre debatt, har til og med våget å ta et ord som «personvern» i sin munn. «Personvernet» for de vellykkede og styrende (inklusive visse operatører bak kulissene) som ofte bare ønsker å kunne seile videre under feilaktig flagg og beholde det inntrykk at deres disposisjoner har vært uklanderlige, samtidig som de altså ikke tåler dagens lys gjennom åpen debatt og vurdering, fremstilles som det saliggjørende. Og det teller mer enn «personvernet» for dem som mister sine sykehjemsplasser eller får fordyret sine boomkostninger som følge av de feilaktige disposisjoner.

En variant er også at man løper til advokat eller bare forteller at man er «såret» eller liknende – istedenfor å la selve de politiske beslutninger eller unnlatelser bli gjenstand for skikkelig debatt og vurdering.

I tillegg til åpen debatt har vi viktige virkemidler i *rettsreglene* og *rettsapparatet* – virkemidler som enkelte har funnet det «behagelig» nærmest å glemme.

Inhabetitsreglene er sentrale – inklusive det at en person har *plikt til selv å si fra* om særlige forhold, dersom det er mulighet for at de kan gjøre ham inhabil. Videre har vi reglene om straff og annet ansvar.

Straffeloven forbyr i paragraf 112 at det loven kaller «offentlige tjenestemenn» (som inkluderer folkevalgte i tillitsverv) overhodet mottar en ytelse, dersom den er gitt for å øve innflytelse på vedkommendes opptreden i tjenesteanliggende.

Etter paragraf 275 rammes utroskap – dvs. at man

forsømmer eller handler mot f.eks. kommunens tarv, som man har påtatt seg å vareta, når forsømmelsen eller handlingen har det formål å skade eller å skaffe seg eller andre en uberettiget vinning. Også medvirkning til utroskap, f.eks. fra den private som nyter fordelene, er straffbart. Alvoret illustreres ved at straffen for grov utroskap kan gå opp til 6 års fengsel. Dette er Stortingets vedtak i lovs form – som offentlig ansatte og tillitsvalgte selvsagt ikke har lov til å overse eller neglisjere.

Viktige er også straffebestemmelsene om uriktige og mangelfulle opplysninger – både de som gis av private til det offentlige (strl. paragraf 166), og usannheter i det offentliges egne dokumenter (paragraf 120). At det angis usannhet eller legges skjul på sannheten her, er ifølge loven en ytterst alvorlig sak. Verken ansatte eller tillitsvalgte kan ha noen adgang – eller noe såkalt mandat fra velgerne – som går ut på å se gjennom fingrene med usannheter og fortielser i strid med straffeloven.

Ved siden av at det kan være et *selvstendig kriminelt forhold*, er usannheter og fortielsene *viktige indikasjoner*. De tyder på at det ligger enda mer av gale ting bak – enten direkte korrupsjon eller andre feil av vesentlig betydning. En offentlig representant har da plikt til å reagere, eventuelt med anmeldelse til politiet. Han kan ikke la være å gjøre noe fordi dette er mest «behagelig» for ham selv eller omgivelsene.

Særlig stygt er det når avsløringer og protest mot uriktige disposisjoner til samfunnets skade blir møtt med negative reaksjoner i form av *mobbing* av dem som gjør sin plikt ved å vareta interessene til det samfunn de er ansatt av. Her kommer den direkte krenkelsen av medmennesker inn i tillegg til selve korrupsjonsbeskyttelsen.

Både her og i andre forbindelser er det viktig generelt å være oppmerksom på *de teknikker som benyttes* av dem

som vil unngå belysning av sine handlemåter i offentlige stillinger eller tillitsverv. Også kjennskapet til og studiet av disse teknikker kan gi oss indikasjoner på hva som har foregått, og et grunnlag for å foreta ytterligere undersøkelser.

Om korleis politikarane legg
vilkåra til rette for at
korrupsjonen kan blomstre

SAS Service Partner – serveringsmonopol i Rådhuset mot vinflasker og privatrabatt

Ordførar Albert Nordengen grip personleg inn og opphevar eit politisk vedtak om å bytte matleverandør til Rådhuset i 1982. Slik taper kommunen fleire millionar kroner, medan SAS kunne halde fram med å håve inn ekstraprofitt. Ordføraren opererer saman med rådhusforvaltar Lise Harlem, som også tidlegare har vori hans nærmaste medarbeidar. Nordengen og fru Harlem har gjort ei rad med overtramp for å sikre leveransane til SAS. Blant dei grovaste feilgrepa er når ordføraren i bystyret 7. mars 1990 nekta for at han var kjend med at Lise Harlem let seg smørje av det private catering-firmaet.

Ein dårleg dag for Nordengen

13. februar 1990 vart ein dårleg dag for Albert Nordengen. Kvelden før hadde Dagsrevyen teke opp dei avtalane om matserving ved kommunale arrangement i Rådhuset som Oslo kommune hadde med SAS Sevice Partner A/S (tidlegare SAS Catering). Og denne tysdagen kom eit brev han likte lite. På dagens møte i Administrasjonsutvalet vart dette brevet hovudsaka.

Denne dagen skulle Administrasjonsutvalet ta stilling til eit forslag frå Rådhusforvaltar Lise Harlem om å skrive enda ein kontrakt med det firmaet. I 80-åra har dette firmaet skrivi serveringsrekningar for til saman 30 millionar kroner til Oslo Rådhus utan noka form for priskonkurranse. Før rådhusforvaltaren la fram sitt syn, hadde ho søkt hjelp hos kostbare rådgivarar. Utan å la seg hindre

av det kommunale vedtaket om at private konsulentar ikkje skulle brukast, hadde ho hyra konsulentfirmaet Horwath & Horwath. Dei var på si side ikkje i tvil om at SAS burde få fornya tillit og ny kontrakt. I pris låg tilbodet frå SAS hårfint under den næraste konkurrenten, Sara Cater Partner.

I brevet som irriterte Nordengen og som gjorde sitt til at saka no galdt meir enn eit val mellom to leverandørar, ber RVs bystyregruppe om at det blir undersøkt kva som er årsaka til at SAS Service Partner A/S har tatt ut stor ekstrasforteneste ved leveransane til Oslo Rådhus, før kommunen skriv under ny kontrakt med firmaet.

Striden om SAS-selskapet si monopolstilling hadde blussa opp nokre månader tidlegare, etter fleire års ro – i alle fall på overflata.

Ny rådhusforvaltar – meir pengar

SAS Catering kom inn i Rådhuset i 1976, men det var først tidleg på 80-talet at dette førte til indre konflikter i rådhusmiljøet. Representasjonsutgiftene tok til å auke da Lise Harlem vart tilsett som rådhusforvaltar i 1981.

Formannskapssekretæren – som hadde ansvaret for å godkjenne rekningane før utbetaling – begynte å undre seg. Han fann det merkeleg at rådhusforvaltaren i 1982 hadde brukt opp halvparten av budsjettet for trykkeutgifter før utgangen av mars det året. Ekstra merkeleg var dette ettersom det året før vart opplyst at tredoblinga av utgiftene var «et enkeltstående tilfelle p.g.a. lageroppbygging». Samtidig reiste han spørsmål om kor mange gjester som eigenleg hadde fått servering ved fem bestemte arrangement:

«Som det fremgår, er det jevnt over bestilt mat til flere gjester enn det som er forutsatt i vedtaket i formannskapet. Av garderoberegningene synes å fremgå at heller ikke

fremmøtet har vært større enn vedtaket i formannskapet forutsatte. Det anmodes om en forklaring på dette. Såvidt det kan sees har dette ikke forekommet tidligere.»

I same brevet nemner formannskapssekretæren at stillinga hans alltid har hatt tilvisingsansvaret for rådhusrepresentasjonen, «og for min del ønsker jeg ikke å utøve denne uten den med anvisningsmyndigheten forbundne kontroll. Skulle den nåværende Rådhusforvalteren ikke ønske en slik kontroll og fremdeles unnslå seg å gi de utbedte opplysninger/forklaringer, bør det vurderes i samråd med ordføreren å finne frem til anvisningsrutiner for all kommunal representasjon som man føler er lempeligere og mindre rigorøse.»

Satsa på ordføreren

Svaret på formannskapssekretæren sitt brev følger det som seinare nesten har vorti eit mønster. I staden for å svare han som spør, skriv Lise Harlem eit langt brev til ordførar Albert Nordengen. Brevet etterlet ingen tvil om at ho satsar sterkt på at ordføreren personleg vil gå god for den praksisen ho har følgd.

Ho var godt kjend med korleis han ville ha det. Før ho fekk stillinga som rådhusforvaltar, hadde ho i fem år vori den aller næraste hjelparen til Albert Nordengen. Ho var 33 år da den nyvalde Høgre-ordføreren i januar 1976 valde akkurat henne som sin personlege sekretær. Den daglege tilrettelegginga av ordførarens hektiske liv var sikkert inga lett oppgåve. Men Albert Nordengen hadde òg vist omtanke og omsorg for sekretæren sin. M.a. brukte han midlar frå representasjonskontoen sin til å betale utgiftene ho hadde til lærebøker da ho gjekk på kveldskurs for å lære økonomi.

Lise Harlem skriv at trykkeutgiftene har auka så kraftig fordi rådhusforvaltaren «i dag produserer trykte menyer

ved enhver lunsj og middag» og fordi ho no lagar «bordplaner i trykket omslag til de aller fleste arrangementer med bordplassering». Ho minner om at «ordføreren har ved flere anledninger gitt uttrykk for tilfredshet over dette, og rådhusforvalteren er av den oppfatning at menyer og bordplaner utlagt ved hver couvert bidrar til å heve kvaliteten av de kommunale festarrangementer. Rådhusforvalteren vil også i fremtiden produsere disse, med mindre ordføreren gir ordre til det motsatte.»

Ho kommenterer ikkje dei fem rekningane ho har fått spørsmål om. Derimot har ho ei allmenn forklaring på at rekningane frå SAS viser servering til fleire gjester enn det som er nemnt i formannsskapsvedtaka: «Det har gjennom flere år vært vanlig å innhente ordførerens muntlige tillatelse til å innby og traktere flere gjester enn det antall som antydes i de enkelte formannskapsvedtak – når dette viser seg nødvendig fordi deltakelsen til jubileer, kongresser o.l. har vist seg å bli større enn opprinnelig antatt.» Ho forklarer for ordføreren at «jeg forstår ikke hva formannskapssekretæren sikter til» når han hevdar at ho «'fremdeles' unnsår seg å gi opplysningene forbundet med kontroll av representasjonen». Dette forstår ho ikkje av den enkle grunn at ho «ikke på noe tidspunkt har unnsått seg å gi» slike opplysningar.

Ville tilvise egne rekningar

Hennar «løysing» på problemet er å gjere kort prosess overfor den plagsame kontrollen med pengebruken hennar: Formannskapssekretæren bør «i fremtiden ikke ivareta budsjettansvar og anvisningsmyndighet for den kommunale representasjon . . . Jeg vil derfor be ordføreren ta initiativ til å overføre disse funksjoner til Rådhusforvalteren».

Dette forslaget frå rådhusforvaltar Lise Harlem var

klart lovstridig. I den allment godtatte læreboka «Kommuneloven med kommentarer» slår Helge Hammer fast at «ingen kan revidere eller utbetale sine egne anvisninger. Dette er lovgrunnen . . . Likeså lite som en kan utbetale sine egne anvisninger, kan en anwise sine egne regninger. En administrasjonssjef kan således heller ikke anwise sine egne reiseregninger.»

Ordførar Nordengen reagerte kjapt på dette ønsket frå den tidlegare privatsekretæren sin. Han kalla saman finansrådmannen, revisjonsdirektøren, rådhusforvaltaren og formannskapssekretæren – den siste med ein halv times varsel – til møte på sitt eige hjørnekontor i Rådhuset om morgonen 1. april 1982. Her hamna Albert Nordengen i ein konfliktsituasjon som han takla dårleg. Han meinte han sjøl kunne overta det tilvisingsansvaret som Lise Harlem ønskte å få flytta vekk frå formannskapssekretæren. I så fall ville han kome i om lag same situasjon som administrasjonssjefen som «anviser sine egne reiseregninger».

Etter at han fekk roa seg og tenkt litt, ombestemte han seg og ga opp forsøket på å fritta Lise Harlem frå lovbestemt fakturakontroll. Denne «runden» gav såleis ikkje anna resultat enn at den nye rådhusforvaltaren fekk demonstrert at ho helst ville sleppe unna normal kontroll av dei forretningane ho hadde med SAS Catering.

SAS ordnar seg med ordføraren

26. april 1982 vedtok finansutvalet samrøystes «at man sier opp avtalen med SAS Catering hva angår servering av middager i forbindelse med bystyrets og eventuelt skolestyrets møter». Dei ni politikarane ga «administrasjonen fullmakt til å inngå ny avtale» med ein billegare leverandør. Grunngivinga var enkel. Ved å skifte leverandør kunne kommunen frå kr 5 400 til kr 9 500 pr. bystyremiddag, avhengig av kva som skulle serverast.

Da SAS fekk oppseiingsbrevet, reagerte dei på same måte som rådhusforvaltaren hadde gjort da ho fekk eit brev ho ikkje likte. 4. mai tok SAS direkte kontakt med Albert Nordengen. I samarbeid med rådhusforvaltar Lise Harlem sytte han for at vedtaket i finansutvalet ikkje vart sett ut i livet. SAS fekk ha serveringsmonopol heilt til utgangen av 1989.

Gav bort millionar

Det er vanskeleg å finne ut sikkert kor mange av dei 30 millionane som kunne vori spart, om ikkje paret Norden-gen-Harlem hadde unngått vanleg pris- og anbodskonkurranse. Men vi har talmateriale som viser at det handlar om store summar. Da SAS vart nøydd til å konkurrere for å prøve få Rådhus-oppdraga i 1990, gjekk dei dramatisk ned i pris. Konsulentfirmaet Horwath & Horwath påviser at SAS i 1990 berre vil krevje 1 410 000 kr for dei same leveransane som dei i 1989 fekk betalt 2 865 000 kr for. Denne halveringa av prisen gir i alle fall ein peikepinn om den ekstrasfortenesta SAS har henta ut av serveringsoppdraga i Oslo Rådhus.

Prisutviklinga for bystyremiddagane viser same tendensen. Etter den avtalen SAS hadde med rådhusforvaltar Harlem ut 1989, kunne dei krevje 41 400 kr pr. bystyremøte. Da eit anna firma fekk prøve seg i januar 1990, og kunne levere mat til 13 800 kr pr. møte, eller ein tredel av prisen i den gamle SAS-avtalen, viste det seg sanneleg at SAS var i stand til å konkurrere med den prisen òg. Rett nok var standarden og talet på middagsgjester litt redusert, men det forklarar berre ein liten del av prisreduksjonen.

Viss overpriser frå SAS Service Partner har vore om lag ein million kroner kvart år, vil det seie at dei har fått ut fleire millionar i ekstragevinst frå hausten 1982 til utgan-

gen av 1989 fordi ordførar Albert Nordengen og rådhusforvaltar Lise Harlem handla som dei gjorde. Likeeins er det klart at Nordengen alt i mai 1982 greip inn personleg for å hindre gjennomføring av eit politisk vedtak. Da det så seinare vart laga ein ny avtale med SAS, er det muleg at Lise Harlem handterte saka aleine. Men Nordengen har sjøl sagt til bystyret at rådhusforvaltaren «i disse oppgaver er direkte underlagt ordføreren».

Derfor har ordføreren det endelege ansvaret.

Gunstige privatleveransar til Rådhuset

Han har òg hovudansvaret for den mangfaldige sambuarskapen som har utvikla seg mellom rådhusforvaltaren og SAS sin representant i Rådhuset. Enno i 1990 har han – vederlagsfritt – sin personlege parkeringsplass i Rådhusgarasjen, gratis kontor og telefon i Østre Tårn og går inn og ut av Rådhuset som om han var ein av dei fast tilsette ved Lise Harlems kontor.

Og ordførar Albert Nordengen har eit eineansvar for å halde tilbake ei opplysning for eit samla bystyre og folk i Oslo om at Lise Harlem – som no er gift med finansdirektør Viggo Johannessen – let seg smøre av det private catering-firmaet.

Dette fekk Albert Nordengen greie på i eit lukka møte i Adminstrasjonsutvalget 6. mars. Denne dagen opplyste kontorsjefen hos rådhusforvaltaren at SAS Service Partner A/S gir 20-30 % rabatt på matleveransar for sine tilsette og at tilsette ved rådhusforvalteren sin etat «gjør bruk av disse ansatte-rabattene».

I bystyret dagen etter fekk ordføreren eit spørsmål frå RV om han på det tidspunktet kjende til noko tilfelle der «det har bestått eller består . . . eit korrupt eller korrupsjonsliknande forhold mellom på den eine sida noen av kommunen sine leverandørfirma og på den andre sida

ordføraren eller nokon av hans næraste medarbeidarar». Med alvor i røysta gjekk Albert Nordengen på talarstolen og svara: «Meg bekjent – det eksisterer ikke.»

Etter at denne rabattordninga for dei få og heldige rundt Lise Harlem vart kjend blant toppolitikarane i Administrasjonsutvalet, påstod rådhusforvaltaren i eit møte med ordføraren, kommunadvokaten og fleire andre at dette var ei generell rabattordning som var open for alle i Rådhuset. Men kommuneadvokaten kunne for sin del opplyse at han aldri hadde høyrte om ordninga, sjøl om han hadde hatt kontor i Rådhuset i mange år.

Ei rundspørjing til alle tilsette i Bystyrets sekretariat stadfesta det same. Enkeltvis fekk dei to spørsmål:

1. Har du nokon gong handla private matvarer frå matleverandøren til Oslo Rådhus?
2. Har du visst at det var ei ordning som gir tilsette i Rådhuset rett til å kjøpe private matvarer med 20-30 prosent rabatt?

Alle dei 27 personane som var til stades 9. mars 1990 svara nei på begge spørsmåla.

I kjølvatnet har fleire uryddige forhold vorti kjend. SAS sin representant i Rådhuset skal av og til ha delt ut opptrekte vinflasker som gåve eller «smøring» til utvalde personar etter at festlege arrangement i Rådhuset var slutt.

17. november 1989 skjedde ein slik episode som er stadfesta. Berre to dagar etter at Albert Nordengen lojalt hadde svart på spørsmål i bystyret omkring Lise Harlems brot på konsulentstoppen, kom ein av betjentane med ei heil tralle opna vinflasker til Nordengens kontor. Kontorsjefen skriv i eit notat at «vakten meddelte at han hadde fått beskjed om å sette dette fra seg hos ordføreren». Av grunnar vi ikkje kjenner, sa ordføraren nei takk, slik at vinflaskene med ordførarens samtykke enda opp som gevinstar i eit internt lotteri.

Desse avsløringane svekte SAS si stilling i kampen om den nye serveringskontrakten. Administrasjonsutvalet vedtok 13. mars 1990 å overlate matsserveringa i Rådhuset til konkurrenten, Sara Cater Partner.

Ordføraren si rolle

Ordføraren sjøl har gjort seg skyldig i så grove pliktbrott at det må få følgjer. Det står fast at han har sett til side eit lovleg fatta kommunalt vedtak slik at eit bestemt firma fekk milliongevist på kommunens kostnad. Han har tillate smøring frå dette firmaet si side, stikk i strid med det kommunale reglementet. Dagen etter at han vart orientert om Lise Harlems 20-30 prosent rabattavtale, nekta han i bystyret for at han kjende til det uakseptable forholdet som har rådd mellom SAS Service Partner og rådhusforvaltaren sitt kontor.

Ved sida av den signaleffekten det får i den kommunale bedriftsorganisasjonen at Oslos ordførar med opne augo tillet alvorlege regelbrott og vernar om tilsette som driv med snusk, har denne affæren kosta kommunen millionar. Ingen av dei som pr. 22. mars 1990 er sikta eller arrestert i korrupsjonssakene, er gjort personleg ansvarleg for kommunale tap eller meirutgifter av tilsvarande omfang.

Varaordførar med forretningspartnerar frå svindelmiljøet i Oslo

Varaordføraren i Oslo stiftar selskapet Cafe Rosted A/S og leiger lokale til ølbula Bayern Pub. Men Peter N. Myhre har ingen tilsette. Den berykta karantene-ramma konkurskongen Tom Erik Henriksen – «villmannen fra Vestby» – er ein av dei økonomiske medhjelparane. Han har ei så betrudd stilling i Bayern Pub at han hentar og kvitterer for vekeoppgjer frå puben. Det er strengt forbode for den som har fått skjenkeløyve å leige eller låne dette ut til andre. Varaordføraren gjer det likevel. Det er Restaurant- og bevillingsnemnda som skal passe på at ingen bryt alkohollova. Formannen i denne nemnda heiter Peter N. Myhre.

Denne mannen har gjort rask og strømlinjeforma karriere i Framstegspartiet sia han melde seg inn sist på 70-talet. Som noverande varaordførar i hovudstaden er han den mest framstående kommunalpolitikaren partiet hittil har fostra. Formannsverva i Bygningsrådet og i Restaurant- og bevillingsnemnda er dei viktigaste verva hans ved sida av alt som følgjer med det å vere nestkommanderande hos Albert Nordengen. Han har gått til val på kravet om «strengere og raskere reaksjoner overfor volds- og vinningsforbrytere». Han har kravd at det blir oppretta «spesielle arbeidsleirer for forbrytere» og har framheva at det bør «innføres ordninger med økonomisk ansvarlighet for forbrytere». Han forsvarer lov og orden – så lenge den gjeld andre enn han sjølv.

Selskap utan tilsette

For snart tre år sia stifta Peter N. Myhre og kona hans selskapet Cafe Rosted A/S. Til avisene har han forklart at han skulle realisere ein gutedraum om å bli krovert og «få kunnskap om hvordan det er å være næringsdrivende». Men den vesle lunsjrestauranten med fransk tilsnitt vart aldri noko meir enn ein draum.

Da den store opningsdagen kom, hadde det i staden vorti ei middels ølbule med namnet Bayern Pub. Og Peter vart ikkje krovert. Han vart ikkje eingong arbeidsgivar for dei som arbeider i puben hans. Selskapet hans har ingen tilsette. Da Tove Hermanssen – som arbeidde på Bayern Pub hausten 1989, fekk lønnsoppgåva si ei tid etter at ho slutta, oppdaga ho at ho ikkje hadde vori tilsett hos Peter N. Myhre, men i firmaet Oslo Biffrestaurant A/S.

Det var dette firmaet som hadde arbeidsgivaransvaret i puben hos varaordføraren. Og rundt det firmaet finn vi fleire frå den verste bakgardsgjengen i restaurantbransjen.

Myhres forretningspartnerar

Ein av dei økonomiske medhjelparane er sjølvaste Tom Erik Henriksen. Han har ein slags uoffisell Norges-rekord med om lag 30 konkursar eller konkursliknande avviklingar i selskapa sine gjennom dei siste tjue åra. «Resultatet» av den siste konkursen er krav på mellom 3 og 4 millionar kroner mot Henriksen. Kapital omtala han som «Villmannen fra Vestby». Han var så betrudd ein medarbeidar at han til og med henta og kvitterte ut vekeoppgjer.

Sjøl om skifteretten har dømt han til konkurskarantene, er han registrert som dagleg leiar i selskapet U.T. Partners A/S. Gjennom dette selskapet har han saman med travkusken Ulf Thoresen organisert ein omfattande hestesvindel. Saka vart omtalt i «Toto-tips» 2/1990, som har funni ut at desse to saman med velvillige medhjelparar

har svindla eit tusentals menneske for inntil ein million kroner. Dei kjøpte eit «skabbete» øk av ein travarhest for kr 50 000. Så selde dei «andelar» i dette dyret for kr 1000 pr. stk, og fekk inn 1,2 mill. kroner før heile hesten vart seld. Etter at både kjøpesummen og andre «investeringar» for kr 150 000 var dekte, var det inntil 1 million kroner igjen til fordeling mellom Henriksen, Thoresen og medhjelparane.

Det var Tor Erik Wilhelmsen som laga rekneskapen i Oslo Biffrestaurant A/S. For ein del år sia gjorde Wilhelmsen og Henriksen lønsame forretningar saman med Jon Øystein (Jonas) Wold. Sistnemnde har òg ein slags Norges-rekord og sonar for tida ein svært lang dom på Ullersmo. Dei arbeidde så tett at Wilhelmsen er ein av dei som blir omtala med diskret dekknamn i boka som «Jonas» ga ut i 1989. Då dei saman søkte om serveringsløyve for Restaurant Festus på Ryen, fekk dei denne attesten av Oslo politikammer:

«På grunn av søkernes rulleblad finner ikke politiet å kunne anbefale at Tor Wilhelmsen og Jon Øystein Wold får serveringsbevilling . . . idet politiet er av den mening at søkerne ikke har den nødvendige tillit til å inneha en slik bevilling.»

Men han som ikkje var god nok til å styre ei pølsebu for nokre år sia, er i dag god nok til å føre rekneskap for varaordføraren sin serveringsstad.

- Ingen kommentar

Det er ikkje enkelt å finne ut av hopehavet mellom varaordføraren og Oslo Biffrestaurant A/S. Peter N. Myhre har sagt nei både til å svare på spørsmål og til å gi sin versjon. Da vi kontakta han for å stille nokre enkle spørsmål, slo han kort og enkelt fast at «det er dere som har bevisbyrden». Det overraska oss at varaordføraren

heilt uoppfordra tok i bruk uttrykk frå strafferetten da vi berre skulle snakke med han om Cafe Rosted A/S.

Det er i alle fall eit faktum at Oslo Biffrestaurant A/S har stått for drifta av Bayern Pub heilt frå opningsdagen i august 1989. Peter N. Myhre har ikkje hatt noko med drifta å gjere. Oslo Biffrestaurant har ordna alt, bortsett frå å betale 1 500 kroner i husleige kvar månad.

Utleigd skjenkeløyve

Vi har fått opplyst at avtalen var slik at dei som dreiv Bayern Pub, skulle betale 25 000 kroner i leige til varaordførar Myhre kvar månad. I praksis betyr dette i så fall at han har leigd ut heile restaurantdrifta og skjenkeløyvet sitt. Sjøl om dei har sett andre namn på det i avtalen. Restaurant- og bevillingsnemnda der nettopp Myhre er formann, har til oppgåve å sørge for at det blir reagert strengt mot næringsdrivande som bryt alkohollova – f.eks. ved å leige eller låne ut skjenkeløyvet sitt til andre. Thon-bedrifta Hotell Bristol fekk ei skarp åtvaring for eit par år sia fordi dei leigde ut løyvet til han som dreiv nattklubben Back-Stage, om ikkje i ord, så i praksis.

Saman med politiet skal bevillingsnemnda også slå ned på dei som skjenker alkohol til mindreårige. I februar 1990 mottok Oslo politikammer ei godt underbygd melding mot fleire restaurantar der det i følgje svært mange vitne vart selt alkohol til altfor unge kundar. Vi veit ikkje kor høgt politiet har prioritert etterforskinga mot varaordføraren i denne saka.

Peter N. Myhre ville selje Bayern Pub på slutten av 1989. Tove Hermanssen – som den gongen trudde ho var tilsett hos Peter N. Myhre – fekk tilbod om å kjøpe puben. Myhre sa han kunne hjelpe til med å ordne eit lån på 250 000 kroner til henne. Mens dei drøfta vilkåra for overtaking, tok Myhre ein telefon til Fokus Bank og bad

om eit lån på den summen. Han sa frå at låntakaren i tilfelle vart Tove Hermanssen, som skulle kjøpe puben. Han ba om at banken måtte vise diskresjon, for som han sa: «Eg har ikkje lov til å selje fordi 'leigecontrakta ikkje er transportabel'.»

Ved sida av kjøpesummen skulle Tove Hermanssen betale kr 25 000 i leige kvar månad til Myhre-selskapet Cafe Rosted A/S. Dei 250 000 kronene skulle dekke etableringskostnadene til Myhre.

Dobbel – eller trippelfakturering?

Da det ikkje vart nokon avtale med Tove Hermanssen, gav Myhre salsoppdraget til forretningsføraren i Oslo Biffrestaurant, Tom Erik Henriksen. Han gjorde eit nytt forsøk på å få Tove Hermanssen til å ta over. Han skulle ordne lån til henne på dagen, viss ho godtok prisen og dei andre vilkåra dei sette opp. Tom Henriksen sa han berre kunne ta ein telefon til ein tilsett i Fokus Bank i Vika, så skulle lånet vere i orden. Tove Hermanssen kunne ikkje godta vilkåra, sa nei – og fekk sparken frå Bayern Pub.

Tom Erik Henriksen prøvde så å selje til andre restauratarar i Oslo. Fleire av desse har stadfesta at dei fekk tilbod om å kjøpe Bayern Pub for 250 000 kroner ved sida av at dei skulle betale 25 000 kroner i månaden til Myhreselskapet Cafe Rosted A/S. Til Hermanssen og dei andre som fekk tilbod om kjøp vart det sagt at dei 250 000 kronene skulle dekke dei utgiftene Oslo Biffrestaurant A/S hadde hatt til inventarinnkjøp.

Det verkar rart at Oslo Biffrestaurant har hatt slike utgifter. I årsmeldinga for 1988 frå Cafe Rosted A/S står det at dette selskapet eig «innredninger» for kr 200 000, at «høsten 1988 er gått med til istandsetting av lokalene i Rosteds gate 7» og at «ved utgangen av 1988 var lokalene

ferdig oppusset». Trass i at «avtrekk, strøm og sanitærin-
stallasjonar var ferdigstilt» er ikkje *utgiftene* til oppus-
singa bokført. Det finst heller ikkje innkomne rekningar
som ikkje er bokført, for revisoren skriv 25. juni 1989 at
årsrekneskapen og årsmeldinga gir «riktig uttrykk for
selskapets årsresultat og stilling». Kanskje var handverka-
rane så snille at dei gjekk med på å utsetje betalinga til
etter puben kom i drift. Kanskje fekk dei avtale om
betaling i form av framtidige pub-besøk.

Til Klassekampen seier Peter N. Myhre 26. januar 1990
at *han* har kosta 450 000 kroner på A/S Cafe Rosted og
Bayern Pub. Viss dette er riktig, må han ha brukt fleire
hundre tusen kroner til dette formålet etter at «lokalene
var ferdig oppusset» og etter at alle slags installasjonar var
ferdigstilt. Det er i dag vanskeleg å sjå spor etter slike
svære investeringar innimellom dei 7-8 respatex-borda på
puben. Summen av dei faktiske investeringane ligg neppe
særleg over kr 100 000.

«En ren forglemmelse»

Peter N. Myhre er eit glimrande døme på kva for moral
og etiske normer denne delen av borgarskapet er berarar
av. Dei går med opne augo inn i ein type næringsdrift og
miljø som er ei herleg samanblanding av private kapitalis-
tar og sentrale politikarar. Her er det mange gråsoner der
det er vanskeleg å få både innsyn og oversyn.

At puben vart opna utan ferdigattest frå Byggningskon-
trollen «var en ren forglemmelse», sa bygningsrådsfor-
mann Peter N. Myhre til Aftenposten. «Jeg sendte inn alle
nødvendige dokumenter, men glemte å gi bygningskon-
trollen beskjed om at byggearbeidene var ferdige.» Heller
ikkje dette er sant. Om han hadde prøvd, ville han ikkje
fått ferdigattest til opningsdagen, bl.a. fordi dei elektriske
arbeida ikkje var ferdige. Fem månader etter opninga

hadde han enno ikkje sendt meldinga som lysverket skulle ha, fordi el-anlegget framleis ikkje var i orden.

Peter N. Myhre veit etter kva han seier ingenting om dei han samarbeider med. Han veit heller ikkje at han samarbeider med dei, om vi skal tru det han sjøl seier. Og han tar ikkje på seg ansvaret for at dei tilsette på Bayern Pub har skjenka alkohol til mindreårige.

– Dette minner meir om ein aksjon sett i verk av grupper som vil meg til livs, seier varaordføraren som i romjula reiste på bunkringstur til Sverige langs gamle smuglarruter. Den gongen var han uheldig og vart straffa. Tollarane forstod ikkje dette med at grensa var så dårleg merka.

Både bygningssjef Ivar Høivik og sjefen ved restaurant- og bevillingskontoret, Harry Slind, er meir romslege.

Byrådsleiar Tetzschner og ansvaret for billegsal av tomter i Oslo

Våren og sommaren 1989 sel Oslo kommune ut 52 flotte bustadtomter til spottpris. Kjøparane er ei lita gruppe spekulantar som held til i eit lugubert forretningsmiljø i Rosenkrantzgate 11 i hovudstaden. Dei rekk å selje vidare nokre av dei såkalla erstatningstomtene med kjempegevinst, før skandalen blir kjend. Byrådsleiar Tetzschner gir urette opplysningar for å sleppe unna ansvaret.

Tusenkronersspørsmålet

Korleis kunne det ha seg at kommunalt tomtosal er så dårleg organisert at slik svindel er muleg?

Byrådsleiar Michael Tetzschner har gitt sitt svar. For han ligg ansvaret heilt og fullt på Johan Frid, som frå januar 1989 var gitt ordre til å fungere som direktør for eiendomsetaten: «Når det gjelder tidligere eiendomssjefs salg av kommunale tomter, kjent som erstatningstomter, sommeren 1989, har denne salgsvirksomheten vært helt ukjent for byrådet og etter innhentede opplysninger også for finansdirektøren, byutviklingsdirektøren og til og med de ansatte i eiendomsetaten,» sa han til bystyret 24. januar 1990. Og han la til at «det innenfor ethvert styringssystem er umulig å gardere seg helt mot administrasjonsjefer som går ut over sine fullmakter eller ikke oppfyller sin opplysningsplikt overfor overordnet myndighet».

I denne saka har Tetzschners byråd oppnemnt det dei meiner er eit uhilda granskingsutval under leiing av lagdommar Gunvald Gussgard. Utvalet trekker nøyaktig

same konklusjon som Tetzschner sjøl gjorde i bystyret, det er berre i setningsoppbygginga at granskingsutvalet skil seg frå byrådsleiaren. «Kjennskap til tomtesalgene fikk byutviklingsdirektøren og finansdirektøren ikke før i september 1989, etter at kommunen hadde mottatt en henvendelse om saken utenfra. På dette tidspunktet var tomtene solgt,» skriv Gussgard-utvalet som ikkje finn noko klanderverdig hos nokon av Johan Frid sine overordna. Byutviklingsdirektør Thorleif Haug har opplyst til VG at det var bestemt at eigedomsetaten skulle lage «en innstilling til byrådet, som måtte ta den endelige avgjørelsen» om dei såkalla erstatningstomtene skulle seljast eller ikkje.

Salskampanje i nedgangstider

For å vurdere denne saka er det først nødvendig å sjå litt på heile den kommunale tomtesalspolitikken – korleis situasjonen var i januar 1989 da Johan Frid fekk ordre frå finansdirektøren sin stab på Rådhuset om å overta styringa av eiendomsetaten. Dernest må vi vurdere dei dokumenterte fakta i saka om erstatningstomtene.

I eit arbeidsnotat til byrådet i november 1988 forklarar finansdirektøren at situasjonen er alvorleg. Utover hausten har dei merka «en faretruende økning i misligholdte kontrakter og da i første rekke i form av manglende innbetaling av kjøpesum». På dei siste annonsane om næringstomter «har det meldt seg svært få interessenter om noen i det hele tatt. Til ei attraktiv tomt på Haugensstua meldte det seg ingen interessenter.» Det er så ille at eigedomsmeklarar har kravd «forhåndsbetaling av deler av honoraret» for i det heile å ta salsoppdrag for kommunen.

Finansdirektøren legg fram ein salsprognose for 1989, men strekar under at «ved en ytterligere forverring av

eiendomsmarkedet kan selv meget attraktive eiendommer bli tungt omsettelige». Det er kanskje dette siste som har ramma salet av Sjømannsskolen. I november 1988 skreiv finansdirektøren nemleg at denne eignedomen «forventes å kunne gi en salgsinntekt på ca. 50 – 60 mill. kr». Mindre enn eit år seinare engasjerte som kjent byrådet seg sterkt for at kommunen skulle selje til Handelsakademiet for kr 35 mill.

Den kraftige svikten i marknaden var ikkje til hinder for at byrådet sette i gang ein regelrett kampanje for det dei kalla «forsert eiendomssalg». I ein instruks som midt i februar 1989 vart send bl.a. til eigedomsetaten skriv byutviklingsdirektøren at det er «av stor viktighet at salget nå virkelig forseres. Byrådet har anmodet om at de eiendommene som er klarert for salg snarest mulig averteres og at salgsarbeidet i etatene gis høyeste prioritet. Hvis ikke etatenes egen kapasitet vil være tilstrekkelig, må som tidligere avtalt eiendomsmeglere benyttes.» Etatane fekk tre vekers frist for å gi tilbakemelding til Rådhuset «om fremdriften i salgsarbeidet». Det er stadig møte av ulike slag der kampanjestemninga nærmast blir piska opp.

I mars 1989 innkalla finansdirektøren to gonger til etatsjefsmøte om korleis ein skulle få fart på eignedoms-salet. I innkallinga til det siste av desse møta blir det enda ein gong gjentatt at «eiendomssalg er den høyest prioriterte oppgaven for etatene fremover». Så blir det understreka at det som er aller høgast prioritert er dei eignedomane som «både representerer det høyeste inntekspotensialet og som samtidig vil kunne gi inntekt i 1989. Denne prioritering gjelder alle aktuelle eiendommer enten de står på listene for forsert eiendomssalg eller ikke. Her må man bare bruke sunn fornuft».

Slik var stemninga. Mens eignedomsmarknaden ramla saman og det var kjøpars marknad på alle kantar, pressa

Høgre-byrådet på for å auke det kommunale salstempoet. Og det var berre den «sunne fornuften» som sette grenser for kva slags tomter som skulle seljast.

Erstatningstomtene

Eigedomsdirektøren som fekk i oppgåve å styre ei arbeidsgruppe for forsert eigedomssal, fekk vide fullmakter. Han skulle mellom anna sørge for at byplankontoret også prioriterte arbeidet med dei eigedomane som skulle seljast.

Dei såkalla erstatningstomtene dukka fort opp i denne arbeidsgruppa. Det er gode bustadtomter som kommunen har haldi i reserve for å kunne tilby i bytte til dei som må flytte f.eks. på grunn av kommunale utbyggingsprosjekt.

Det er ikkje stor grunn til å tvile på at det var økonomisk uklokt å forsere salet av desse tomtene i 1989. Det er heller ikkje tvil om at den vesle kjøpargruppa rundt Larssens Eiendomsbyrå i Rosenkrantzgate II både har svindla Oslo kommune og har gjort det på ein så plump måte at dei burde ha vorti avslørt nokså raskt. Men spørsmålet no er kven som har ansvaret for dei feila som vart gjort.

Dei harde fakta

Dei dokumenta vi har gått gjennom, viser at både Michael Tetzschner og daverande byutviklingsdirektør Thorleif Haug har gitt ei urett framstilling som Gussgardutvalet seinare har gjort seg til «uhilda» garantist for. Vi vil grunngi dette ut frå tre forhold.

1. Det er ikkje lagt fram dokument som tyder på at det var bestemt nokon stad at byrådet skulle avgjere salet av erstatningstomtene, slik Thorleif Haug hevdar.

Tvert om: 15. mars 1989 vedtok ei tverretatleg gruppe for «forsert eiendomssalg» at «de reguleringsmessige forhold for erstatningstomtene bringes på det rene. Så vil eiendomsetaten plukke ut tomter som kan selges. Salgene kan eventuelt skje gjennom megler.» 6. april 1989 heiter det i protokollen frå gruppa at erstatningstomtene skal settast bort til meklar, eventuelt kan sal «fordeles på flere» meklarar, med unnatak av dei tomtene som Byplankontoret og Boligetaten meiner kommunen ikkje bør selje. Johan Frid seier sjøl at dei reguleringsmessige sidene vart klarert med Byplan sin representant i gruppa og at sal også vart klarert med Boligetaten.

Også byrådet sin sentraladministrasjon meinte at Johan Frid hadde fullmakt til å selje desse tomtene. I eit rundskriv datert 26. juli 1989 skriv byrådets sentraladministrasjon om sitt syn på kven som har rett til å selje ubebygde kommunale eigedomar under 1 million kroner: «Eiendomssaker under 1 million kroner kan avgjøres av finansdirektøren og av eiendomsetaten dersom salget har vært foreslått av eiendomsmeidler». Erstatningstomtene er praktisk talt dei einaste ubebygde eigedomane som eiendomsetaten rår over.

Dersom ein tømmer arkiva over innkomen post i eiendomsetaten i denne tida, er det tvilsamt at nokon finn skriftlege dokument eller vedtak på at det var byrådet som skulle selje desse tomtene – ganske enkelt fordi slike dokument eller brev ikkje eksisterer.

Etter at tomtesvindelen vart kjend i Rådhuset, vart det sendt brev frå sentraladministrasjonen til eigedomssjefen med spørsmål om når innstilling til formannskapet i saka om erstatningstomtene blir ferdige. Det kan bety at byrådet sin sentraladministrasjon ikkje visste kva dei tidlegare hadde meint – eller at dei på ein plump måte prøvde å fri seg frå medansvar for tomteskandalen.

2. 29. mars 1989 gav finansdirektøren eigedomsdirektøren fullmakt til å avgjere både pris og andre salsvilkår for eigedomar som er verdt inntil 1 million kroner. Denne fullmakta vart kunngjord internt i eigedomsetaten og var også velkjend i sentraladministrasjonen.

Erfarne folk i sentraladministrasjonen, t.d. Karin Mejnich og Nils Harnæss, som sjøl har vore tilsett eigedoms- og boligetaten, måtte skjønne at det faktisk berre var erstatningstomtene som kunne seljast ved hjelp av denne fullmakta. Eigedomsetaten rådde ikkje over andre småtomter.

3. Byrådet vart i mai 1989 gjort skriftleg kjent med at sal av erstatningstomter var i gang. 12. mai 1989 har byrådet postjournalført eit brev som opplyser at ein del av «de ledige tomtene som Oslo kommune eier i området rundt Korsvoll skole . . . er i ferd med å bli solgt til private på det åpne marked». Dette er nokre av dei beste og finaste erstatningstomtene som kommunen eigde. Dersom byrådet hadde vore påpasseleg og tatt varselet på alvor, hadde det ikkje vorti noko av den store tomteskandalen i fjor.

Viss vi legg hovudvekta på kor mykje pengar kommunen har tapt på det forserte tomtesalet i 1989, er det klart at tapet på grunn av Larssen-svindelen med erstatningstomtene blir småsummar dersom vi samanliknar med kva kommunen tapte da t.d. Sjømannsskolen vart seld. Men saka er viktig fordi ein feilaktig eigedomspolitik og andre kommunale feil har lagt vegen open for ei lita gruppe som har erfaring med eigedomstransaksjonar i lovens grenseland. Det er derfor ikkje så rart at byutviklingsdirektør Haug og byrådsleiar Tetzschner måtte gi uriktige opplysningar for å sleppe fri frå sitt eige ansvar.

Kampen mot uavhengig gransking av korrupsjonen i Oslo

Dei store korrupsjonsavsløringane i Oslo plagar kommunepolitikarane og rådhusbyråkratane mykje. Spesielt det siste halve året har vore vanskeleg fordi store borgarlege media som Arbeiderbladet, Verdens Gang, Dagbladet, Dagsrevyen og Dagsnytt – i tillegg til Klassekampen – har begynt å interessere seg for korrupsjonssakene. Kommunetoppene er no redde for å miste makta, legaliteten og autoriteten ute hos folk. Næringslivsfolk, predikantar og andre gode «samfunnsstøtter» er livredde for å bli med i dragsuget. Derfor har det vore om å gjere for mange parti å hindre at utanforståande skal kome inn og granske kva som faktisk har skjedd. Ein av dei som er aller mest «bekymra for kommunens anseelse utad», er direktør Per Eggum Mauseth, tidlegare kommunalråd for Sosialistisk Venstreparti. I staden ønskjer Oslo-politikarane å granske seg sjølve, gjennom ei rad med ulike kommunale «utval».

Mange visste – ingen ville vite

Hans Svelland si samrøre med store entreprenørar og pengefolk som samstundes gjorde forretningar med Oslo kommune, har vori godt kjend av dei aller fleste i Rådhuset og i dei finansmiljøa der Svelland har vori og bedt om pengar. Mange har gjennom åra vori involvert på ein eller annan måte i Svelland sitt spel. Anten har dei vori med på å velje han til varaordførar eller byrådsleiar. Eller så har dei skrivi rosande brev til han, eller dei har

«investert» i han på anna vis. Derfor har det heilt til det siste vori heilt uråd å få nokon av desse med på så mykje som å tenkje på ei uhilda gransking av privatmannen og politikaren Hans Svelland. Vi trur òg at den etterforskinga som Oslo Politikammer no har sett i verk mot den gamle byrådsleiaren, vil bli svært komplisert, fordi så mange mektige personar er nøyddde til å bli undersøkt.

Det er ikkje berre Svelland-saka som plagar kommunetoppene. Lista med pinlege saker der kommunale toppbyråkratar og politikarar har vori innblanda, er lang. Det er derfor mange gode grunnar til at ikkje utanforståande skal få sleppe inn i Rådhus-arkiva for å undersøke kva som har skjedd dei siste par tiåra. Vi skal her berre kort repetere nokre saker frå det siste året.

Den første saka er det store salet av «erstatningstomter». Ei handfull spekulantar fekk kjøpe dei verdifulle tomtene til spottpris og rakk å selje ein del av tomtene vidare med stor gevinst før saka blei rulla opp. 12. mai 1989 fekk byrådet vite om tomtesalet gjennom eit brev frå innbuarar i Korsvoll/Nordberg-området. Dersom Michael Tetzschner & Co. hadde reagert då, hadde det vore muleg å stoppe heile salet.

Ei anna sak var då representantar for kommunen vart bedne på eit møte i politihuset på Grønland 3. juni 1989. Der vart dei informert om at eit privat firma hadde lurt ut verdiar frå Oslo kommune gjennom eit samarbeid med blant andre ein tilsett i Boligetaten. Som betaling for samarbeidet fekk den kommunale seksjonssjefen tur til spelebyen Las Vegas i USA og andre ytingar for til saman minst ein halv million kroner. Byrådet gjorde ikkje noko med saka før Arbeiderbladet tok til å skrive om ho i slutten av september 1989.

Heller ikkje SVs gruppeleiar Per Eggum Mauseth, som no er direktør for Norske Boligbyggelags Landsforbund,

gjorde noko før saka kom på prent, trass i at han var godt kjend med kva som hadde skjedd. «Opplysningene om uregelmessigheter i Oslo kommune som Arbeiderbladet avslører er kjent av meg gjennom administrasjonsutvalget,» seier Mauseth til Arbeiderbladet 27.9.1989.

Men noka upartisk gransking av korrupsjonen er han ikkje stemt for. Til Arbeiderbladet uttalar han at han vil be kommunerevisjonen sjå på rekneskapen til Boligetaten, og at formannskapet så må få saka til handsaming. «Vi er nødt til å gå fram slik fordi vi kort og godt må få konstatert om Oslo kommune er til å stole på,» konkluderer han i avisintervjuet.

Seinare sa han til Verdens Gang at han «stiller seg tvilende til at et utvalg utenfor kommunen er rette vei å gå» (VG 25.10.1989). Den gongen meinte han at «alle kort må på bordet innen midten av desember».

Den tredje saka som kom til å sette grå hår i hovudet på kommunepampane, var opplysningane i Dagsrevyen i oktober 1989 om at Vedlikeholdsetaten hadde installert kjeleanlegg ved fleire kommunale institusjonar, som det slett ikkje var bruk for.

Ein sentral person i desse sakene er Thorolf Johannessen, ein pensjonert vedlikehaldsingeniør som har og har hatt fleire verv i Arbeidarpartiet og i Kommuneforbundet.

21. mars 1990 skjedde det som ein del politikarar frykta aller mest: Thorolf Johannessen tilstod og gav namna på fleire politikarar til politiet.

Ein del av dei sakene som kom fram, stamma frå den tida Bjørn Jacobsen var direktør for Vedlikeholdsetaten. Jacobsen er i dag tilsett som direktør for Høgre-byrådet sitt kontor på Rådhuset.

Den fjerde store saka dukka opp på Ullevål sjukehus, der det vart avdekt utbetaling av store summar til arbeid

som aldri har vori utførd. Tidlegare hadde finansdirektøren fått eit anonymt tipsbrev om kva som hadde gått føre seg av snusk på det store sjukehuset.

Nye utval i tur og orden

Same dag fann finansdirektør Viggo Johannessen ut at her måtte det gjerast noko. Den 23. oktober 1989 vart det første utvalet - det såkalla Backer-utvalet – sett til å granske «kontrolloppleggene knyttet til rutineene for bestilling og gjennomføring av arbeider med vekt på å få avdekket hvordan disse rutineene faktisk har vært praktisert». Medlemmene i utvalet var handplukka personar som Viggo Johannessen hadde henta frå sin eige sentraladministrasjon, byggeetaten og vassverket.

Dagen etter fekk Administrasjonsutvalet eit brev frå RV si bystyregruppe som kravde oppretting av eit granskingsutval av personar som står utafør dei kommunale leiingsmiljøa i Oslo. I Administrasjonsutvalet sit politikarar frå FrP, H og AP. Dei brukte ikkje lange tida på å finne ut kva dei skulle gjere medbrevet. I protokollen fra møtet står det enkelt og greitt av brevet vart «sendt til arkiv».

Det fører altfor langt å rekne opp alle dei korrupsjons-sakene og -påstandane, innbrota og dei ulike utspela som kom på rad og rekke i fjor haust. Men Nordengen, Tetzschner, Gerhardsen og Mauseth skjøna etter kvart at det ikkje lenger gjekk å legge lokk på Oslo-korrupsjonen utan at noko meir vart gjort. Korkje ærlege tilsette, avisene, TV, radio eller Raud Valallianse slo seg til tols med finansdirektøren sitt «granskingsutval».

I tur og orden vart det oppretta nye «utval» som skulle granske påstandane. Slik vart Formannskapetets tilsynsutval (også kalla Lyng-utvalet, etter leiaren John Lyng) og Gussgard-utvalet (leia av lagdomar Gunvald Gussgard) til i november/desember i fjor.

Det var ikkje plass for RV i Lyng-utvalet – ein av Arild Siggestrøm sine vener, Ivar Christiansen frå AP, fekk plass i staden. Pussig var det òg at Byrådet sjøl handplukka medlemmene i det «uavhengige» Gussgard-utvalet. Blant dei «uavhengige» var advokaten Helge Jakob Kolrud, forfattaren av kapitlet om Svelland sin habilitet i den såkalla Lødrup-rapporten. I dette avsnittet konkluderte han med at Svelland ikkje var inhabil da T-banesaka verserte i Oslo kommune. Både Christiansen og Kolrud trekte seg frå utvala sine etter kort tid.

Til Willoch for å få hjelp

Same kveld som Oslo bystyre i desember 1989 godkjende 1990-budsjettet, kringkasta Dagsrevyen eit innslag om at blikkenslagar Arild Siggestrøm spela ei sentral rolle då reguleringsplanen for Ekeberg tunnelen vart endra, slik at verkstaden hans i Saxegaardsgate 11 fikk stå i fred. Endringa førte til at tunnelen blir 30 millionar kroner dyrare enn det kommunen hadde rekna med.

Innslaget skapte nærast unntakstilstand i Rådhuset. Michael Tetzschner skjøna kor det bar. Midt i bystyremøtet skreiv han eit brev til ordføraren der han foreslo at «formannskapet blir konsultert om sitt syn» på saka og at dersom «formannskapet ikke har innvendinger, bør ordføreren og byrådslederen, evt. andre partiers gruppeledere be om et møte med fylkesmannen for å drøfte hensiktsmessig håndtering av politikerhabiliteten».

Tetzschner sitt brev førte til at ein grå og sliten Nordengen – etter å ha site heile dagen i budsjettmøte - innkalla til ekstraordinært formannsskapsmøte klokka 22.45 den 13. desember. Formannskapet bestemte etterkvart å be om eit møte med den nye fylkesmannen, Kåre Willoch. Møtedag: 19. desember 1989.

Den dagen hadde ordføraren, byrådsleiaren og gruppe-

leiarane eit formøte på ordføraren sitt møterom. Der vart det hard diskusjon mellom kommunepolitikarane om kva som skulle vere tema på møtet med fylkesmannen. Raud Valallianse gjorde det klart at dei ville be Willoch om ein uavhengig granskingskommisjon som skulle arbeide etter Justisdepartementet sine reglar. Per Eggum Mauseth avviste RV sitt krav. Han meinte det viktigaste måtte vere å kome raskt til botnar i materien, og at han for sin del ville vere godt nøgd dersom fylkesmannen oppnemnde ein person - t.d. ein dommar - til å sjå på sakene. Albert Nordengen hissa seg opp då han skulle forklare kvifor han var imot uavhengig gransking. Uavhengig gransking var kanskje høveleg i landssviksaker etter krigen, men ikkje i Oslo i moderne tid, påstod ordføraren.

Ordføraren, byrådsleiaren og gruppeleiarane vart ikkje einige før dei gjekk til fylkesmannen.

Da Willoch la fram sitt syn på saka, såg han på skrå over bordet på Albert Nordengen og understreka at både politiske personar og organ måtte granskast. Ut frå dette trekte han ein «konklusjon som ligger meget nær RVs forslag». Willoch presiserte at det overordna var å få til ei forsvarleg og grundig gransking, og at dette var viktigare enn å bli raskt ferdig. Seinare ba Willoch juss-professor Eivind Smith, førsteamanuensis Hilde Bojer og tidlegare fylkesmann Kåre Ellingsgård danne det som seinare er blitt kalla Smith-utvalet.

Førebels: til orientering

Etter tre månader med massive korrupsjonsavsløringar mista dermed kommunetoppene monopolet på å granske seg sjølve. Men Smith-utvalet eller andre utafør toppsjiktet i kommunen får ikkje noko gratis av Oslo-politikarane.

Eit lite døme fekk vi då RV i februar 1990 ba byrådsleiaren om ei rekke dokument om det store salet av erstat-

ningstomter våren og sommaren 1989. Etter ein måned fekk RV til svar at dokumenta ikkje kunne utleverast fordi eigedomsbyrået som selde tomtene er under politietterforsking. Men, heiter det i svarbrevet som er datert 19. mars 1990, «finansdirektøren har i stedet funnet det riktigare å sende kopier av dokumentene til Gussgardutvalget og Lyngutvalget til orientering.» Det uavhengige Smith-utvalet står tydelegvis ikkje på postlista til finansdirektøren.

Firarbanden sitt tiår

I 80-åra veks firarbanden fram. Dei set i gang og gjennomfører store utbyggings- og vegprosjekt, t.d. Grønland-Vaterland, Fjellinjen og Henrik Ibsen-ringene. Dei innfører eit heilt nytt og udemokratisk styringssystem i hovudstaden som mellom anna skulle føre til store ombyggingar av Rådhuset. Prisen for politikken deira er høg. Sjøl om dei tek fleire hundre millionar frå eldreomsorgsbudsjetta, er dei nøydde til å «overtrekke» kommunekontoen. Ved utgangen av tiåret er det oppsamla underskotet i kommunerekneskapen på om lag 2,5 milliard (!) kroner.

Ved inngangen til 90-åra sit to av dei fire i høgtlønte direktørjobbar, som mange vil meine dei har fått som «takk» for den politiske innsatsen. Ein klamrar seg til makta i Tetzschners byråd, mens den fjerde – sjølv hovudmannen - omsider blir avsett frå alle politiske maktposisjonar. Han satsar på at blikkenslagarar og andre venlege sponsorar skal hjelpe han med å finne ein levemåte som «rådgivar».

Vegen til makta

Ved utgangen av 1970-talet hadde firarbanden langt på veg etablert seg. Læraren Sigurd Østen (H), småbarnspedagogen Tove Heggen Larsen (A), den halvlærte jusstudenten Hans Svelland (H) og Arne Kvalheim (A) med universitetsutdanning frå USA hadde langt på veg funni både kvarandre og dei riktige maktposisjonane. Dei to frå Arbeidarpartiet var nye i bystyret, mens høgrefolka var

veteranar som hadde gått gradene i Rådhuset. Hans Svelland hadde 12 bystyreår bak seg og Sigurd Østen hadde vori folkevald i 16 år. Han er den eldste av dei; 32 år gammal fekk han fast plass i bystyret. Dei andre var yngre da dei debuterte som folkevalde i hovudstaden.

Den aller yngste, Tove Heggen Larsen, gjorde reine kometkarrieren. Som 27 år gammal småbarnspedagog og barnehagestyrar kom ho inn i bystyret i 1976 og fekk først berre tildelt ein plass i skolestyret og eit par mindre varaplassoppgåver. Året etter vart ho faglegpolitisk sekretær i Oslo Arbeidarparti og før den første bystyreperioden var slutt, hadde ho klatra så nær toppen som det var muleg å kome. Ho hadde vorti kommunalråd, medlem av finansutvalet og leiar for Personal- og lønsutvalet i Oslo. Sjøl om Oslo no var Høgrestyrd, hadde Arbeidarpartiet fått plassert ein av sine som leiar for dette utvalet som representerte kommunen i alle større løns- og tarifforhandlingar med fagforeningane. Denne utsette og krevjande oppgåva ga partiet til den unge, men lovande Tove Heggen Larsen.

53 kommunepolitiske verv

Ved slutten av 1979 sat dei fire med 53 ulike kommunalpolitiske verv. Vi finn dei i posisjonar som gir oversyn over den overordna og langsiktige politiske styringa. Alle utanom Arne Kvalheim er medlemmer i finansutvalet, som var bystyret og formannskapet sitt arbeidsutval, nærmast den daglege leiinga for «konsern Oslo». Dei same tre sit i ressursutvalet som skulle «koordinere og lede avdelingsutvalgenes arbeid med kommunens økonomiske langtidsplanlegging» og ha ansvaret for den økonomiske delen av kommuneplanen. I kommuneplanutvalet finn vi alle fire, forebels på varaplass.

I det nye bystyret som kom saman i januar 1980, hadde

dei omgruppert seg litt. Dei tre «tyngste» er med i både bystyre, formannskap og finansutval. Dei same tre er også med i det nyoppretta planutvalet, som «leder kommunens langtidsplanlegging, herunder kommuneplanleggingen». Alle forslag til langtidsplaner frå alle andre kommunale organ skulle innom i dette planutvalet før dei vart send til formannskapet. Hans Svelland er den naturlege leiaren for planutvalet. Samtidig har han kapasitet til å vere leiar for organisasjonsutvalet som skal «arbeide med effektiviserings- og utviklingstiltak i den kommunale forvaltning».

Fordelinga dei tre imellom er slik at Sigurd Østen er kommunalråd med ansvar for utbyggingsaker, Tove Heggen Larsen er kommunalråd for samferdsel og Hans Svelland altså planleggingskommunalråd.

Sigurd Østen er formann i styringsgruppa for Holmenkoll-utbygginga og i den langt viktigare styringsgruppa for utbygginga av Holmlia, Bjørndal og Rudene. I det siste vervet har han Michael Tetzschner som varamann. Østen er òg formann i næringsutvalet og i styret for Oslo Næringssselskap, der Arne Kvalheim har fast plass begge stader. Dei to har same rollefordeling i Bygningsrådet: Sigurd Østen er formann og kommunalrådssekretær Arne Kvalheim er medlem.

Da den politiske styringsgruppa for Grønland-Vaterland vart oppretta i 1984, tok firarbanden full kontroll. Sigurd Østen vart formann, med Tove Heggen Larsen som medlem. Tredjemann var Pål Atle Skjervengen frå Fremskrittspartiet, ein støttespelar som sa ja til det aller meste da dei tunge vedtaka vart gjort om milliardprosjekta på Grønland og Vaterland.

Dei fire har stort sett berre «tunge» verv i 1980. Men det finst unnatak. Hans Svelland ba om å få halde fram i hovudforstandarskapen for Sparebanken Oslo Akershus,

ein bank som var ein viktig støttespelar i strevet hans for å halde det nokså gjestefrie hotellet hans på Ustaoset unna konkurs og liknande farar.

Knoll og Tott

No var makta i all hovudsak erobra. Seinare vart det litt flytting att og fram mellom viktige verv. Viss det dukka opp nye og viktige komitear, vart ein eller fleire av dei fire med. Da Arbeidarpartiet og Høgre – eller kanskje berre firarbanden? – hadde bestemt seg for at det skulle lagast nytt styringssystem i Oslo, tok Arne Kvalheim og Hans Svelland den jobben. Albert Nordengen som var motstandar av byrådsordninga, fekk lov å vere formann i forvaltningskomiteen, men han vart aldri meir enn ein småfrustrert seremonimeister.

Daverande stadsfysikus Fredrik Mellbye trefte spikaren på hovudet da han i februar 1985 deltok på eit hotellseminar i Horten om det nye styringssystemet som skulle innførast. «Alle» nøkkelpersonane var der. Finansdirektør Viggo Johannessen hadde ønskt alle velkomen til utfordrande oppgåver. Kommunalråd Arne Kvalheim og varaordførar Hans Svelland heldt kvar si innleiing før den høgtidsstemte forsamlinga fekk lov å stille spørsmål. Da ba Fredrik Mellbye om ordet. Med blid stemme stilte han spørsmål som rippa opp i ein del av dei verkelege og uløyste styringsproblema som Oslo hadde å stri med. Han gjorde eit poeng av den store semja mellom Kvalheim og Svelland, pirka forsiktig i problemstillingar dei to hadde gått utanom, og sa med eit avsluttande smil: «Jeg pleier å kalle dem for Knoll og Tott jeg.»

Ingen reell opposisjon

Etter kommunevalet i 1983 tok Sigurd Østen plass i styret for Oslo Byfornyelse og i 1984 flytta over frå formanns-

verv i Bygningsrådet til same verv i Boligutvalget. Han fortsette som formann i Oslo Næringssselskap, som hadde ansvaret for bygginga av Galleri Oslo. Tove Heggen Larsen tok no vervet som leiar i Bygningsrådet og i Nærings- og sysselsettingsstyret. Ho hadde også styreverv i Oslo Næringssselskap, i Oslo Byhall og i fleire styringsgrupper. Same året vart Arne Kvalheim kommunalråd med ansvar for samferdselssektoren. Han fekk fast plass i det viktige Planutvalget der firarbanden dermed gjorde reint bord. I Finansutvalget var dei talmessig i mindretal, men ingen av dei fem andre i dette sentrale utvalet hadde tyngd eller makt til å vere nokon hard opposisjon mot dei fire.

Det var ikkje muleg å få igjennom ei einaste større utbyggingsak i Oslo på 80-talet utan at ein eller fleire av firarbanden deltok i sakshandsaminga. Gjennom Ressursutvalget - og seinare Planutvalget - kunne dei leggje premissane for det som seinare skulle bli formelt vedtatt.

Dei likte ikkje at dei verkelege problema skulle opp på bordet i bystyret. «Det er viktig at bystyresaken legges opp slik at den ikke innbyr til å diskutere hele prosjektet og dermed risikere å starte fra null igjen. Det råder stor utålmodighet blant politikerne for at noe skal skje,» sa radarparet Sigurd Østen-Tove Heggen Larsen på eit møte i styringsgruppa for Grønland- og Vaterland-utbygginga i 1984. Her - som så ofte elles - galdt det tydeleg to ting: Det eine var å hindre at bystyret prøvde seg på å styre. Det andre var å sikre at vedtaka vart gjennomført, helst på ein slik måte at firarbanden sjøl kunne styre det.

Minnesmerke som blir ståande

Ein som kjenner godt til arbeidsmåten i Planutvalget seier at «de fire fungerte vel nærmest som *en* gruppe i utvalget». Det var sjeldan at saker som firarbanden var samde om, ikkje fekk det utfallet som dei gjekk inn for.

Firarbanden bygde raskt opp eit fåmannsvelde i Oslo som har lite til felles med dei formelle spelereglane for kommunalt styre og stell i kongeriket. På Grønland og Vaterland har dei reist seg eit minnesmerke som blir ståande. For Oslo-folk blir det like lett – eller like vanskeleg – å fjerne dette ettermælet frå bybiletet som det vil vere for polakkane å bli kvitt det kultur- og vitskapspalasset som Sovjet bygde i Warszawa på 50-talet. Vi skal ikkje dra parallellen for langt, for samanlikna med det 232 meter høge palasset i Warszawa er Oslo Plaza ikkje stort meir enn ei pølsebu på høgkant. Palasset i Warszawa var dessutan ei gåve – i alle fall på kort sikt. Det vart betalt over det sovjetiske statsbudsjettet, mens Oslo-folk kjem til å måtte slite langt inn i neste hundreår med å betale for «gåvene» frå firarbanden.

Oslo Galleri – firarbanden sitt kjøpesenter

3. februar 1983 tok firarbanden heilt i det stille eit dramatisk initiativ. Kontoret for næringslivet, som er sekretariat for nærings- og sysselsettingsstyret der Sigurd Østen var leiar og Tove Heggen Larsen nestkommanderande, sende eit brev til Oslo Næringssselskap A/S. Om Næringssselskapet kunne delta i «planlegging og utbygging av næringsbygg» langs Schweigaardsgate på Grønland? Saka var så viktig at brevet vart avslutta med eit forslag «om at saken først forelegges styret» før Næringssselskapet gir svar. Formannen i styret for Næringssselskapet var, som vi hugsar, Sigurd Østen. Vi kan langt på veg seie at Sigurd Østen skreiv brev til seg sjøl – og fekk svar han ønskte. Etter at Galleri Oslo hadde broti saman i 1989 og øydelagt økonomien til Oslo Næringssselskap, hevdar Sigurd Østen, som no har var vorti byråd, at næringssselskapet sitt engasjement i Galleri Oslo «har sitt utspring i et brev av 3. februar 1983 fra Oslo kommune».

Konklusjonen på dei interne drøftingane etter at brevet vart skrivi i 1983, vart at «Næringssselskapet påtok seg ansvaret for å være en motor og en pådriver i Grønland/Vaterland- utbyggingen». Grunnen var enkel. Alle sider av prosjektet «burde samles på en hånd . . . med særdeles åpne og korte kommunikasjonslinjer til kommunens sentrale administrative ledelse».

Sjøl om det var «korte kommunikasjonslinjer» i startfasen, sørjde dei som hadde styringa for at negative opplysningar ikkje kom til bystyret. Hausten 1984 vart konsulentfirmaet Sentrumutvikling A/S betalt for å utvikle «en realistisk kommersiell ide som grunnlag for gjennomføringen». Dei skulle bl.a. vurdere om det var klokt å satse på eit kjøpesenter med detaljhandel, slik vi no har fått i Galleri Oslo. Svaret var eit enkelt, eintydig og velgrunna nei til kjøpesenter. Konsulentfirmaet fann «konklusjonen så klar at vi ikke på det nåværende tidspunkt anser det hensiktsmessig å legge ned mer arbeid i dette». Det gjorde heller ikkje dei styrande i Oslo Næringssselskap – ut over det at dei la rapporten godt ned i ein arkivskuff slik at han ikkje vart til hinder for å pøse stadig nye hundretals millionar inn i det prosjektet dei seinare marknadsførde som «Nord-Europas lengste innendørs handlegate».

I mars 1990 er det enno uklart kor mange millionar skatteytarane vil tape på konkursen i Oslo Næringssselskap.

Oslo Plaza – 5-stjerners hotell

Den skattesvindeldømde Drammens-entreprenøren Ole K. Karlsen er godt til freds med Oslo Plaza. Han har fått det slik han ville ha det. Etter velvillig samtykke frå vener i Rådhuset overførte han i 1988 eigarinteressene i hotellet frå sitt eige Realia A/S til dotterselskapet Investa. Ein kan

nesten lure på om lekpredikanten Ole K. Karlsen har hatt ei slags englevakt som har losa han og hotellprosjektet utanom alle farar.

Det starta heilt i det stille for 5-6 år sia. 4. juni 1985 møttest styringsgruppa for Grønland/Vaterland-utbygginga for første gong etter at det austerriske selskapet Voest Alpine heilt uventa trekte seg frå planane om å byggje hotell på Vaterland. Da var Realia A/S raskt på pletten. Dei var villige til å gå inn og overta kontrakten. Men administrasjonen var i tvil, og peika på det tvilsame i at Realia «får inngå kontrakten uten konkurranse».

Dette argumentet skapte likvel ikkje tvil i den politiske styringsgruppa der Østen, Heggen Larsen og Skjervengen var medlemmer. Alle tre gjekk inn for denne eksklusive særbehandlinga til fordel for Realia. Vararepresentant Lene Løken møtte i staden for Tove Heggen Larsen; firarbandens hotellpolitikk hadde altså støtte frå fleire. Om t.d. Pål Atle Skjervengen hadde gått imot særbehandlinga av Realia, kunne heile saka fått ei anna utvikling.

Avtalen var ikkje dårleg – for Realia. Kommunen forplikta seg til å byggje ein svær kongresshall vegg i vegg med hotellet utan kostnad for hotellbyggjaren. Avtalen slår fast at bygningsstyresmaktene ikkje får lov å gi «usaklige pålegg» og at politikarane i styringsgruppa «skal i den grad det er mulig søke å medvirke til at nødvendige tillatelser gis så raskt som mulig». Det kan vere at Tove Heggen Larsen følte seg forplikta av dette da ho to år seinare støtta Hans Svellands strev for å hindre at bygnings sjefen la kjelkar i vegen for dei svære endringane som Realia ville ha i prosjektet.

Byhallen – firarbanden sin kongresshall

Byhallen er den kongresshallen som er naudsynt for å sikre hotellkundar til Oslo Plaza. Til saman blir hotellet

og hallen eit kongressenter av femstjerners internasjonal standard. Ole K. Karlsens genistrek er at han har komi inn i eit avtalesystem der kommunen dekkjer alle utgifter ved kongresshalldelen av anlegget. Utan ei slik utgiftsdeling der skattebetalarane overtar nær ein milliard av dei samla kostnadene med å byggje kongressentret, ville hotellet neppe vorti bygt.

I avtalen – som styringsgruppa vedtok med så stor diskresjon i juni 1985 – forpliktar dei kommunen til å sørge for at bygginga «på hotell- og byhalltomta skal skje parallelt». Reint bygningsteknisk var dette kanskje lurt. Men det var ingen som den gongen fekk vite at politika-rane i styringsgruppa med dette starta eit løp som skulle ende med at skatteytarane i Oslo måtte betale nesten 1000 millionar kroner for det som eigenleg er tilbygg til eit privateigd luksushotell.

Kommunalråd – og tidlegare mellomdistanseløpar – Arne Kvalheim vart direktør i Oslo Byhall A/S. Partifelle Tove Heggen Larsen fekk naturleg ein plass i styret der Albert Nordengen er formann. Dei to politika-rane som meiner dei representerer arbeidarrørsla hadde dermed god sjanse til å styre dette svære byggjeprojektet.

Tjuveriet frå dei gamle

Offisielt var eldreomsorgen høgast prioritert av alle kommunale oppgåver i Oslo gjennom heile 80-talet. Denne prioriteringa var falsk. Gjennom eit sinnrikt spel som journalistane i bystyrets presselosje ikkje avslørte, sørge bystyret ved kvar budsjetthandsaming for å auke løyvingane til eldreomsorg ut over det som finansrådmannen foreslo. Det vart ein gjennomgangstone i massemedia at politika-rane ville gjere alt godt for dei gamle. Denne topprioriteringa av eldreomsorgen fekk alltid venleg og positiv omtale i dei store Oslo-avisene med bilete av slitne,

men tilfreds smilande toppolitikarar som til slutt fann ein utveg til å satse på dei gamles velferd.

Etter at mediainteressens hadde lagt seg, sørjde dei same politikarane kvart einaste år for å omgjere vedtaka og flytte pengane til heilt andre føremål. Det skjedde i det stille. Gjennom mange små budsjettendringar som det er arbeidkrevjande å få innsyn i og oversyn over. Vi har rekna oss gjennom dei fem åra da vi meiner at firarbanden var på toppen av si makt i Oslo, dvs. åra frå og med 1982 til og med 1986. I desse åra brukte Oslo kommune 265 mill. kroner mindre til drift av eldretiltak, enn det som var høgtideleg bevilga i bystyret sine budsjettmøte. Denne summen er nesten like stor som det tapet kommunen får om det går heilt ille med Galleri Oslo, slik at kommunen må innfri heile den garantien til ABC-bank som bystyret vedtok i mars 1989.

Likevel er det ingen Oslo-politikar som har gått til val på eit program som seier at det å verne storbankane mot tap på useriøse kjøpesenter er viktigare enn å la dei gamle i samfunnet få eit godt liv.

Byrådsleiar med dårleg råd og investorar som blir feite på kommunale utbyggingsprosjekt

Saman med toppfolk i finansmiljøet i Oslo driv tidlegare byrådsleiar Hans Svelland finansiell «papirløyd» på Ustaoset. Ved finurlege transaksjonar klarer hotellbyggjar Ole K. Karlsen, byhall- og galleribbyggjar Eeg-Henriksen og fleire andre som hadde forretningar med Oslo kommune sommaren 1988 å berge Svelland-hotellet sekundet før konkurs. Til overmål avtalar dei å betale over fire millionar kroner for inventar som mest av alt er modent for loppemarknaden. Investorlista på Ustaoset er til forveksling lik den på det kommunale utbyggingsprosjektet på Grønland-Vaterland. Men ingen i kommuneleiinga reagerer på samrøret mellom kommunens og Svellands private økonomi, trass i at RV si bystyregruppe har påvist det gong på gong sia 1985.

«Kreativ og imponerende»

Så seint som 1. februar 1990 gjekk Michael Tetzschner heilt og fullt god for forgjengaren sin, Hans Svelland. – Ein granskingsrapport som er lagt fram for Oslo formannskap frikjenner Svelland for alle klagemåla RV har komi med, sa byrådsleiaren på eit debattmøte ved Handelshøyskolen i Bergen. Nøyaktig fire veker etterpå tok den same Tetzschner kontakt med Riksadvokaten fordi han no meinte det kunne vere grunn til politietterforsking mot Svelland.

Ein annan Høgre-politikar – leiaren av Oslo-partiet Oddmund Hammerstad, roste Hans Svelland slik då han

gjekk av i mars i fjor: «Din evne til å holde humøret oppe, til å være kreativ og motiverende for dine omgivelser, selv i en tid med store politiske og personlige påkjenninger på deg selv, har imponert meg.» (frå eit personleg brev frå Hammerstad til Svelland, datert 22. februar 1989)

Eit drygt år etter stod Hammerstad saman med Tetzschner og ba om «full politietterforskning» av den mannen som han tidlegare hadde vori så imponert av.

«Rådgivar» i eige selskap

I dag livnærer Hans Svelland seg som «rådgivar» med romslege kontor i førsteetasjen i det fasjonable Wilhelm-sen-bygget, midt mellom Rådhuset og Aker Brygge. Han opplyser at han tener betre med sitt eige firma A/S Nordic Network som arbeidsgivar enn da han var byrådsleiar i Oslo. Men blir rådgivargasjen høg nok til å halde kreditorane på avstand frå privatvillaen i Guldbergs vei? Sanninga er at Hans Svelland hadde pressa privatøkonomi. Hans Svelland hadde samstundes stor politisk makt, og var sentral i mange avgjerder som ramma mange folk i byen. Når i tillegg så mange mektige personar støtta han, blir utviklinga og samanbrotet i Svelland-systemet noko langt meir enn eit privatøkonomisk eventyr på veg mot ruin.

På 70-talet var Hans Svelland ei stigande politisk stjerne. I 1973 fekk han det ansvarsfulle vervet som økonomisjef i Høgres hovudorganisasjon. Dermed fekk han òg innsyn i ein del av finanseliten i Noreg. 33 år gammal vart han vararepresentant til Stortinget. Da han i 1978 vart medlem i Høgres hovudstyre, hadde han eit par år bak seg som kommunalråd i Oslo. Men mange irriterte seg over at han organiserte dei private forretningane sine slik at han frå 1980 slapp å betale inntektsskatt av den romslege kommunalrådsløna si som då var om lag

220 000 kroner. Han og broren var personlege eigarar av ei hotellbygning på Ustaoset, og fann det skatteteknisk klokt å leige ut eigedomen til eit av sine egne aksjeselskap. Kommunalråd Hans Svelland leigde ut til sitt eige A/S som ikkje klarte å betale leige og vart dermed nullskatteytar.

Privatøkonomien hans var likevel meir enn dårleg. Hausten 1983 selde han halvparten av hagen sin i Guldbergs vei til eigedomsmeklar Steinar Moe, son til Høgrepolitikaren Ivar Moe som er formann i Grønland Byfornyelse og som dessutan har ytt store private lån til Hans Svelland. Både i 1983 og 1984 tok han på lovstridig måte opp lån på fleire millionar frå eit av dei aksjeselskapa han eigde saman med bror sin. Men fordi det stadig mangla gjester på Ustaoset Høyfjellshotell, kom det ingen friske pengar inn i systemet.

Svelland-konsernet levde frå lån til utpanting og til nye låneopptak. Det hjalp litt på pengeknipa at entreprenørfirmaet F. Selmer sprøyta inn tre millionar kroner både i 1984 og i 1985. Den første utbetalinga galdt ei tomt på 1,3 mål på Ustaoset med ein riveklar kafeteriabygning og ein idé om å byggje sjøleigarbustader i framtida. Dei siste tre millionane betalte Selmer for å få retten til å byggje bustader over den nye svømmehallen på Ustaoset.

Takk og pris I

Bobla sprakk ikkje før 22. august 1985 da Klassekampen offentleggjorde at «Selmer bygger for Svelland». I kjølvatnet av dette påviste kommunerevisjonen at det var etablert ein langvarig økonomisk interessefellesskap mellom Hans Svelland og entreprenørfirmaet Selmer. Ingen andre aviser tok saka alvorleg, ikkje eingong Arbeiderbladet som det siste året har vunne fleire journalistprisar for sine korrupsjonsavsløringar. Ingen av dei øvrige politiske par-

tia var villige til å stille opp da RV kravde svar på kvifor både Arbeidarpartiet og Høgre selde den såkalla Triangeltomta – der Oslo City er bygt – til Selmer sjøl om dette gav økonomisk tap for kommunen.

Hans Svelland klarte å ri stormen av. Økonomisk ved hjelp av rike vener i Høgres økonomiutval, politisk ved å gi mangelfulle og usanne opplysningar.

Tunge finansfolk som Atle Brynestad og Joachim Holter skaffa millionsummar til å kjøpe det ulønsame hotellet. Brynestad er med i Høgres økonomiutval. Holter var styreformann i Oslo Finans, som stod for mykje av arbeidet med å organisere det komandittselskapet som kjøpte hotelleigedomene av Svelland-brørne seinhausten 1985. Atle Brynestad – som omtrent samtidig kjøpte Hotel Europa, stilte opp med ein million frå eit av sine eigne selskap. Høgsterettsadvokat Finn Rime har i ei melding til Oslo Skifterett sagt at Svelland fekk overpris for dei delvis nedslitne og underskotstyngde hotellbygningane i 1985. Men som bustyrar kunne han ikkje gjere noko med dette: «Man avtalte prisen. Hvilke motiver som kommandittistene hadde for å kjøpe eiendommen til denne pris, eventuelt for å skyte inn kapital i selskapet i det hele tatt, tilligger det ikke bostyret å reflektere over. Kommandittistene disponerer selvfølgelig sine penger som man vil.» Rime legg imidlertid ikkje skjul på at rekneskapen frå 1980-åra klart viser «det manglende grunnlag for forretningsmessig forsvarlig virksomhet på stedet».

Sjøl om kommuneadvokat og kommunerevisjon i ei overflattisk vurdering påviste brot på både forvaltningslova og på kommunale reglar og ein økonomisk interessefelleskap med entreprenør Selmer, var det ingen av dei «tunge» kommunalpolitikarane som ville vere med på ei

gransking av Svellands samrøre med private firma i 1985. Til eit møte i Finansutvalget 12. november 1985 var advokat og bystyremedlem John Lyng særskilt innkalt på grunn av Svelland-saka. Der vart det protokollert at Hans Svelland «nå har avviklet sine forretningsengasjementer». Dei andre partia avviste kravet om at saka skulle drøftast i bystyret, og da RV likevel tok litt av saka der, slo Albert Nordengen tilbake: «Jeg tilbakeviser påstandene», sa han, «jeg tilbakeviser endog kommunerevisjonens såkalte krittikk når det gjelder salget av Triangeltomten.»

1986 vart eit nytt dårleg år på Ustaoset. Hans Svelland var rett nok ikkje aksjonær lenger. Broren hadde tatt over alle eigarinteressene. Men Hans Svelland skreiv under ei sjølskulderklæring til Sparebanken Borg, no Sparebanken Østfold. Banken kravde dette i trygd for å yte lån til A/S Forum Restaurant, morselskapet i Svelland-systemet. Med denne erklæringa var det den nytnemnde byrådsleiaren sin privatøkonomi som vart garantien for at Østfold-banken skulle sleppe tap om A/S Forum rauk over ende.

Ettersom det ikkje lykkast å få inn mange nok gjester til hotellet «1000 meter over hverdagen» vart situasjonen meir og meir prekær. Ved slutten av 1986 skulda A/S Ustaoset Høyfjellshotell 435 000 kroner i husleige til det komandittselskapet som hjelparane i og rundt Høgres økonomiutval stifta året før. Men kommandittistane var snille og sørge for at dette ikkje vart synleg i rekneskapen. I resultatrekneskapen førde dei opp den leiga som var avtalt, sjøl om denne summen aldri vart betalt!

Takk og pris II

Redningsaksjon nummer to vart gjennomført sommaren 1987, ved at ein av Drammens største søner, entreprenør

og predikant Ole K. Karlsen, betalte inn nesten to millionar kroner til A/S Forum Restaurant. Med dette innskottet fra selskapet Realia A/S overtok Ole K. Karlsen Forums eigardel i det underskotstyngde hotellet på Ustaoset. Det kan godt tenkjast at Ole K. Karlsen er snill i tillegg til at han er rik. Men betalingstidspunktet er likevel interessant.

For i denne redningsoperasjonen blir Oslo Plaza på Vaterland i Oslo og Ustaoset Høyfjellshotell på merkeleg vis knytte saman. Etter ein arkitektkonkurranse hadde ideen om eit slankt høghotell vore med i bystyret sine planar for Vaterland-utbygginga heilt sia 1982. I mars 1984 vedtok bystyret eit programprosjekt for Grønland-Vaterland der dette blir stadfesta. Hotellet skulle utformast som eit slankt høghus med 20-25 etasjar og med ei lågblokk på 5 etasjar. Total golvflate for hotellet vart sett til om lag 18 000 kvadratmeter.

Karlsen-selskapet Realia ville bygge eit heilt anna hotell enn det kommunen hadde planlagt. Likevel gjekk den gjeldstyngde byrådsleiaren sterkt inn for Ole K. Karlsens hotellplanar. Tidleg i desember 1986 kravde Realia at dei kommunale og bygningsfaglege etatane skulle godkjenne det nye hotellprosjektet «uten endringer av vesentlig art og uten at prosjektets lønnsomhet blir svekket». Teikningane viser no eit hotell på 45 000 kvadratmeter.

Dette opne forsøket på å diktere kommunale styresmakter i brev form er stempla inn i Rådhuset 8. desember 1986. Eit par dagar etter vart saka drøfta i eit møte der både byplansjef Sven Meinich og andre nøkkelpersonar deltok. I eit handskrivi notat til overarkitekt Sven Sandberg etterpå gjer sjefsarkitekt Knut H. Andersen i Bygningskontrollen det klart at dette er eit altfor kraftig brot med den vedtatte reguleringsplanen:

«Revidert prosjekt ble diskutert 11. des. 86 hos byplansjefen m/ Meinich, Langaard, Høivik, Kha sjefsarkitektens initialer, Svelland & co, dvs. svenske ark. m.m. Meinich vil ikke anbefale så store disp. og heller ikke vi. 12. des. 86. Kha»

Hard dragkamp

Dette notatet er eit av dei få synlege spora av at Svelland personleg arbeidde for at Realia skulle få byggje større enn det gjeldande regulering tillet.

Det vart ein hard politisk drakamp. Både byplansjef, bygningssjef og politikarar i Høgre og Arbeidarpartiet prøvde å halde fast på at det var folkevalde organ og ikkje Ole K. Karlsen som skulle ha den politiske styringa.

Plan- og fasaderådet vende tommelen ned for det nye prosjektet i eit uvanleg krast vedtak: «Slik hotellprosjektet nå ter seg, blir det Nordens høyeste hus og intet annet, en bygning ingen er glad i eller for, en slags sum av uavvendelige (og uheldige ?) beslutninger . . .»

Bygningsrådet fekk saka. Etter vedtaket i plan- og fasaderådet var det skarp debatt også innerter i Høgre. I den debatten engasjerte Hans Svelland seg. Bygningssjef Ivar Høivik er i slike samanhengar ein mjuk mann, og bøygde seg for presset, men han la ikkje skjul på kva det handla om: «Utviklingen av hotellprosjektet og det forslag som nå søkes godkjent, har sett bort fra vinnerutkastet og de verdier dette representerer, samt juryens klare forutsetninger, noe bygningssjefen sterkt vil beklage.» Bygningsjefen tilrådde under tvil å tilrå at prosjektet vart godkjent, men ba om at ein arbeidde vidare med planar og fasadar i samråd med bygningssjefen.

Dette var nok til at både AP, Høgre og FrP stemte for å godkjenne Ole K. Karlsen sine planar 2. juli 1987. Same dag betalte Realia A/S inn sine knapt 2 millionar kroner

til A/S Forum for den tilnærma verdilause eigarandelen i komandittselskapet på Ustaoset.

Dermed fekk A/S Forum eit pusterom. Presset letna litt mot Hans Svellands sjølskyldnarerklæring. Men Realia var ikkje nøgd. Dei godtok ikkje at bygningsrådet kravde at enkelte detaljar skulle «bearbeides vidare i samråd med bygningsssjefen».

Først ba Realia om eit ekstramøte i Plan- og fasaderådet. Da det ikkje nytta å presse Høgre-veteranen Bjørn Bjørnseth og dei andre i dette organet, sende Realia A/S eit trusselbrev til bygningsssjef Høivik der dei avviser alle forsøk på innblanding frå bygningsstyresmaktene:

«Den forlangte endring vil bety full omprosjektering av hele hotellet, ny byggemelding og en tidsforsinkelse på minimum et år. Kostnadene vil bli betydelige... Hvis denne saken ikke er avklart innen en uke vil Realia A/S stoppe det påbegynte arbeidet.»

Saka vart raskt avklart, sjøl om det tok litt meir enn ei veke å få kalla saman Bygningsrådet for å fullføre knefallet for hotellbyggjaren på Vaterland. Den mjuke bygningsssjefen skreiv til bygningsrådet at han var svært skuffa over denne utviklinga og at han no ville «fraråde at de nåværende planer blir godkjent».

Bygningsrådet hørde ikkje på tilrådinga. Det vart slik Realia A/S ville ha det. Byggjearbeida heldt fram. Bygningskontrollen hadde rett nok gløymt at ingen skal få byggjeløyve utan førehandsgodkjenning frå Arbeidstilsynet, men det vart ikkje oppdaga før hotellet var nesten fullført.

Vedtaket vart anka inn for fylkesmann Gunnar Alf Larsen, men det førde heller ikkje fram. Larsen overprøvde saksbehandlaren sin og avviste personleg den godt

underbygde anken ved å vise til «kommunens sterke engasjement og nære samarbeide med utbyggeren på planleggingsstadiet, den omfattende kommunalpolitiske behandling saken har blitt undergitt, samt den sentrale rolle dette prosjektet spiller i det totale byutviklingsprosjekt for området». I denne saka oppførte Larsen seg som ein politikar, ikkje som ein embetsmann som er sett til å handheve plan- og bygningslova.

Heggen Larsen trår til

Den politiske delen av den andre redningsaksjonen vart gjennomført på seinhausten 1987. Arbeidarpartiet, Framstegspartiet og Sosialistisk Venstreparti hadde slutta seg til eit initiativ frå RV. Det var semje mellom dei fire partia om at formannskapet måtte be om å få gjennomført ei ny habilitetsvurdering av Svelland. Årsaka til dette var at det no var kjend at Svelland hadde haldi fleire viktige opplysningar skjult da han vart vurdert i 1985. No i 1987 hadde Hans Svelland enda større grunn til å frykte ei slik nærare gransking av privatøkonomien. Klart i strid med erklæringa han gav i 1985, hadde han engasjert seg som garantist for det gjelds- og underskotstyngde konsernet som bror hans var formell eigar av. Realias kjærkomne kapitalinnsprøyting i juli 1987 kunne jo òg bli trekt fram i lyset.

Han fekk hjelp frå varaordførar Tove Heggen Larsen. Etter samtalar med henne kunne han sende eit uvanleg brev til kommuneadvokat Per Sandvik. Her skriv byrådsleiaren at han – etter oppfordring frå AP si bystyregruppe – vil be kommuneadvokaten kome med ei skriftleg vurdering før fellesforslaget frå dei fire partia skal opp i formannskapet. Dette innspelet gjorde Tove Heggen Larsen bak ryggen på kommunalråd Olaf Holmsen som hadde ansvaret for saka i Ap-gruppa. Svaret frå kommune-

advokat Per Sandvik er inga gransking og gir korkje ei fullstendig vurdering eller ei fullstendig «frikjenning» av Svelland. Men advokaten let seg bruke i eit avansert politisk spel.

Og formannskapet let seg lure – eller bruke. Ingen i AP sa eit ord om det dobbeltspelet Rune Gerhardsen i dag hevdar at varaordføraren dreiv bak ryggen på gruppa. Samrøystes vart det vedtatt at det ikkje er «grunnlag for å forfølge saka vidare». Saksordførar Olaf Holmsen hadde forfall til dette møtet, og fortalde same kveld at han hadde hatt telefonkontakt med varaordførar Tove Heggen Larsen rett før formannskapsmøtet. Ho hadde ikkje sagt eitt ord om at det var komi nye opplysingar i Svelland-saka.

I 12. time

Sjøl om kommuneadvokat og politiske vener i Rådhuset var godtruande og snille, så var det inga endring i det grunnleggjande problemet i Svelland-konsernet. Det kom ikkje nok gjester til hotellet «1000 meter over hverdagen». Det vart ikkje pengar i kassa til å betale korkje husleige eller skatt og kommunale avgifter. Ved årsskiftet 87/88 engasjerte Hans Svelland seg personleg i utveljing av ny direktør. Direktør Dammen vart tilsett etter at han sjøl og kona hadde vori til intervju på byrådsleiarkontoret i 7. etasje i Oslo rådhus. Han fekk sparken i mai same år etter at han sa nei takk til eit tilbod om å kjøpe det konkurs-truga driftsselskapet.

Kommandittselskapet som eigde hotellbygget og leigde ut til det pengelause Svelland-selskapet, var stadig tolmodig. Da det i eit selskapsmøte 8. februar 1988 var klart at husleiegjelda var på 650 000 kroner, slo dei seg til ro med ein muntleg påstand om at det skulle bli betalt innan ei veke. Fem månader seinare var husleiegjelda nesten dobla.

Skatteinnkrevjarane i Hol kommune var mindre tolmodige. I juli 1988 var dato og klokkeslett fastsett for det siste møtet hos sorenskrivaren: Konkurs på grunn av 1,7 millionar i skattegjeld. Berre få timar før sorenskrivaren skulle slå klubba i bordet for å opne rettsmøtet og stengje hotellet, kom den gledelege meldinga. Ustaoset Høyfjells-hotell A/S hadde klart å betale.

Korleis hadde eineaksjonæren, den ukjende og ikkje altfor vellykka hotellmannen Even Svelland fått dette til?

Takk og pris III

Fleire av dei største og mest erfarne finansfolka i hovudstaden hadde brått bestemt seg for å kjøpe det nedslitne hotellinventaret på Ustaoset for 4,7 millionar kroner. Blant dei ferske møbelkjøparane finn vi finansmeklar Jan Petter Collier, forsikringsselskapet Storebrand-Norden, Nora Industrier, hotelleigarselskapet Realia, entreprenør Eeg-Henriksen og reiarigiganten I.M. Skaugen. I tillegg er dei med, dei som stifta kommandittselskap på Ustaoset i 1985, slike som Atle Brynestad, Kredittkassen og ABC-Bank.

Desse erfarne pengefolka bestemte seg for å betale dei 4,7 millionane for eit hotellinventar som var lite eller ingenting verdt og som dei kunne fått gratis. Årsaka til det siste er at Ustaoset Høyfjellshotell no hadde ei husleigegjeld på 1,2 millionar kroner og at leigeavtalen gav kommandittselskapet rett til å ta pant i hotellinventaret. Det er ikkje tvil om at den avtalte kjøpesummen i høg grad var ei gåve til eineaksjonæren i A/S Ustaoset Høyfjellshotell, Even Svelland. Men samstundes var det òg ei indirekte gåve til Hans Svelland. Han var ikkje aksjonær, men han hadde stilt den private økonomien sin som garanti for selskapet A/S Forum Restaurant. Etter som Forum hadde 2,3 millionar kroner til gode i drifts-

selskapet på Ustaoset, kunne ein konkurs der kunne få trasige følgjer for byrådsleiaren sin privatøkonomi.

Igjen skjedde det eit pussig samanfall i tid. Samstundes som desse finansfolka bestemte seg for å kjøpe nedslitte hotellmøblar, handterte Byrådet i Oslo ein søknad fra Realia om å endre avtalen med Oslo kommune om det som i dag er Oslo Plaza. Dei ba om at Oslo kommune skulle la vere å bruke den avtalefesta retten sin til å krevje bankgaranti når fullføringsansvaret for hotellprosjektet no skulle overførast fra Ole K. Karlsen-selskapet Realia til Investa, som også er kontrollert av Ole K. Karlsen. For Realia A/S var dette ei viktig sak. Eit kommunalt nei kunne skape trøbbel. Dei fekk ønsket sitt innfridd denne gongen òg, nokre veker etter at dei hadde investert nye 500 000 kroner i dei gamle hotellmøblane.

Finansfolk som møbelhandlarar

Det er grunn til å undrast over kvifor ei slik celeber samling finansfolk skulle finne på å møtast for å investere millionar i verdilaust hotellinventar. Administrerande direktør Nicolai Paus i Eeg-Henriksen skal ha vori ein av dei mest aktive på møtet, men hugsar for sin del absolutt ingenting av kva som skjedde.

Frå 1. juli 1988 er det forunderleg nok tre tungvektarar i norsk næringsliv som utgjer styret i det utvida kommandittselskapet: Utanom administrerande direktør Paus er det økonomidirektør Tor W. Johansen frå reiarselskapet I.M. Skaugen og administrerande direktør Tor André Holthe frå Realia Safe A/S.

Alle desse tre har tilknytingar til byrådsleiar Hans Svelland utanom det som har med utrangerte hotellmøblar å gjere. Eeg-Henriksen er hovudentreprenør for Byhallen og Galleri Oslo, byggjeprojekt som til saman er verdt meir enn to milliardar kroner. Hos I.M. Skaugen er

Cato Holmsen toppsjef. Han er gift med Karin Holmsen som var Svellands byrådskollega. Og Realia har altså i lang tid hatt eit komfortabelt samarbeid med Hans Svelland og Oslo kommune, mellom anna i saka om utforminga av hotellet på Vaterland.

Avtalen mellom Ustaoset Høyfjellshotell A/S og kommandittselskapet om å kjøpe dei gamle møblane «med tillegg av goodwill» for 4,7 mill. kroner vart underteikna 11. juli 1988. 2 millionar vart betalt straks, akkurat tidsnok til å hindre konkursen i Svelland-selskapet.

Den sommaren må enkelte av dei snille kommandittistane ha komi på andre tankar. Dei nekta nemleg å betale dei siste 2,7 millionane av kjøpesummen. Dermed var konkursen eit uunngåeleg faktum både for Svelland-selskapet og for kommandittselskapet. Hotellet var i dårleg stand, og næringsmiddelskontrollen i Hallingdal melde at gjester fleire gonger var blitt sjuke, truleg av matforgifting. Då bustyret etter konkursen skulle kvitte seg med matvarelageret, viste det seg at det var meir som var skjemt. Dei måtte ut med 30 000 kroner for å gjere kål på utøyet som følgde med handelen . . .

Forsøk utover hausten på å finne nye kommandittistar til underskotshotellet lykkast ikkje. I og med konkursen auka presset mot Forum Restaurant og dermed mot den personlege kausjonisten Hans Svelland.

Såleis hadde han òg gode økonomiske grunnar for å gå av som byrådsleiar i februar 1989. Han tener betre i det nye rådgivarfirmaet Nordic Network A/S, som han har starta saman med vener frå politikk og næringsliv.

Når gode råd er dyre

Den etter kvart berykta blikkenslagaren Arild Siggestrøm engasjerte rådgivar Hans Svelland sommaren 1989. Svelland har forklart at dette var eit heilt ordinært oppdrag

der han skulle hjelpe blikkenslagaren i samband med at han ønskte å få kjøpe egedomen Saxegaardsgt. 11 av kommunen. Honoraret på 50 000 kroner tilsvarer to vekers heildags arbeid etter dei takstane Svelland bruker. Til pressa har Svelland opplyst at han «engasjerte firmaet OPAK», og at han starta «en masse gravearbeider innover mot Oslo kommune for å bringe på det rene om det overhodet var mulig å få til et salg». Direktør Hans J. Hansen i OPAK stadfester at OPAK aldri har utført arbeid for Svelland i samband med Saxegaardsgt. 11. Men, seier Hansen, Svelland har ringt til OPAK ein gong.

Den avgjerande kommunale instansen var Eiendoms-etaten, som var sett til å gjennomføre salsaka av bystyret. Med mellom anna Svelland sin stemme vedtok nemleg Byrådet 14. juni 1989 å selje egedomen, helst til Siggestrøm, og at byrådet skulle avgjere pris og andre salsvilkår.

Daverande egedomssjef Johan Frid hugsar at Hans Svelland tok kontakt etter bystyremøtet. «Gravearbeidet» skjedde på den måten at dei møttest og prata saman over eit lunsjbord på Hotell Helsfyr. Egedomssjef Frid seier at lunsjen ikkje var svært tidkrevjande – korkje for hovudet eller magen – og at Hans Svelland under samtalen stilte spørsmål om tre eller fire egedomar. Ein av dei var Saxegaardsgt. 11, men Svelland sa ikkje noko om at han representerte Arild Siggestrøm, som ønskte å kjøpe egedomen. Svelland føreslo at prisen kunne bli fastsett av ein takstkommisjon på tre personar. Eiendomsetaten følgde ikkje opp Svellands forslag om takstkommisjon, og egedomsdirektøren hørde aldri meir frå Svelland om saka.

Det er vanskeleg å sjå kva for andre kommunale instansar Hans Svelland har hatt bruk for å oppsøke for å snakke om prisfastsetjing og salsprosedyre for Saxegaardsgt. 11. Det kan verke som at 50 000 kroner – ein halv

månads honorar – er i drygaste laget for ein lokaltelefon til OPAK og ein lunsj på Hotell Helsfyr med tilhøyrande tankearbeid. Har ikkje Hans Svelland utført andre og heilt annleis omfattande arbeid for Siggestrøm, liknar utbetalningane meir på sponsorbidrag enn på konsulenthonorar.

Johan Frid opplyser òg at det var ein annan som på same tid engasjerte seg i saka. Byråd Sigurd Østen ringde direkte til eigedomssjefen og sa frå at Byrådet venta på salssaka om Saxegaardsgt. 11. «Den saken forventer Byrådet blir fremmet,» sa byråden, som formelt og konstitusjonelt ikkje har nokon slik rett til å instruere etatsjefane.

Kvifor brydde ikkje kommunetoppene seg?

Eks-byrådsleiar Hans Svelland si meritliste over samandring av privatøkonomi og kommunalt politisk- og forvaltingsansvar er lengre og meir omfattande enn det som er nemnt her. Frå 1985 har dette vori velkjent blant toppbyråkratar og -politikarar i Oslo rådhus. Raud Valallianse og Klassekampen kravde då for første gong uhilda granskning av den daverande varaordføraren sin habilitet. Men kommunetoppene slo seg til tals med Svelland si personlege erklæring.

RV tok opp att saka i 1987, då det viste seg at fleire punkt i Svelland-erklæringa fra 1985 ikkje var sanne. Men etter initiativet til Tove Heggen Larsen stoppa formannskapet framlegget om ny habilitetsvurdering av Svelland. Straks etter konkursen på Ustaoset, skreiv RV i november 1988 atter ein gong til ordførar, byråd og partia i bystyret om at Svelland-saka trong ein solid gjennomgang. Men breva vart arkivert rundt omkring på rådhuskontora.

Kvifor kom Tetzschner i februar 1990 først med ein usann påstand om at det finst ein granskingsrapport som «frikjenner» Hans Svelland ? Kvifor sa han fire veker

etterpå at det er bruk for politietterforskning av Svelland-forretningar som har vori velkjende og veldokumenterte i mange år ? Tetzschner måtte snu for å prøve å berge stumpane for seg sjøl og Høgre. Da arbeidutvalet i Oslo Høgre var samla tysdag 27. februar følte dei eit på-trengjande behov for ein snuoperasjon. Dei skjønnte at Aftenposten omsider hadde gjennomgått og kryssjekka RV sine gamle «påstander» og funne at dei stemte.

Det var berre eit tidsspørsmål før saka ville sprekke. Dette er forklaringa på at Tetzschner tok kontakt med riksadvokaten eit par dagar etterpå og starta ein intens kampanje for å distansere seg frå den «kreative og motive-rende» politikaren Hans Svelland.

Foreining med skjulte inntekter og stort reisebudsjett for den utvalde kretsen

Reisetrafikkforeningen for Oslo og Omegn driv bytehandel med SAS. I staden for annonseinntekter til Reisetrafikkforeningen får utvalde i krinsen rundt turistsjef Arild N. Kristiansen fribillettar til seg og sine. Ordførar Nordengen blir orientert, men viser inga interesse for å undersøkje misbruken av kommunale midlar. Kritikk av direktøren for Oslo Promotion, Tove Heggen Larsen, fører til at det blir spreidd ei støtteerklæring for direktøren. Seinare viser det seg at den er eit falsum.

Reisetrafikkforeningen for Oslo og Omegn var eit halv-kommunalt samarbeidstiltak. Det var «byens egen reiselivsorganisasjon», og bystyret putta millionbeløp inn i foretaket kvart einaste år på 80-talet. Foreininga var oppretta for å drive turistinformasjon og marknadsføring av hovudstaden. Dei gav ut informasjonsaviser og trykksaker på fleire språk, bl.a. publikasjonen «Oslo this week».

Det kommunale tilskotet skulle kome i tillegg til at foreininga skaffa seg mest muleg inntekter sjøl. Fleire av medarbeidarane frå tidleg på 80-talet fortel at det svikta på det økonomiske området. Utgiftssida var større enn nødvendig, og turistsjef Arild N. Kristiansen og kongressjef Inger Raagholt viste lita interesse for å få inntekter til foreininga. Bykassa betalte jo i alle fall. Dei brydde seg bl.a. ikkje om å få alle annonseinntektene frå «Oslo this week» og andre publikasjonar med i rekneskapen.

Bytehandel med fordelar for dei utvalde

Ein av dei store annonsekundane var SAS – naturleg nok. Her var det store inntekter som aldri vart bokførde. Ein person ved kontoret skulle sørge for at rekneskapsføraren ikkje fekk vite om «inntektene» frå SAS. I staden var det nokre få utvalde i krinsen rundt turistsjefen som fekk status som «barter-kunde» hos SAS. Barter er eit dekknamn som betyr bytehandel utan pengar.

Turistsjefen gjorde høgtidleg avtale om at SAS ikkje skulle betale med pengar når selskapet annonserte i Reisetrafikkforeningens publikasjonar. SAS skulle i staden skrive ut fribillettar til ruter i inn- og utland. 13. januar 1981 møttest turistsjef Arild N. Kristiansen og ein SAS-representant og sette namnetrekka sine på barter-avtale nr. 23085 til ein verdi av 42 000 kroner.

Reisetrafikkforeninga sende nummererte rekningar til dei vanlege annonsørane. Til SAS valde dei ein annan framgangsmåte. Slik som 4. mai 1981 da dei sende eit dokument til passasjeravdelinga i SAS med overskrift «proforma faktura». Det går fram av det unummererte dokumentet at det gjeld barter-avtale nr. 23047, og det er klart at motytinga frå SAS skal vere fribillettar verdt kr 20 000. Dei som skriv ut denne «rekninga», er ikkje snauare enn at dei fører opp meirverdiavgift med kr 3 200. Etersom desse dokumenta og desse summene vart haldne utafor rekneskapan i Reisetrafikkforeninga, betyr det at den meir enn halvkommunale foreininga kravde inn meirverdiavgift frå det statseigde SAS utan å sende den innkravde avgifta vidare til skattefogden.

Dei reiste verda rundt på «fribillett» for moms! Elles i næringslivet er det vanleg å kalle den slags momsunderslag.

Ein del av fribillettane vart brukte til tenestereiser. Andre gonger var det privatreiser, slik som da ektefellen

til ein av dei utvalde fekk betalt ein innkjøpstur til Amsterdam. Det var ingen kontroll med dette. Det var dessutan umuleg å kontrollere. For det første fordi rekneskapsføraren vart halden utafør. For det andre fordi Raagholt og Kristiansen ikkje førde opp kva billettane normalt kosta på reiserekningane sine. Dei skreiv berre «Reise barter SAS». For det tredje var det bestemt i barter-avtalen at «billettomslagene med hvit kupong returneres til SAS etter endt reise».

SAS var ikkje den einaste barter-kunden. 25. september 1981 sende Reisetrafikkforeningen ein annan, unummert «proforma faktura» på kr 15 000 til Bislett Bilutleie A/S. Initialane på dokumentet er «ANK/EH», eit tydeleg teikn på at turistsjefen sjøl, Arild N. Kristiansen var med på opplegget. Det var rekninga for ein annonse i Oslokartet 1982, pluss 20 prosent meirverdiavgift sjølsagt. Ein kan jo da berre lure på kva slags motyting bilutleigefirmaet kunne gi i denne pengelause bytehandelen.

Nyttelause forsøk på opprydding

Rekneskapsføraren gjekk trøytt. Ho opplevde for mykje økonomisk fusk. Det vart for mange private utgifter som skulle betalast av kommunen. Store beløp som ho meinte skulle ha vori betalt av turistsjefen privat, vart betalt av foreininga som i sin tur fekk pengar frå bykassa. Ein gong kom han til rekneskapsføraren med ei hotellrekning for ein fest på hotellromet i USA. Han hadde betalt med American Express-kortet sitt. Da sprakk det for kongresssjef Raagholt som sjøl hadde vori med på festen. Ho opplyste at gjestene hadde betalt kvar sin del av rekninga kontant til turistsjefen da festen var slutt, og tykte det var litt drygt at han da skulle ha dekt utgiftene enda ein gong.

Sjølve oppsettet av og innhaldet i rekneskapen for Reisetrafikkforeningen er eit kapittel for seg. Sjøl om Oslo

kommune betalte millionbeløp, hadde ikkje Kommunerevisjonen rett til å kontrollere kva pengane vart brukte til. Dermed vart det lettare å skjule privatutgifter innimellom dei ordinære utgiftene. Rekneskapsføraren som både er rekneskaps- og revisorutdanna, er ikkje i tvil om at den offisielle årsrekneskapan viste feil tal.

8. januar 1982 sa ho opp stillinga si og ba om å få slutte på dagen. Nokre dagar seinare oppsøkte ho økonomiavsnittet ved Oslo Politikammer for å melde dei ansvarlege for det ho meinte var økonomisk svindel med dei skattepengane som Reisetrafikkforeningen fekk lov å forvalte. Den førre rekneskapsføraren vart også med til Politihuset. Dei to meinte at både fordelinga av «barter»-reisene med SAS, innkrevjinga av meirverdiavgift på proforma-fakturaene og ein del andre forhold måtte vere ei sak for politiet.

Dei to kvinnene tok heilt feil. Dette var inga politisak. Det var så uinteressant for politiet at dei to ikkje eingong fekk den vanlege meldinga om at saka «er henlagt». Da rekneskapsføraren tok kontakt med korrupsjonsetterforskarane ved Oslo Politikammer åtte år seinare, møtte ho derimot folk som var interesserte. Dei undersøkte grundig i politiet sine arkiv og journalar. Der var det ikkje eitt einaste spor å finne etter besøket dei to hadde gjort for å få meldt dei som fuska med kommunale midlar.

Nordengen informert og uinteressert

I dag er Reisetrafikkforeningen nærmast gått over i historia. Ein del av arbeidet er no lagt til Oslo Reiselivsråd, der Arild Kristiansen var turistsjef inntil han sjøl sa opp jobben 13. mars 1990. Marknadsføringsarbeidet blir no drivi av Oslo Promotion, og den politisk utvalde direktøren der er Arbeidarpartiets tidlegare varaordførar, Tove Heggen Larsen. Pengetilskotet frå bykassa er man-

gedobla. Alt har vorti mykje større. Utan at så veldig mykje har forandra seg. Hos SAS er «barter» rett nok blitt til «eros», men framleis kan du få gratisreiser med SAS, om du berre har dei rette kontaktane. Ein tilfeldig tilreisande – med norsk vertskap som hadde slike kontaktar – opplevde sommaren 1989 både gratistur med SAS for å sjå litt på Norge og kostnadsfri hotellinnkvartering.

Ordførar Albert Nordengen har visst om dette lenge. Han var styreformann frå 1979. Han hadde sjøl høve til å drive «barter-turisme» med SAS. Ei tid etter at dei to kvinnene gjekk til politiet, fekk Nordengen også eit anonymt brev om forholda. Det var skrivi av ein person med dårleg rettskriving, men med førstehands kunnskap om det indre liv i den kommunale foreininga. Brevskrivaren rådde Nordengen til å spørje ein bestemt person om nærmare informasjonar. Det rådet følgde ordføraren – og han fekk opplysningar som ikkje var til å misforstå.

Bystyrereferat og formannskapsprotokollar viser at ordføraren meinte at det ikkje høvde seg å gi desse opplysningane vidare til dei organa som kvart år vedtok nye milliontilskot. Han gjorde heller ingen ting for at kommunerevisjonen skulle bli kopla inn for å undersøkje om ein del av det kommunale tilskotet vart misbrukt.

Oslo Promotion – ein del av reiselivsdynastiet

Oslo Promotion skal i dag drive det marknadsføringsarbeidet som Reiselivsforeningen før hadde ansvaret for. Tidlegare varaordførar, Tove Heggen Larsen (AP) fekk direktørjobben i dette nye foretaket frå 1. mai 1988. Ikkje alle var like overtydde om at bakgrunn som barnehagestyrrar og fagleg-politisk sekretær i Oslo Arbeidarparti gav nok fagleg tyngde til ei slik stilling. Men det var partifelle Ingjald Ørbeck Sørheim, som hadde konsulentoppdraget

med å vurdere søkjarane den gongen. Han var ikkje det minste i tvil.

Arbeidarbladet kritiserte 22. februar 1990 at konsulent Ørbeck Sørheim hadde lagt fram tilsetjingssaka slik at det låg i korta at Heggen Larsen skulle få jobben. Arbeidarbladet var òg kritisk til korleis Heggen Larsen skjøtta styringa av Oslo Promotion. Dagen etter kom det eit tredelt, heilsides dementi!

Eit av hovudpoenga var eit brev dei tilsette sende til styreformann Bjørn Gullaksen straks dei såg det kritiske Arbeidarbladoppslaget. Dei skriv at «vi alle står bak adm. dir. Tove Heggen Larsen, og gir honnør for den jobben hun har gjort så langt. . . . Ut fra de ansattes syn er det få som kunne ha gjennomført denne krevende oppgave bedre enn adm.dir. Tove Heggen Larsen har gjort».

Direktøren uttalte til avisene at ho hadde ein samla stab bak seg, og var «naturligvis glad for brevet fra de ansatte». Ho føyde til at «en gjeng med entusiastiske og lojale ansatte som har stått på nesten døgnet rundt, har krav på en annen framstilling av sitt arbeid enn den Arbeiderbladet brakte i går».

Dessverre hadde ikkje Heggen Larsen nokon grunn til å vere glad. Det brevet ho var så «glad for» var eit falsum, og viss ho ikkje forstod det, hadde ho liten bakkekontakt. Det var *ein* person som hadde signert det svært velformulerte støttebrevet!

Da dei andre fekk kjennskap til kva ho hadde gjort, vart det opprørsstemning. På eit møte for dei Prifo-organiserte var det full semje om at «støtteerklæringa» måtte trekkjast tilbake. Ho som hadde sett namnetrekket sitt under, måtte skrive eit nytt brev til styreformann Gullaksen og seie frå at støtteerklæringa hadde «vakt reaksjoner internt i Oslo Pro». Ho bad derfor om at denne «ikke distribueres eller siteres fra i fremtiden». Dei andre

på møtet var ikkje tilfredse med berre det og vedtok – med knapt fleirtal – at dei ikkje lenger hadde tillit til henne som sin representant i styret for Oslo Promotion. Dette vedtaket fekk ikkje heilsides oppslag i avisene.

Vi trur denne episoden seier det meste om den dynastiprega måten Oslo Pro blir styrt på i dag. Tove Heggen Larsen klarte å «slå tilbake» ein kritisk reportasje i Arbeidarbladet, men øydela dei interne samarbeidsforholda i den bedrifta ho skal styre.

Ordføraren lovar bort pengar som ikkje finst

- *Vi må få meir ut av kvar kommunal krone.*
- *Kommunen kan samanliknast med ein familieøkonomi: Du kan ikkje bruke fleire pengar enn du har.*

Desse utsegnene – som isolert sett er fornuftige nok – har gong på gong vorti brukt for å forklare kommunale nedskjeringar i eldreomsorg og barnehagar. Men ingen reglar er utan unnatak.

Albert Nordengen er ein av dei som er heva over den slags. For ein smilande ordførar i landets hovudstad gjeld det andre reglar.

18 000 kroner til Høgres Hus

4. mai 1988 fekk Albert Nordengen ein telefonforespurnad om Oslo kommune kunne betale ei rekning på 18 000 kroner i samband med eit ope møte Aftenskolen skulle ha i Høyres Hus. Vel vitande om at det ikkje var pengar på den budsjettkontoen han tenkte å bruke, sa ordføraren ja. Dermed vart multimedieshowet «Oslo Touch» sjølve trekkplasteret på eit Storsal-arrangement for pensjonistar i Høyres Hus dagen etter. Utan at det skulle koste arrangøren fem øre.

Rekninga kom raskt, med forfall 21. mai. Ordføraren nølte ikkje, men skreiv følgjande forklaring på den rekninga som skulle vori betalt av møtearrangøren i Høgres Hus: «Pensjonistmøte for å presentere Oslo. Albert Nordengen.»

Han trudde kanskje at saka var ute av verda med det.

Når kontoen er tom, er ikkje eingong ordførar-signaturen nok til å få pengane ut av bykassa. I alle fall ikkje viss andre som skal passe på, gjer jobben sin. Det hjelper ikkje med gode underskrifter og gode føremål viss det ikkje finst «gyldig vedtak om bevilgning til vedkommende formål». Når vedtaket manglar, «må anvisningen nektes», slår Helge Hammer fast som sikker lovtolking i «Kommuneloven med kommentarer». Derfor måtte det – i ettertid – skaffast vedtak for å dekkje Albert Nordengens telefonlovnad.

Det tok tid.

Ikkje før 15. juni kom saka opp i Administrasjonsutvalet, men der vart det ikkje stilt eit einaste spørsmål. Kostnadsbevisste politikarar som Rune Gerhardsen (AP) og Peter N. Myhre (FrP) såg ingen grunn til spørsmål. Dermed var dei med på å sikre ei slags etterhands legalisering av den lovstridige gavmildheita som i dette tilfellet kom ordføraren sine vener i Høyres Hus til gode.

Kommunal sponning av alkoholreklame

Der er fleire tilfelle som viser at ordførar Albert Nordengen manglar klare oppfatningar av kva som er kommunalt og kva som er privat. Historia om vinreklamen hausten 1989 viser korleis han framleis trur han kan bruke pengar frå bykassa til slike formål som han sjøl er glad i, utan å bry seg om at budsjettkontoen er tom eller at det ikkje finst vedtak.

Med lett sinn gav Albert Nordengen ein munnleg lovnad om at Oslo kommune skulle dekkje alle utgifter ved ein serie reklamevideoar som Novavision A/S skulle produsere for vising på Executive Channel, dvs. internt fjernsyn på ein del større hotell rundt om i landet. Første episode vart produsert med bl.a. Albert Nordengen og Lars Jacob Krogh som skodespelarar i munter passiar

over ei flaske Larsens Cognac. Dermed vart lutfattige Oslo kommune sponsor for alkoholreklame.

Da rekninga for første episoden kom, vart det «same procedure as last year». Kontoen var tom. Dei ansvarlege i byråkratiet hadde trøbbel med å skjøne kvifor kommunen skulle engasjere seg økonomisk i denne delen av reklamebransjen. Men rekninga for «utgifter i forbindelse med deltakelse i Executive Channel (internreklame for hoteller etc.)» vart lagt fram for det kostnadsbevisste Administrasjonsutvalet. Som sa ja og amen til at kommunen skulle betale alle seks episodane – godt over 30 000 kroner til saman.

Nokre veker seinare, like etter at rekninga for episode 2 var komi på bordet, begynte ein journalist i Klassekampen å stille spørsmål. Da Nordengen vart oppringt frå produsentselskapet som hadde hatt journalisten på tråden, vart han nervøs. Raskt fekk han til ein avtale om at vener i Høgres bystyregruppe skulle ordne betaling av rekningane for både episode 2 og resten av videoserien.

Oppklaring med forviklingar

Ein Dagblad-kronikk Erling Folkvord skreiv om desse sakene 19. desember vekte såpass røre at Rune Gerhardsen starta neste dags bystyremøte med høgtlesing frå talarstolen:

«I administrasjonsutvalget husker vi at fra tid til annen passerer slike saker, og vi har selvsagt stolt på ordførerens fremstillinger. Jeg gjentar selvsagt. Det har vært utenkelig for oss som sitter der, at Albert Nordengen i administrasjonsutvalget ikke presenterer sannheten og bare sannheten. Derfor er dette grove beskyldninger, ordfører. Er de gale er det alvorlig for Folkvord, er de riktige er det alvorlig for ordføreren. Og for hans tillitsforhold til bystyret.»

Gerhardsen ba om ein oppklaringsrunde der og da.

I oppklaringsrunden viste Nordengen til at det heile tida hadde vori hans føresetnad at det var kommunen som skulle betale showet i Høgres Hus. «Det er ikke slik at det blir ringt fra Oslo Høyre og sagt at den regningen tar vi.» Videoserien var han meir usikker på, og opplyste at «det var en video som skulle gå ut på at jeg da skulle få lov å presentere Oslo. Det er ikke skjedd i den grad jeg mener det burde ha vært. Det har blitt for mye av andre ting. Jeg er overhodet ikke medlem av noen slik klubb, og intensjonen var at man da skulle få anledning til å fortelle om museene og ting som skjedde i Oslo. Det var da en video på 6 000 kroner. Da jeg oppdaget dette så er fortsettelsen blitt dekket på annen måte, fordi det var en kontrakt som går over noen måneder, og dette har jeg også fått administrasjonsutvalgets aksept på.»

Sa ordføreren, som i etterpåklokskapens lys kanskje såg at dette hadde vorti for mykje Larsens Cognac og for lite museum. Han prøvde også å roe bystyret med ei opplysning om at den summen som var betalt frå bykassa for den første episoden, no hadde vorti «tilbakeført» til bykassa. Da Folkvord spurde «Kven har tilbakeført det?», svara ordføreren at «det kan da ikke være så viktig».

Rune Gerhardsen på si side tykte det vart «en uklar oppklaringsrunde». Han slo fast at dette ikkje først og fremst dreiar seg om nokre tusen kroner frå eller til. «Utgangspunktet er hvordan det er fremstilt før en fatter beslutninger, og for meg er det ikke klart om Aftenskolens pensjonistkurs hadde fått tilsagn om penger før administrasjonsutvalget gjorde vedtak, eller om det ikke hadde fått det.» Når det galdt videoen, understreka han at Administrasjonsutvalget var invitert til å godkjenne dette opplegget, og gjorde det. Så hadde Administrasjonsutvalget aldri høyrte noko meir. Etter gjeldande vedtak skulle

altså videoproduksjonen framleis vere betalt av bykassa.

Ordføraren som meinte det ikkje var så viktig kven som til sjuande og sist betalte videoproduksjonen, ordla seg slik at bystyret måtte tru utgiftene var flytta vekk frå kommunerekneskapen, men han nekta å svare konkret på kor pengane kom frå.

Det som skjedde, var at ordføraren flytta sitt problem over til Høgres gruppeleiar Sveinung Lunde. Resten av Nordengen sine videorekningar vart omadressert internt i Rådhuset, til Høgres bystyregruppe, som ordna betaling for å dekkje Nordengen.

Signaleffekten

Ordførareren klarte altså å rote seg sjøl og andre Høgre-folk opp i eit klart regelbrot da han skulle prøve å kome seg unna den offentlege kritikken han frykta da ein journalist begynte å stille kritiske spørsmål.

Dette handlar om småsummar, berre om lag 30 000 kroner. Men når ordføraren i hovudstaden oppfører seg slik, har det sjølsagt ein klar signaleffekt utover i det kommunale apparatet. For å seie det med Alberts eigne ord: «Det kan da ikke være så viktig . . .»

Albert Nordengen og Hans Svelland på raid i Eilert Sundts gate 55

Tor Lauritzsen er stor på hybel- og hospitsmarknaden i Oslo, og han har spesialisert seg på utleige til det offentlege. Når hjelpsame byråkratar må melde pass, er det godt å ha politiske vener det går an å søke hjelp hos. Slik har Tor Lauritzsen på eit par år auka verdien av Idrettslaget Stålkameratene sitt hybelhus i Oslo frå 3,5 til 15 mill. kroner.

Hybelhus i hard valuta

Tor Lauritzsen oppdaga «Stålhuset» i Eilert Sundts gate 55 for snart fem år sia. Idrettslaget Stålkameratene i Mo i Rana hadde eigd garden i mange år og leigd ut hyblar, først og fremst til ungdom frå Rana-distriktet. Det var smått med pengar i klubbkassa, mens eigedomsprisane i Oslo gjekk opp og opp. Kanskje tidene var slik at det kunne bli meir igjen til drift av idrettslaget om dei selde huset? Tor Lauritzsen fekk tilslaget på 3,6 mill. kroner.

Men dermed var det ikkje sikkert at garden var hans.

Eigedomen var jo på mange vis som skreddarsydd for å skaffe losji til nokre av dei huslause som søker kontakt med sosialkontora i Oslo. Kommunens lovfesta forkjøpsrett kunne skape problem. I slutten av januar 1986 kom brevet frå Asbjørn Schei, den kommunale eigedomssjefen. Utan å ta kontakt med rehabiliteringskontoret hadde han avgjort at kommunen ikkje ønskte å kjøpe hybelhuset. Da var alt klart, men før skjøtet vart tinglyst, gjorde Lauritzsen det som Asbjørn Schei ikkje fann nødvendig: Han snakka med Rehabiliteringskontoret for å høyre om dei

var interessert i å leige 38 hyblar av han i Eilert Sundts gate 55. Det er jo alltid greitt å sikre seg leigetakar før ein kjøper ein eigedom.

Samarbeidet gjekk som smurt mellom Tor Lauritzsen og dei to nøkkelpersonane ved Rehabiliteringskontoret – sosisalsjef Lasse Johannessen og kontorsjef Jan Erik Linstad. Seinare har Lauritzsen forklart skriftleg for Albert Nordengen at det var ønske fra desse to som gjorde at han «forserte byggesaken» - dvs. oppussinga av hyblane, slik at alt sto klart til bruk ved årsskiftet 1986/87.

Prisforhandlingane gjekk også greitt. I november 1986 hadde Johannessen og Linstad opplegget klart: Leigekontrakten var uoppseieleg i 10 år og med årsleige på kr 2 500 000 – ein sum som skulle indeksregulerast kvart år. Det ville gi ei månadsleige på 5 480 kroner for kvar hybel. Dessutan skulle kommunen sjølsagt betale for straum, fying, vaktmeistertenester og fornying av møblar og sengety. Kommunen skulle overta hybelhuset «slik eiendommen i enhver henseende fremtrer ved overtagelsen, både bygningsmessig og forsåvidt gjelder inventar og løsøre». Leiga skulle betalast på forskot for eitt halvår av gongen.

Taksering av garden var Lauritzsens neste trekk. Han fann ein «snill» takstmann som ikkje såg at den tiårige 2,5 millionarskontrakten mangla kommunal underskrift, og derfor berre var eit forslag til kontrakt. Sosisalsjef Lasse Johannessen hadde nemleg ikkje lov å skrive under før kontrakten formelt var godkjend av bystyret. Takstmannen tok utgangspunkt i komande ti års leigeinntekt og slo fast at Eilert Sundts gate 55 no var verd 15 mill. kroner.

Nei frå bystyret

Alt såg ut til å gå greitt. Byrådet sa ja til leigekontrakten. Helse- og sosialkomiteen i bystyret – der seks parti er med

– sa samrøystes ja. Det gjekk så greitt at sosialsjef Lasse Johannessen like godt betalte den første halvårsleiga 22. april, sjøl om kontraktsforslaget enno ikkje hadde nådd fram til bystyret. Direkte uvørden var han ikkje; han betalte berre leige, og gjorde ingenting for å la nokon av byens huslause flytte inn.

Men i bystyret vart det trøbbel.

RV dokumenterte litt av forhistoria til «Stålhuset», og dermed nytta det ikkje å vedta den kontrakten som ein dyktig etatsjef alt hadde begynt å betale for. Det var framleis berre 16 månader sia eigedomssjefen på vegne av kommunen – sa nei takk til å kjøpe huset for 3,6 mill. kroner.

No engasjerte byrådsleiar Hans Svelland seg personleg. Her skulle det bli kjøp i staden for kostbar leige. Lauritzen avviste eit kommunalt tilbod om 11-12 mill. kroner. Han ville i alle fall ikkje selje under takst, og kravde 15 millionar. Hans Svelland overraska dei fleste da han tok opp salsspørsmålet utanom sakskartet i formannskapsmøtet onsdag 1. juli. Svelland forklarte at det stod om dagar, eller kanskje timar, viss kommunen skulle få kjøpe Eilert Sundts gate 55. Staten hadde meldt frå at Justisdepartementet ville kjøpe for 15 mill. kroner og sa ikkje kommunen ja torsdag eller fredag, ja da var det for seint. Derfor ba byrådsleiar Svelland om «formannskapets råd» som han sjøl uttrykte det.

Det vart ein underleg formannskapsdebatt. Ingen – utanom Svelland sjøl eller dei han hadde varsla – hadde visst at saka skulle takast opp. RV og SV argumenterte mot Svellands synspunkt, men dei fleste var tause. Berre ein einaste person kunne gi det rådet Svelland hadde bruk for. Albert Nordengen opplyste at han hadde gått gjennom Eilert Sundts gate og sett på huset – utvendig. – Eigedomen er «vel verdt» sine 15 millionar, sa ordføraren.

Men kjøpsvedtak vart det ikkje. Derimot bestemte formannskapet at byrådet fekk leggje fram ei ordinær sak om kjøp. – At sosialsjefen alt hadde betalt ut 1,25 millionar i «leige», fekk ikkje formannskapet nokon informasjon om.

I dagane som følgde tok RV kontakt med Justisdepartementet og Statens Byggje- og Eigedomsdirektorat. Ingen stad fann vi nokon som hadde varsla ein statleg vilje til å kjøpe Eilert Sundts gate 55. Underdirektør Killengren i Justisdepartementet understreka tvert imot at det var avklart at staten v/ Justisdepartementet ikkje ville kjøpe til ein slik pris. Svelland hadde altså bløffa i formannskapsmøtet!

Dette var ikkje til hinder for at Byrådet like etter bestemte seg for å kjøpe – for kr 15 mill. Kontrakt vart sett opp, og 20. august 1987 kunne Tor Lauritzsen endeleg skrive under. I kontrakten var det ikkje eingong tatt skriftleg atterhald om at han skulle betale tilbake dei pengane han hadde innkassert som «leige» etter 1. april. Med Lauritzsens underskrift på kontrakten var garden i Eilert Sundts gate i realiteten seld. Etter avtalelova var det ingen «angrefrist» for Lauritzsen, med mindre kommunen kom til å seie nei.

Eit betre tilbod

Da fekk Tor Lauritzsen besøk. «Forretningsmannen» og konkursspesialisten Tom Henriksen – kjend frå konkursar ved bl.a. restaurantane Zhivago og Festus – kunne tilby enda høgare betaling enn det Svelland hadde ordna. Og han lova å betale før 1. november.

Gjennom det nye selskapet sitt, Granfoss Eiendom A/S – som seinare gjekk konkurs før det vart registrert i Handelsregistret - hadde Henriksen store planar for Eilert Sundts gate 55. Han hadde funni ut korleis staten kunne

tappast for millionbeløp ved å gå omvegen om Røde Kors, som skulle skaffe innkvartering for asylsøkjjarar som kom til landet. Regjeringa si privatisering av asylmottaket hadde skapt ein ny marknad for Tom Henriksen.

Salsforhandlingane gjekk greitt. Lauritzsen selde Eilert Sundtsgate 55 enda ein gong, utan å la seg hemme av kontrakten han hadde skrivi med Oslo kommune.

«Ubehagelig prosess»

To veker før han skulle få betalinga frå Tom Henriksen, skreiv advokat Lauritzsen friskt og freidig til kommunens eiendomsetat 15. oktober 1987 og sa ifrå at «jeg fra i dag anser meg ubundet av de tilbud som er fremlagt til behandling» og at «jeg har fra i dag disponert over eiendommen på annen måte». Av grunnar vi berre kan ane, sende han kopi av dette brevet til dei to i Rådhuset som hadde vori til så god hjelp tidlegare i saka, byrådsleiar Hans Svelland og ordførar Albert Nordengen.

I brevet seier Lauritzsen at hele saka har vori «en lang og ubehagelig prosess, som jeg om nødvendig kan komme tilbake til i detalj». Lauritzsen påstår utan nærmare grunngeving «at saken politisk sett ikke er løsbart i kommunen». Elles er han frimodig nok til å påstå at kontakten med kommunen hittil har vori ei økonomisk påkjenning for han: «Ytterligere utsettelse av forrentning av eiendommen kan gå ut over min økonomiske bæreevne i en grad som jeg ikke kan tåle.»

Eigedomssjef Schei let seg ikkje presse eller påverke av slikt. 22. oktober svara han kort og kontant at advokat Lauritzsen hadde skrivi under ein kontrakt og var forplikta av si eiga underskrift «inntil det eventuelt er klart at bystyret ikke vil kjøpe eiendommen på deres betingelser». Saksbehandlaren hos eigedomssjefen har forklart at dei

ikkje var i tvil om at Lauritzsen var bunden til kontrakten. Avtalelova kan ikkje misforståast her.

Dette brevet må ha irritert Tor Lauritzsen. Same dag det kom inn på pulten, gjekk han rett til topps i Rådhuset og fekk straks ein samtale med Albert Nordengen. Etterpå skreiv han eit nytt brev – til Oslo kommune, Byrådet v/ byrådsleiar Hans Svelland, der han ba om å få trekke seg frå kjøpeavtalen – slik at «saken om Eilert Sundts gt. 55 blir lagt død i stillhet». Ordføraren fekk kopi av brevet.

Hans Svelland tok dette bokstaveleg og alvorleg. I administrasjonen har vi fått opplyst at brevet ikkje eingong vart ført i postjournalen. Derimot kalla han saman ein «intern konferanse» i byrådet sin sentraladministrasjon to dagar etter at Hans Svelland og Albert Nordengen fekk Lauritzsens siste brev. I dette møtet vart det avgjort at Lauritzsens skulle få viljen sin. Saka om Eilert Sundts gate 55 skulle «dø i stillhet» og eigedomssjef Schei skulle bli instruert om å skifte standpunkt. Han vart pålagt å la Lauritzsen sleppe ut av den underskrivne kontrakten mot at han betalte tilbake den «leiga» han hadde fått inn på kontoen sin 22. april.

Når lovverket blir ei hindring

Denne saka har fleire alvorlege og tvilsame sider. Hans Svelland eller andre enkeltmedlemmer i Byrådet har ingen rett til å instruere ein etatsjef. Det kan berre eit samla byråd. Den «interne konferansen» 26. oktober 1987 hadde altså ikkje nokon lovleg rett til å instruere eigedomssjefen om å gi etter for Lauritzsens krav. Byrådsleiaren valde ein lovstridig framgangsmåte for å sikre den stilla rundt saka som Lauritzsen kravde.

Like alvorleg er det at det nye opplegget som Lauritzsen og Tom Henriksen dermed fekk klarsignal for, var klart i strid med Bygningslova. Eilert Sundts gate 55 var

og er regulert til bustadføremål. Heile poenget med Tom Henriksens asylsøkjarsprosjekt var at han skulle drive næringsverksemd i «Stålhuset». Han forhandla fram ein avtale med Røde Kors som var bygd på prisar pr. døgn pr. person. Det vart ført beleggslister som på eit slags pensjonat. Døgnprisen var kr 325 for vaksne og kr 250 for ungar. Rekningane pr. veke varierte frå rundt kr 110 000 til omkring kr 140 000. Denne avtalen gav ei fortjeneste som var langt større enn det Lauritzsen hadde avtala med sosialsjef Lasse Johannessen.

28. desember 1987 starta Røde Kors utbetalingane til Granfoss Eiendom A/S for «hybelhuset» og millionsummar rulla ut fram til april 1988. Før Røde Kors gjennomskua Tom Henriksen og ante uråd med heile «Granfoss Eiendom A/S», hadde selskapet i løpet av drygt seks månader mottatt kr 6 453 331 for ulike eigedomar, der forretningsdrifta hadde klare fellestrekk med opplegget i Eilert Sundtsgate 55.

Hans Svelland medverka aktivt til at Tor Lauritzsen og Tom Henriksen fekk setje i gang høgprofitabel, men lovstridig næringsverksemd. Ordførar Nordengen har i alle fall medverka gjennom passivitet. Som ordførar burde han ha gjort undersøkingar om korleis saka gjekk vidare etter samtalen med Tor Lauritzsen 23. oktober, og han burde ha forvissa seg om at saka vart korrekt handtert.

Seinare vart det ein del nye forviklingar for Tor Lauritzsen, for Tom Henriksen følgde sin innarbeidde stil. Han betalte ikkje kjøpesummen som var avtala, korkje innan fristen 1. november eller innan den nye fristen i mars 1988. Henriksen nøgde seg med å innkassere millionane frå Røde Kors så lenge det gjekk.

Det er muleg at dette forundra Tor Lauritzsen. Tom Henriksen hadde jo gjort eit seriøst inntrykk, og i for-

handlingane hadde han hatt god hjelp frå rådgivaren sin, Per Eggesvik – med fortid som A-presseredaktør og kommunalpolitikar i Oslo.

Likevel kom ikkje Lauritzsen dårleg ut av det. Etter at han var «ferdig med» Tom Henriksen – som han sjøl har uttrykt det, fekk han ein brukbar avtale med Røde Kors. Denne avtalen gav ei årsleige på kr 4,1 mill. Sjøl om Lauritzsen i følgje kjelder i miljøet rundt Tom Henriksen måtte betale ei «erstatning» på eit par millionar for å bli kvitt sistnemnde, synest det klart at det vart pen «avkastning» av samtalen med Albert Nordengen og breva til han og Hans Svelland i oktoberdagane 1987.

38 tome hyblar

Pengestraumen frå statskassa – via Røde Kors – til Tor Lauritzsen stoppa da Røde Kors avvikla engasjementet sitt i asylsøklarbransjen. Dette har skapt visse problem for Lauritzsen som er lite lysten på å leige ut hyblane i «Stålhuset» som vanlege hyblar, i samsvar med gjeldande regulering. Derfor står 38 hyblar tomme i dag – mens dei huslause ikkje eingong oppnår å få timeavtale før om fleire veker på sprengde sosialkontor.

«Gullegget i Brynestads kurv»

Atle Brynestad er ein av dei framgangsrike unge forretningsmennene frå Bærum som veks seg stor gjennom børsoppsving og jappebølge midt på 80-talet. Han får plass i Høgres økonomiutval etter at den skattesvindelmistenkte Bjørn Bettum blir meir til ulempe enn til hjelp. Hotel Europa i St. Olavsgate 31 er sjølve «gullegget i Brynestads kurv», som Aftenposten skriv i eit stort koseintervju med den dynamiske Bærums-mannen hausten 1989. Atle Brynestad kjøper «gullegget» sitt sommaren 1985, samtidig som han engasjerer seg både økonomisk og praktisk i eit anna hotellprosjekt – Svelland-brørne sitt hotell på Ustaoset.

Korleis Hotel Europa vart bygt om

«Gullegget» har ei forhistorie som ikkje bør bli gløymd. I ei konsesjonssak til formannskapet i 1975 heiter det at huset bl.a. inneheld «162 hybelleiligheter, 3 kontorert samt 2 to-værelsesleiligheter». Bystyret har vedtatt ei streng regulering av dette kvartalet for å hindre kontorisering o.l.: «Bruksendring av eksisterende bolig tillates ikke.» Ei uvanleg klar bystyreformulering for å sikre at bustader blir verande bustader.

Det var ingen luksus, men heller ikkje dårlege bustader det var snakk om. Dei som budde der, karakteriserte det som «et av de bedre hybelhusene i Oslo . . . Det har egne bad og wc til hvert rom (dette er uvanlig), dessuten er det et lite tekjokken, riktignok uten vask, men stort nok til at

matstellet ikke foregår i oppholdsrommet». Det budde mange gamle der, og heimesjukepleien meinte det «etter alminnelig vedlikehold (er) et utmerket alternativ til de eldre alders- og trygdeboligene».

Da avdøde byggmeister Johs. Solberg kjøpte egedomen for 13 millionar kroner i januar 1982, var det korkje for å drive hybelhus eller alternativ til trygdebustadene. Han såg at det ville vere store pengar å tene på å gjere hybelhuset om til hotell, viss han berre kunne finne ein omveg rundt det bastante bystyrevedtaket.

Solberg fann denne utvegen. Han engasjerte entreprenør og formannskapsmedlem Per Sæther (H) som byggjeleiar og hyra Lill Horg Meinich, gift med dåverande nestsjef på byplankontoret, til å vere arkitekt.

Da Solberg og medhjelparane hans kom i gang, gjekk det fort. I februar 1982 fekk dei ei erklæring frå byplankontoret om at det ikkje fanst permanente leigeforhold i egedomen. Denne erklæringa opna så vegen for dei andre godkjenningane som var nødvendig. Og den planlagde ombygginga kom i gang.

Korleis kunne så Byplankontoret sende ut ei erklæring med dette innhaldet når fleire av leigekontraktane tilmed var tinglyst? Dei som handterte saka på byplankontoret, kan ikkje ha undersøkt korkje hos byskrivaren eller i konsesjonssaka frå 1975.

To år etter vedgår bygningssjefen at «det er således på det rene at byplankontorets uttalelse bygger på såvel feilaktig rettslig som faktisk grunnlag». 10. februar 1986 erkjenner så sakshandsamaren ved byplankontoret overfor ein advokat som arbeider med saka, at kontoret hadde bygd på opplysingar dei hadde fått frå eigaren eller rådgivarane hans. Med andre ord: arkitekt Lill Horg Meinich og formannskapsmedlem Per Sæther.

Johs. Solberg gjorde gode pengar på at byplankontoret

såg vekk frå fakta og heller fatta vedtak på grunnlag av usanne opplysingar. Han fekk 65 millionar kroner da han selde til Atle Brynestad i 1985, og eit nøkternt overslag går ut på at han fekk ein gevinst på om lag 20 mill. kroner.

Trugsmål frå formannskapsmedlem

Ho Chow dreiv restaurant i første etasje i hybelhuset, og ville absolutt ikkje flytte. Med lite hell prøvde ho å gå rettens veg. Ho er elles meir kjend i media fordi ho importerte landsmenn til slaveliknande arbeidsvilkår i restauranten sin i Oslo. I eit prosesskrift til Lagmannsretten i 1986 skreiv høgsterettsadvokat Ole Borge bl.a.:

«Hva spesielt angår Per Sæther er det nu fremkommet ytterligere opplysninger som viser hvor aktivt han opptrådte til støtte for Johs. Solberg (gårdens eier). Ho Chows restaurant ble sommeren 1982 oppsøkt av Per Sæther, som her traff restaurantbestyrer Thorbjørn Baumann og kasserer Shum-Chit-Yu. Sæther meddelte at restaurantvirksomheten måtte innstilles straks, da ombyggningsarbeidenes fremdrift gjorde dette nødvendig. Han meddelte videre at han var medlem av Oslo formannskap og derfor hadde det i sin makt å forhindre at Ho Chow fikk fornyet sin restaurantbevilling – hva han ville sørge for hvis Ho Chow ikke flyttet ut.»

I lagmannsrettssaka fekk ikkje dette noko å seie. Formelt var det eit forsøk på å få tatt opp saka til ny behandling. Da er det vanskeleg å kome gjennom nålauget. Eidsivating lagmannsrett kunngjorde i snirklete språk 18. august 1986 at domarane kunne «ikke se at Sæthers befatning med saken er ny kjensgjerning som alene eller sammenholdt med øvrige opplysninger bringer saken i en slik radikalt endret stilling at de strenge krav i tvistemålslovens paragraf 407 nr. 6 er tilfredsstilt».

Men det er jo eit heilt anna spørsmål om ikkje for-

mannskapet, ordføraren eller i alle fall fylkesmannen burde reagere når ein vel respektert høgsterettsadvokat kjem med slike påstandar. Professor Carl August Fleischer har formulert sitt syn på dei nemnde organa sin passivitet slik:

«Undersøker man ikke nærmere i et slikt tilfelle, legger man samfunnet åpent for korrupsjon og andre misbruk . . . Hvis man ikke skal legge forholdene positivt til rette for korrupsjon, og nærmest avvertere at forbrytere kan slippe unna med nær sagt hva som helst i forhold til Oslo kommune og fylkesmannen, er det nødvendig med en seriøs behandling og vurdering når påstander av denne art blir fremlagt.»

Nordengen ringer Brynestad

Om det var denne breisida frå Fleischer som fekk ordførar Nordengen til å reagere, skal vere usagt. Men fredag 23. januar 1987 tok han eit initiativ. Han ringde til partifelle og hotelleigar Atle Brynestad, som på dette tidspunktet alt hadde investert ein million kroner i det underskots-tyngde og nokså gjestefrie Svelland-hotellet.

Brynestad deltok ikkje aktivt i saka da Byplankontoret hjelte Johs. Solberg i 1982. Men vi bør kunne ta for gitt at han kjende den juridiske situasjonen til den eigedommen som han betalte 65 mill. kroner for. Brynestad er rettsetterfølgjaren til Solberg og kan derfor ikkje byggje nokon ny «rett» for seg som kjøpar og eigar på den uretten som seljaren har gjort seg skyldig i. Derfor hadde ikkje hotelleigar Brynestad meir «rett» å vise til enn den forrige eigaren, da han fekk oppringinga frå Albert Nordengen denne fredagen i januar 1987.

Atle Brynestad opplevde dette som ein ubehageleg telefonsamtale. Det var ikkje den blide og hyggelege Albert Nordengen som var på tråden denne dagen.

Brynestad følte beint fram at ordføraren kom med negative påstandar og skuldingar.

Atle Brynestad tok opp skuldingane i eit brev til Albert Nordengen da helga var over. Han går gjennom saka sett frå sin synsvinkel og avsluttar med ei opplysning om at han og medarbeidarane hans i selskapet Made In A/S «vanligvis strekker oss lenger enn det som er påkrevet av oss. Jeg føler derfor at den kritikken som delvis var ment å ramme undertegnede, ikke var særlig berettiget eller hyggelig.»

Vi veit lite om kva Albert Nordengen tenkte da han fekk brevet frå den unge forretningsmannen i Høgres økonomiutval. Men han må ha skjønt at det var umuleg å «rydde opp» eller få til kompromiss her utan å få ein steinhard og open konflikt mellom viktige folk i Høgre. Og så bøygde han av. Eit par månader etterpå lova han rett nok å hjelpe Ho Chow med nytt lokale. Men også dette måtte han gi opp lenger utpå våren.

Frå hybel til hotell – sju år etter

Det har vori svært vanskeleg å få denne saka opp på dagsordenen i Oslo bystyre. Men sju år etter at ombygginga starta, var det komi så langt at bystyret i møte 5. april 1989 vart invitert til å omregulere hybelhuset til hotell. Uretten skulle legaliserast. Dette var ei av dei siste sakene byrådet la fram før Hans Svelland trekte seg som byrådsleiar. I den lett retusjerte saksframstillinga står det ikkje nemnt med eitt ord at den avgjerande erklæringa frå Byplankontoret i februar 1982 «bygger på såvel feilaktig rettslig som faktisk grunnlag». I dette bystyremøtet reiste RV forslag om ei uavhengig gransking av heile Hotell Europa-saka, og føreslo at bystyret måtte vente med å avgjere spørsmålet om omregulering til hotell til granskninga var ferdig. Dette fekk ordførar Nordengen til å gå på talarstolen for å setje sakene på plass:

«På grunnlag av de gråtkvalte henvendelser jeg da fikk da Kina-restauranten vart kasta ut, ikke minst fra Fleischer og Borge, undersøkte jeg denne saken. Vi tapte også denne saken i retten. Jeg har meget god samvittighet ved å avvise at en nå skal rote opp i dette igjen. Jeg mener at den er belyst. En kan jo ikke, slik som RV ønsker det, sitte i granskingskomiteer alle sammen. Skulle vi granske alt det RV tar opp, ble vi sittende i granskingskomiteer hele byen snart. Denne saken har, etter min mening, vært tilstrekkelig belyst. De sterke ord som her er brukt, synes jeg ikke har noen som helst berettigelse.»

Ordføreren fekk god støtte av varaordfører Peter N. Myhre som også gjorde sitt for å få debatten opp på eit høgt nivå. Så har da også Myhre i Bygningsrådet frå første stund vori ein konsekvent støttespelar for eigarinteressene. Myhre forenkla dei juridiske problema i saka slik:

«Brynestad har kjøpt bygningen, og betalt for den. Så har han søkt om en bruksendring til hotell, og fått det. Nå søker han om omregulering. Han har ikke tatt noe fra noen. Hvis Erling Folkvord står i en kolonialforretning og kjøper en loff, og passerer forbi kassen og betaler i det han går ut, kommer ut på gaten, lykkelig eier av en ny loff, så kan ingen si til Folkvord at han har tatt den loffen fra noen. Han har jo kjøpt den, og det er det Atle Brynestad også har gjort, når det gjelder den bygningen han har gjort om til hotell i St. Olavs gate.»

Vegringa

Med den debatten var Oslo bystyre ferdig med saka. Forslaget om granskning av forhistoria – bl.a. det avgjerande brevet frå Byplankontoret i februar 1982 – vart avvist med 83 mot to røyster. Oslo bystyre liker ikkje at uavhengige granskarar får kikke politikarar og byråkratar i korta.

Politikarane har skapt grobotn for korrupsjon og maktmisbruk

Politikarkorrupsjonen har vore vanskeleg å få fram i lyset, og den er vanskeleg å kome til livs. Grunnane til det er mange. Nokre av dei viktigaste er at politikarane kan dekkje seg sjøl og kvarandre bak eit virvar av organ og organisasjonar. Dersom dei likevel blir avslørte, har det vore oppfatninga både blant dei sjølve og blant mange andre at dei er «heva» over dei lovane og reglane som gjeld i samfunnet. For å seie det med Albert Nordengen: «Det kan da ikke være så farlig . . .»

Politikarar er eit velorganisert folkeferd. I Norge er alle politikarar av noko format medlemmer av parti. Blir dei valde, er dei òg med i styre, nemnder, råd og utval saman med andre partirepresentantar. Dei fleste politikarane som arbeider innafor det norske politiske systemet, synest at det er det beste og mest demokratiske som finst. Dei har derfor utvikla ein idé om at partia og dei statlege og kommunale organa – slik vi har dei i dag – må vernast mot utidige åtak utafra. Dei synest derfor at det er viktigare å ta vare på sine egne enn å slåss for interessene til folket.

Partibok-korrupsjon

Eit døme på dette er saka om ein bydelspolitikar frå Tøyen, omtala i boka «Sosialsentralen» av Erling Folkvord, Harald Stabell og Frode Gjertsen. Bydelspolitikaren, som representerte Arbeidarpartiet, tok 40 000 kroner frå bydelskassa. Bydelsutvalet vedtok likevel at dei ikkje

skulle melde mannen. Seinare fekk han jobb ved Sosialsentralen. Arbeidarparti-mannen som var sjef der, gav svindlaren ei stilling med sjekkkfullmakt, sjøl om revisjonen protesterte.

Mannen gjorde underslag igjen og vart oppdaga. Han måtte slutte, men sjefen – som stadig var partifelle – gav han ein god attest. På dette viset kunne han skaffe seg ei ny stilling ved ein helseinstitusjon, også denne gongen med økonomiansvar. Dette hadde vore utenkjeleg om han ikkje hadde hatt gode partifeller og politiske vener i andre politiske miljø som ville verne han.

Over lovane og reglane

Bystyret i Oslo har vedtatt ei lang rekke reglar og vedtekter om korleis spelereglane skal vere innafør kommunen. Men rett som det er bryt politikarane sine egne vedtak.

Bystyret vedtok til dømes 7. september 1988 å leggje ned det som heitte Teknisk- og miljøvernkomiteen. Som leiar og nestleiar i komiteen mista Pål Atle Skjervengen (FrP) og Ole Jacob Frich fulltidsstillingane sine som kommunalrådar. Bystyret vedtok samstundes at Skjervengen skulle gå inn som vanleg medlem i Helse- og sosialkomiteen, at Frich skulle inn som nestleiar i Bygningsrådet og at tidlegare nestleiar i Bygningsrådet, Erna Ansnes, gjekk inn i Byutviklingskomiteen som vanleg medlem.

Frich fekk dermed ei ny kommunalrådsstilling, for reglementet om «politiske ombud i Oslo kommune» slår fast at berre leiar og nestleiar i bystyrekomiteane skal vere kommunalrådar.

Erna Ansnes og Pål Atle Skjervengen mista etter dette alle plikter og oppgåver som høyrer med kommunalrådsvervet, slik som reglementet fastset. Men dei mista ikkje

kommunalrådstittelen, kontora sine og kommunalråds-
lønna si på om lag 340 000 kroner.

Ut av tvangstrøya

Då Raud Valallianse i bystyret peikte på at reglementet for «politiske ombud i Oslo kommune» var brote, vedgjekk av ordføraren at spesialordninga for Skjervengen og Ansnes ikkje var heimla i noko reglement. «Men», uttalte Nordengen, «det må være åpenbart for alle, at det reglementet som ble fastsatt av formannskapet ikke er ment som noen tvangstrøye som det ikke kan foretas endringer i».

Dette betyr at dersom politikarane går ut over gjeldande reglement – og det blir oppdaga – så endrar dei berre reglementet og ikkje praksis. Det er slikt som gir god grobotn for korrupsjon og annan maktmisbruk.

Om kriminell organisering,
korruppte forhold og tenestefolk
som ikkje forstod kva dei var
med på

Den kriminelle organisasjonen, I: Dei tre bukkane Bruse

Vedlikeholdsetaten i Oslo kommune – som vart oppretta i 1979 - skulle i teorien være ein «pottetett» organisasjon. Reglane for omgang med firma som leverer varer og tenester er strenge. Både direktøren og den politisk samansette Bygge- og vedlikeholdskomiteen skal føre tilsyn og ha kontroll med verksemda. Likevel klarer fleire tilsette i nøkkelsstillingar – saman med entreprenørar og handverkarar - å omgå all kontroll, unndra seg tilsyn og lure millionar av kroner ut av etaten. Dei dannar eigne «nett» innafor systemet – eit nettverk som fungerte som ein kriminell organisasjon.

Smurde i over 29 år

Einar Dalflyen hadde ingen startkapital da han fekk sitt eige firma i 1982, men han hadde Asbjørn Granly i Vedlikeholdsetaten «på si side». Og så fekk han tilbod om starthjelp frå Oddvar Roll, ein av dei eldste medarbeidarane i staben hos dåverande vedlikehaldsdirektør Øystein Bergersen. Med hjelp frå Oddvar Roll vart det laga til seks «tomme fakturaer» datert 14. og 15. januar 1982. På det viset stilte Oslo kommune eit starttilskot på kr 100 200 til rådvelde for den nye samarbeidspartnaren som både Oddvar Roll og Asbjørn Granly hadde bestemt seg for å satse på.

Rett skal vere rett. Oddvar Roll kravde inga gjenyting, korkje i form av arbeid for kommunen eller presentar til seg sjøl av dei første 100 200 kronene. Men som Dalflyen

seinare har vedgått: Han hadde sett korleis den førre arbeidsgivaren hans betalte Roll, så han var fullt klår over kva følgjer denne forma for starttilskot ville få for han sjøl og for firmaet. Dalflyen har forklart til politiet at smøring av kommunale nøkkelpersonar var ein fast praksis i alle dei 29 åra han hadde jobba for Oslo kommune i sitt gamle firma Byggservice A/S.

Enda mens firma Dalflyen nærmast var i ei oppbyggingsfase, fekk Oslo kommune ny vedlikehaldsdirektør. Bjørn Jacobsen var ingen nykommar på bygg-og vedlikehaldssektoren da han tok over denne ansvarsfulle stillinga i 1983. Han hadde bl.a. vori sekretær for styringsgruppa som planla opprettinga av eigen vedlikehaldsetat i 1979.

Detaljert reglement

I eit kontorsirkulære i oktober 1983 peiker direktør Jacobsen på at «det synes som om det stadig er en del usikkerhet til stede med hensyn til hvem som har rekvisisjons- og anvisningsrett». Han understrekar i rundskrivet sitt at det «i utgangspunktet» berre er direktøren som har rekvisisjonsrett, men han har delegert denne retten til nokre av dei næraste medarbeidarane: vedlikehaldssjefen, tre seksjonssjefar, teknisk sjef og kontorsjefen.

Systemet har fleire sikringar mot feil og misbruk. Det er påbod om at etaten «skal» bruke rekvisisjon ved alle kjøp av varer og tenester over 500 kroner, utanom slike kjøp som er dekkja av ein eigen kontrakt. Når saksbehandlaren har skrivi ut bestillinga på rekvisisjonsskjemaet, skal han levere dei fem kopiane av skjemaet til den som har rekvisisjonsrett. Han skriv så under. Det er vanlegvis saksbehandlaren som seinare skal kvittere for at vara er mottatt eller at tenesta er utført. Ein særskilt regel slo fast at han som hadde rekvisisjonsrett ikkje skulle kvittere for utført arbeid. Han skulle derimot kontrollere «konte-

ringa», dvs. at utgiftene var ført på riktig rekneskapskonto og så sette namnetrekket sitt i rubrikken «attesteres til postering». Når alt dette er ordna, er det enda ikkje klart for utbetaling. Kvar faktura må gjennom enda eit ledd og få signaturen til den som har tilvisingsrett.

I Dalflyens startfase var det berre to personar som hadde den retten og det ansvaret. Det var vedlikehaldsdirektøren og kontorsjefen hans. Seinare – i 1986 – vart tilvisingsretten spreidd slik at ein avdelingssjef og tre tilsette i rekneskapsseksjonen òg fekk rett til å tilvise utbetalingar frå Vedlikehaldsetaten sin konto i Kreditkassa.

Nesten pottetett

Dette systemet var slik bygd opp at ein enkelt person aleine ville få trøbbel med å berike seg sjøl på etatens rekning. Det var lagt inn kontroll i så mange ledd at ein skulle vere trygg, viss da ikkje alle – eller nesten alle – som satt i dei ulike kontrollfunksjonane gjekk inn i eit organisert samarbeid for å tappe pengar frå bykassa.

I 1986 innførte direktør Bjørn Jacobsen enda eit ledd i kontrollen på større oppdrag: «Uansett dekningsmåte, gjelder som generell regel at ethvert prosjekt som overstiger kr 100 000.- inkl. merverdiavgift skal forhåndsgodkjennes av direktøren før rekvisisjonen utstedes».

Det hjalp altså ikkje om den enkelte rekvisisjonen var på under 100 000 kroner, dersom han var del av eit prosjekt som til saman kosta meir. Direktøren skulle skrive initialane sine på rekvisisjonen «som sikkerhet for at dette er gjort».

Likevel var ikkje kontrollen slutt med dette. Byråkratane blir kontrollerte av politikarane. Bygge- og vedlikeholds-komiteen – vald av bystyret – var ein av dei «tunge» komiteane på 80-talet fram til 1986. Dei store

partia var omhyggelege med å plassere dyktige folk i leiinga av Bygge- og vedlikeholds komiteen som skulle føre tilsyn og kontroll etter eit detaljert reglement. Komiteen skulle «kontrollere at virksomheten drives etter gjeldende bestemmelser og på den mest mulig økonomiske måte». Komitemedlemmene skulle dra på inspeksjonar utan førehandsvarsel der dei fann det høveleg.

Korleis kunne det da ha seg at herrane Oddvar Roll og Asbjørn Granly i 1982 kunne gå i eit slags svart kompaniskap med denne Einar Dalflyen, som både var pengelens og utan handverkarutdanning? Var det berre dei to som visste om det? Korleis kunne dei seks «tomme fakturaene» frå to januardagar i 1982 sleppe gjennom det nokså finmaska kontrollsystemet i Vedlikeholdsetaten? Kunne 100 200 kroner skli ut til eit heilt nytt og ukjent firma i løpet av to dagar utan at dåverande vedlikehaldsdirektør Øystein Bergersen la merke til det? Stilte han seg ingen spørsmål om dette nye firmaet som så brått kom inn på leverandørlista, og som altså fekk ut 100 200 kroner utan å utføre noko som helst arbeid? Det var fungerande seksjonsleiar Asbjørn Granly som signerte startrekvisisjonen til Dalflyen. Kven var det som kvitterte for at det fiktive arbeidet var utført? Vi har ikkje svara, men veit at enda fleire spørsmål står i kø.

Oddvar Roll - «nyrik» pensjonist

I dag er Oddvar Roll 75 år. Han var ein trufast samarbeidspartner for firma Dalflyen frå den spinkle starten i 1982 til han sjøl slutta i kommunen. Etter kvart kom han med krav om motytingar eller utbyttedeling. Dette overraska ikkje Einar Dalflyen. Han kjende jo både Oddvar Roll og systemet med dei svarte utbetalingane frå sine 29 år i Byggeservice A/S.

Dei samarbeidde nært. Roll kom rett som det var med «tomme rekvisisjoner», og nokre gonger ba han om å få ein faktura frå Dalflyen utan at det i det heile var skrivi rekvisisjon. Motytingane var byggjevarer og kontantar. Kontantutbetalingane varierte frå eit par tusen og opp mot 20 000 kroner kvar gong. Roll gav til vanleg inga opplysning om kva pengane skulle brukast til. Men det hende også at Dalflyen fekk vite kva formål han betalte ut til. Slik som når Roll skulle bytte bil: Då kom kontantutbetalinga frå Dalflyen opp i 30-40 000 kroner. Mellomlegget mellom den nye og den gamle bilen vart finansiert på den måten.

Ingen skal tvile på at Oddvar Roll hadde eit merkbart tilskott til levemåten sin gjennom «samarbeidet» med Einar Dalflyen A/S. Men Roll var ikkje grisk og grådig. Dalflyen har gjort etterforskarane merksam på at Roll har fått mange ting som han «har gitt bort vidare, bl.a. til bestyrere og bestyrerinner ved forskjellige institusjoner i Oslo kommune».

Asbjørn Granly - den «sjuke» vedlikehaldsinspektøren

56 år gamle Asbjørn Granly er ein mangfoldig mann. Han er aktiv i pinsekyrkjelyden Salem og er ein av dei som har bygd opp og utvikla den kriminelle økonomiske organisasjonen i Vedlikeholdsetaten. Han har lang tenestetid i kommunen.

Granly har på same måte som ein del kollegaer, gjort bruk av «Bank Dalflyen» i Trondheimsveien. Nokre gonger møttest Asbjørn Granly, Einar Dalflyen og ein av dei andre tilsette i «banken» for å dele pengar. Det kunne vere opp til 30-40 000 kroner som vart delt rundt bordet på den måten at Granly gav kvar enkelt av dei kontante pengar i handa. Granly stilte etter kvart store krav. Dalflyen har forklart at han møtte Granly ein gong i veka

for bl.a. å gi han rekvisisjonar til private innkjøp. Einar Dalflyen tykte Granly var så grådig at det verka heilt sjukt. Ein del av varene skulle Granly ha for å selje vidare, slik at han kunne få kontantar sjøl.

Det blir aldri muleg å få fullt oversyn over denne svindelen. Dalflyen hugsar at han har tatt ut leca-stein til ein del grunnmurar for folk i Granly sin bekjentskaps- eller kundekrets. Men han hugsar ikkje kor mange og veit ikkje kven som har fått slik hjelp til å byggje hus. Eit typisk eksempel frå den rettslege forklaringa til Dalflyen er slik: Han hugsar at det vart «levert en grunnmur til Gjelleråsen, men han vet ikke til hvilken person. Granly kom til siktede og ba om at han rekvirerte varen han trengte, og siktede bestilte leca til grunnmur via Ivar O. Haugen, Hokksund. Siktede har fått riktig faktura fra Ivar O. Haugen, men siktede har over-fakturert lecaen som arbeid utført på Frognerbadet og Tøyenbadet».

Våren 1989 hadde Asbjørn Granly bruk for kontantar igjen. Han gjekk til Dalflyen og sa han måtte få 20 000 kroner. Granly dikterte sjøl «bilaget» som skulle bokførast. Der står det at utbetalinga galdt konsulenttenester han hadde utført. Da bilaget var ferdigskrivi, fekk Granly sjekken med seg og gjekk. Konsulenttenester ut over det å diktere falske bilag har han aldri utført for Einar Dalflyen A/S.

Det er ikkje riktig å teikne eit heilsvart bilete av Granly. På same måte som Oddvar Roll har han gitt bort mange gåver til vener og kjente. Og han var særleg hjelpsam overfor pinse-venene sine. Han var uerstatteleg som medlem av byggjekomiteen for det nye Salem-templet i Sannergata. I minst 3-4 år vart oppdrag og vareleveransar til kyrkjelyden betalt over kommunalt vedlikehaldsbudsjett. Einar Dalflyen bestilte og skreiv ut rekningar, Asbjørn Granly signerte rekvisisjonar. Dalflyen har inga

meining om kor store summer han har fått Oslo kommune til å betale for Salem. Til politiet forklarte han «at han ikke har orket å regne på det».

I dag er det andre som må prøve å rekne på dette og meir til. Oslo kommune skal prøve seg med erstatningskrav mot Asbjørn Granly. Skal kravet bli rett, må kommuneadvokaten og hjelparane hans finne alle privatuttaka til Granly, summere dei og rekne renter.

Frank Gjersing - rekneskapssjefen med firma på si'

Laurdag 28. oktober 1989 var ein trasig dag for ekteparet Eva og Frank Gjersing. Kommunerevisjonen hadde forlangt å få oversendt kopi av rekneskapen for firmaet Eva's Vedlikehold, eit personleg firma som ikkje så mange kjende til, men som periodevis hadde hatt store oppdrag for Oslo kommune. Rekneskapssjef Frank Gjersing, som hadde hatt same nøkkel-posisjonen heilt frå Vedlikeholdsetaten vart oppretta i 1979, følte for første gong at det tok til å brenne under føtene på han. Han visste om det store dokumentbeslaget politi og skattevesen gjorde hos to av etaten sine leverandørar ved sankthanstider.

Men denne laurdagen skulle han prøve å byggje opp eit forsvar. Han hadde invitert Einar Dalflyen heim til seg. Dei var godt kjende. Det var aldri lenge mellom kvar gong Einar Dalflyen var innom kontora i Sørkedalsveien. Og Gjersing hadde jo også vori innom firmakontoret i Trondheimsveien 8, bl.a. for å hente sjekkar i «Bank Dalflyen».

Det vart eit underleg møte i stua hos Gjersing i Lillebergveien. Gjersing ville konsentrere seg om det han trudde var muleg, nemleg å lage ei truverdig forklaring på dei jobbane som Eva Gjersing's reinhalds- og vedlikehaldsfirmas hadde fått betalt for på Ullevål sjukehus dei tre siste åra. Han hadde tatt med seg heim eit kart over

Ullevål Sjukehus. Dalflyen hadde for sin del tatt med seg alle dei utgåande fakturaene sine for dei seinare åra. Og så sat dei der og skulle prøve å få det umulege puslespelet til å gå i hop. Målsetjinga var å lure både kommunerevisjon, skattevesen og politi.

Eva's Vedlikehold hadde tilsynelatande utført mange jobbar på Ullevål. Men i rekneskapen hadde dei ikkje tenkt på at det burde stå nøyaktige opplysningar om kor på Ullevål jobbane var gjort. Kva skulle dei seie når revisjonen spurde om dette? Ullevål Sjukehus med sitt milliardbudsjett er jo ein liten by i seg sjøl.

Det vart dyster stemning rundt bordet, da det viste seg at det heller ikkje var lett for Einar Dalflyen å peike ut dei bygningane der dei skulle påstå at Eva's Vedlikehold hadde utført arbeid. Sjøl var Dalflyen lite kjent på Ullevål, utanom dei stadene han sjøl hadde arbeidd. Frank Gjersing var ikkje kjend der i det heile tatt. Det enda opp med at dei samanlikna rekningane frå dei to firma og reduserte ambisjonsnivået ned til å finne «en del plasser som kunne stemme sånn nogenlunde overens i tid». Det var helst Frank Gjersing som førte ordet. Eva – sjølv firmaeigaren – hørde på, men det verka ikkje som ho heller hadde detaljkunnskap om kor hen på Ullevål firmaet hennar hadde vori i sving med vaskekosten.

Det som ingen av dei to visste akkurat da, var at finansdirektør Viggo Johannessen dagen før hadde fått eit brev inn på pulten sin som reiste mange spørsmål rundt firma Einar Dalflyen. Brevet som vart sendt i kopi til Raud Valallianse sitt antikorrupsjonsutval hadde denne ordlyden:

«Herr Finansdirektør.

*At dette brevet kommer anonymt til Dem beklager vi.
Men hvem er det i disse tider som tør stå åpent fram med*

sitt navn. At vi dekker oss bak anonymitet svekker ikke brevets troverdighet.

Igrunnen har vi gjennom flere år ønsket å skrive et brev som dette. Men vi har ikke hatt noen å skrive til. For de personer som vi eventuelt skulle skrive (snakke) til i Sørkedalsveien (adressen til Vedlikeholdsetaten) ville ramme oss selv istedenfor. Og våre brev ville bli brukt som opptenningspapir.

Saken gjelder Ullevål sykehus. Gjennom mange år, og til i dag har vi stilltiende måttet se på at firmaet Einar Dalflyen A/S Trondheimsvei 8 Oslo, tappe Ullevål sykehus sitt budsjett inntil det sinnsyke. Riving etter riving, i bygning etter bygning har fullt ut brukbare flislagte rom, våtrom etc. blitt revet ned. For så å bygges opp igjen. Snekringsarbeider. Malerarbeider. Med bruk av leiefolk godt mikset med egne ansatte avogtil. Mest leiefolk. Først det siste året har visst Dalflyen fått sin sønns tømmerpapi-rer i firmaet sitt.

Alt velsignet gjennom Oslo Kommunes inspektører. Selv har han ikke håndverksutdannelse engang.

Men han må ha millioner på kontoen. Det har jo versert endel rykter også om hvordan ting ordnes. Slik som dobbelfakturering. Det er jo slike penger det reises for. Mange har turene vært i Tyskland/ Kiel med kommuneinspektører.

Mens syke mennesker her på sykehuset ikke får den nødvendige pleie og helsestell på grunn av pengemangel. Slik har vi sett hvor sykeavdelingene har lidd mens vedlikeholdet har sprøytet ut millioner etter millioner. Godt tappet av firmaet Einar Dalflyen m. flere. År etter år har Dalflyen tappet millioner fra sykehuset. Mange ganger har det virket som han enerådlig har kunne bestemme selv hva som skulle rives og bygges opp igjen av fliser, med maler og snekkerarbeid.

Vi grøsser vi som gjennom lang tid nå har vært vitne til dette. Nå håper vi at dette kan det bli en slutt på. Er det noen som burde bli etterforsket er det Dalflyen A/S. Han eier ingen skrupler, hverken han eller hans likesinnede. Om å gjøre og krafse mest mulig til seg selv, mens sykeavdelingene og pasientene lider og lider under pengemangel. Slike personer gir f-en i andre menneskers skjebner.

Vi som har slitt i mange år orker ikke å se på at dette skal fortsette. Med denne korrupsjonen. Etter hard overveielse er vi kommet fram til at det å sende dette brevet er riktig av oss.

Kopi til Erling Folkvord og RV antikorrupsjonskomite.»

Ei veke seinare fekk Einar Dalflyen besøk. To utsende frå Kongsberg Politikammer banka på kontordøra. Opprullinga i kjølvatnet av bokettersynet hos Ivar O. Haugen A/S på Hokksund hadde nådd enda eit firma. Før Einar Dalflyen betydde det slutten på firmaet og starten på lange veker med brev og besøksforbod i arresten på Kongsberg.

Det Dalflyen har forklart seg om, er ein kriminell organisasjon. Ein kriminell organisasjon der den kommunale rekneskapsjefen er ein nøkkelmann. Ein organisasjon som er så velsmurt og innarbeidd at det er ei kurant sak å la to leverandørfirma samarbeide om produksjon av falske fakturaer for å levere private byggjeverar til rekneskapsjefen si hytte.

Men korkje den forrige eller den noverande vedlikehaldsdirektøren – Ole K. Ramstad – har ant noko som helst om dette. Ramstad forklarte til Arbeiderbladet 28. september 1989 at han sjøl var ein så ryddig fyr at han visste at ingen eingong ville tenkje på å mistenkje han. –

Folk i bransjen vet at jeg ikke kunne tenke meg å reflektere over «smøring». Derfor har jeg heller aldri opplevd noe slikt, sa Ramstad.

Gjersings største «kupp» før han vart avslørt galdt eit større takarbeid som aldri vart utført ved Ullevål sjukehus. Vedlikeholdsinspektør Asbjørn Granly skreiv ut tre rekvisisjonar på dette arbeidet i 1988. Kvar rekvisisjon låg tett oppunder 100 000 kroner for å omgå regelen om at oppdrag på over kr 100 000 skulle setjast ut på offentlig anbud. Men fordi «prosjektet» var på over kr 100 000 må vi gå ut fra at det var førehandsgodkjent av vedlikeholdsdirektør Ole K. Ramstad i samsvar med dei interne reglane i etaten.

Etter at Dalflyen hadde fått rekvisisjonane gav Granly - utan nærmare forklaring - beskjed om at det førebels ikkje vart noko av denne jobben. Dermed vart Einar Dalflyen sitjande med sine eksemplar av rekvisisjonane, mens dei fire andre kopiane følgde kontorrutinene i Vedlikeholdsetaten. Gjersing sat sentralt plassert og oppdaga at det var pengar å hente, om han kunne få «aktivisert» desse rekvisisjonane igjen.

Han tok med seg gjenpartar til Dalflyen, og dermed var opplegget klart. Eva's Vedlikehold - dvs. Frank Gjersing - sende rekningar til Einar Dalflyen A/S for drygt 90 000 kroner i løpet av dei første ni månadene i 1989 utan å utføre noko som helst arbeide. Dalflyen tok med desse summene - saman med andre postar som skulle dekkjast - når han så sende inn rekningar for takarbeida på Ullevål. I løpet av eit års tid betalte Gjersings kommunale rekneskapskontor ut meir enn 260 000 kroner til Einar Dalflyen A/S for takarbeid som aldri vart utført, og ein stor del av summen gjekk vidare til han sjøl.

Frognerbadet og Tøyenbadet – kor «blind» går det an å vere?

Framtidig drift av Frognerbadet er eit omstridt spørsmål. For Høgre er høge kostnader ved drift og vedlikehald i kommunal regi eit argument for å sleppe private interesser til. Dei færraste kjenner til at det skjuler seg ei særskilt – og for kommunen nokså kostbar – form for «privatisering» bak den oppussinga som nyleg er avslutta.

Det «konsulenthonoraret» som Asbjørn Granly tok ut av «Bank Dalflyen» på forsommaren 1989 er berre ein av mange private utbetalingar som vart finansiert over Frognerbadet sitt vedlikehaldsbudsjett. Her viste forøvrig Asbjørn Granly talent som konsulent – i ordets rette forstand. Han sa frå til Einar Dalflyen at ein annan næringsdrivande – som også hadde oppdrag for Asbjørn Granly/Oslo kommune – skulle pusse opp privathuset sitt. Granly forklarte kva for eit målarfirma som skulle gjere jobben. Når så målarfirmaet sende rekninga for dette privatarbeidet til firma Einar Dalflyen, ja, da måtte han vere snill å ta med dette som overfakturering på dei oppdraga han likevel skulle ha på Frognerbadet.

Og slik vart det. Oppussing av privathuset vart ført som materialforbruk på Frognerbadet. Asbjørn Granli sjøl tok ut trelast frå firma Thaugland og drencrør frå Ivar O. Haugen A/S. Trelasten og drencrøra – som truleg er brukt på Granlis nybygg ved Arendal – er ført som måling på Frognerbadet!

Ved Tøyenbadet har firma Dalflyen i 1989 skrivi ut store og overdimensjonerte rekningar nesten i samlebandstempo. På knappe to sommarmånader – mens rekneskapsjef Gjersing var på ein hyggeleg seglferie i Egearhavet – er det 9 rekningar med samla sluttsum på over 360 000 kroner. Den første – og største rekninga – var på 94 000 kroner. Differansen mellom underbilaga og

denne rekninga til kommunen var 28 000 kr, eller nær ein tredjedel av sluttsummen. Dette var – ifølgje Dalflyens rettslege forklaring – «penger han har overfakturert til kommunen, for siden å gi bort til Asbjørn Granly i form av varer han kunne komme til å trenge».

Igjen må vi spørje: Korleis kan det ha seg at korkje kontorsjef eller vedlikehaldsdirektør forstod noko som helst av dette? Vi har å gjere med eit organisert system der «konsulent» Granly får minst tre firma til dels å utføre arbeid for kommunen, dels å utføre privatoppdrag, dels å produsere falske rekningar. Så skal desse losast gjennom alle dei sinnrike ledda i kontrollen hos vedlikehaldsdirektør Ramstad, frå den første førehandsgodkjenninga og fram til siste kontroll og tilvising av korrekt beløp for godt utført arbeid. Og vi må gå ut frå at slik tilvising ikkje skjedde før direktøren hadde forvissa seg om at også desse oppdraga var utført «etter gjeldende bestemmelser og på den mest mulig økonomiske måte».

Den kriminelle organisasjonen, II: Gudfaren med Arbeidarpartiet og Kommuneforbundet i ryggen

Thorolf Johannessen – dette er eit namn det står skrekk av. Gjennom tiårs kommunal tenestetid – fram til han nådde pensjonsalder i 1988 – har han opparbeidd seg slike oppnamn som «Langbein» og «Bulldoser'n». Det første fordi han alltid har brukt å kome seg unna i tide. Det andre på grunn av den personlege stilen hans. Han kan verkeleg brøyte veg for dei sakene og standpunkta han går inn for, men kjem du i vegen for han og nektar å bøye av, kan du få merke at «Bulldoser'n» er ein mektig mann. Så seint som nokre veker før politiet slo til mot han i februar 1989, har vi opplevd at personar med lang kommunal fartstid avslår å snakke om han på telefonen, og ser seg godt rundt om det finst tilhøyrarar når namnet hans blir nemnt. 22. mars 1990 seier han at han vil samarbeide med politiet, og mange skjelv.

Med verv i Arbeidarpartiet

Thorolf Johannessen vart rik. Han nådde langt fordi han på ein meisterleg måte klarte å klatre samtidig i tre ulike maktstrukturar.

For det eine var han ein mann med verv i Arbeidarpartiet. Ikkje store verv, men han var ein mann som tok på seg oppgåver i partiorganisasjonen, f.eks. som leiar av Lambertseter Arbeidersamfunn. I kjølvatnet av dette følgde mange kommunalpolitiske verv: Han starta smått – men kanskje ikkje heilt tilfeldig – etter kommunevalet i 1971 og vart varamedlem i distriktssosialutvalet for Nordstrand/Manglerud og i det kommunale desisjonsutvalet.

Det siste er ein viktig post. Innsyn i arbeidsmåten til det øvste politiske kontrollorganet i kommunen som fører tilsyn med Kommunerevisjonen, kan vere både nyttig og interessant.

Året etter vart han varamedlem i skatteutvalet og formann i bydelsutvalet. Ved kommunevalet i 1975 sto han på APs liste, utan å bli vald. Men på grunn av fråfall seinare vart han siste varamann til bystyret i 1977. Forutan verv i bydelsutval er han no med i Restaurant- og bevillingsnemnda og han er varamedlem til Sosialomsorgsnemnda, der Michael Tetzschner er formann.

Etter 1979-valet venta nye oppgåver på Thorolf Johannessen. Som varamann i Vei- og vannutvalet vart han kjend med enda ein kommunal sektor, mens arbeidet i Restaurant- og bevillings-nemnda bl.a. gav kontakt med politikarar som Hans Henrik Ramm (H) og Carl Ivar Hagen (Frp). I dag har han trappa ned, slik at han no berre er vararepresentant til Skatteutvalet.

Fagforeiningsmakt

For det andre kom han raskt til sentrale verv i Kommune- forbundet. Som mangeårig styreformann i Oslo Kommunale Bolig- og Byggetaters fagforening hadde han viktige trådar han kunne trekke i. Dette medførte bl.a. at han sat i Boligutvalget som representant for dei tilsette frå 1972 til 1983. Ettersom det var dette utvalet – der Michael Tetzschner forøvrig var gruppeleiar for Høgre frå 1980 til 1986 – som skulle «føre tilsyn» med alt som skjedde i etatane under boligrådmannen og «kontrollere at virksomheten drives etter gjeldende bestemmelser og på den mest mulig økonomiske måte», var dette ein viktig utkikkspost for Thorolf Johannessen.

For det tredje hadde han yrkeskarrieren og den makt- posisjonen som følgde med dei kommunale stillingane

han hadde, først hos varmeingeniøren, seinare i vedlikehaldsavdelinga hos byggedirektøren og så frå 1979 til 1988 i den nye Vedlikeholdsetaten. Da vedlikehalds-direktør Bjørn Jacobsen i 1983 let sin gode ven Thorolf Johannessen få rekvisisjonsrett, nådde han toppen av si økonomiske makt. No kunne han aleine inngå avtalar med leverandørfirma som var forpliktande for Oslo kommune.

Til saman gir alle desse funksjonane større makt enn det som er summen av dei ulike verva. Han kjende storparten av det kommunale «apparatet» og vart sjøl kjend i mange miljø. Thorolf Johannessen kunne derfor trekkje i mange trådar samtidig, både personlege, partipolitiske og administrative.

Feilskjer som kunne gitt karriereknekk.

Han har gjort nokre feilskjer som kunne ha kosta han dyrt, om det ikkje hadde vori for hjelpsame personar rundt han i det kommunale apparatet.

Han hadde ikkje jobba så veldig lenge i kommunen før han tok til å føle behov for tilskott til den kommunale lønna. Svært tidleg prøvde han sjøl den individuelle vegen – og ikkje vegen om fagforeningskamp – for å få pengar til meire enn smør på maten. I 1958 oppsøkte han eit firma som leverte fyrkjelar og anna utstyr. Paul Schwartz – som i dag er administrerande direktør i eit anna firma – var sjef for oljeavdelinga. Dei hadde på femtitalet hatt ein del installasjonar for kommunen. Thorolf Johannessen kunne no tilby så godt som einerett på utstyrsleveransar til Oslo kommune. Det var berre eitt vilkår. Firmaet måtte inkludere ein fem prosents rabatt i prisane sine.

Først trudde Paul Schwartz det var snakk om rabatt for kommunen, men så forstod han at det var Thorolf Johannessen som skulle ha pengane. Da gjorde Schwartz det som ingen annan torde – korkje før eller seinare – han

kasta Thorolf Johannessen ut av kontoret sitt. Og skreiv deretter eit brev til vedlikehaldssjefen i kommunen. Schwartz hugsar framleis episoden som om det var i går. Brevet avslutta han med ein klar beskjed om at «... undertegnede ber seg fritatt for alle oppdrag fra Oslo kommune for all fremtid».

Ingen ville ha oppstuss

Vedlikehaldssjefen fekk dette brevet knapt to år etter at bølgiene i avisene hadde lagt seg etter den store korrupsjonssaka i Tollvesenet, der bl.a. dåverande grosserar Olav Thon vart dømd. Men han må ha vori fast bestemt på at han ikkje ville ha oppstuss rundt ei kommunal korrupsjonssak. Schwartz høyrde aldri noko meir frå nokon kommunal instans om saka. Men 10 år seinare – etter at Schwartz hadde etablert sitt eige firma – kom Thorolf Johannessen på nytt besøk. Han hadde med seg same tilbodet, og fekk like klart svar.

I oktober 1989 fekk Paul Schwartz omsider ein førespurnad. Kontorsjef Per Kruse-Jensen i Vedlikeholdsetaten skulle undersøkje kva som hadde skjedd i 1958. Det er symptomatisk for undersøkingane at saka er feilaktig og unøyaktig omtala som ei sak om oljeleveransar i «granskingsrapporten» som det kommunale Backerutvalet laga i november 1989.

Byggjedirektør Vagn Horn Fjalestad fekk ein liknande rapport tidleg på 70-talet. Igjen var det «Langbein» som hadde vori ute og fiska etter returprovisjon. Byggjedirektøren tok dette akkurat så alvorleg at han undersøkte saka. Heile undersøkinga var unnagjort på nokre minutt – gjennom ein prat under fire augo med Thorolf Johannessen. Da denne forsikra at det heile var dikt og løgn, følte byggjedirektøren seg trygg. Like trygg som Thorolf Johannessen sjøl kunne kjenne seg – fram til at ein liten

underleverandør gjekk konkurs for eit par år sia. Denne konkursen vart medverkande årsak til eit bokettersyn i Bærums-firmaet El-Oil Norge A/S.

Korrupsjonsopprullinga i Oslo som skaut fart utover vinteren 1990 var eit resultat av fleire prosessar som i starten var innbyrdes uavhengige av kvarandre. Bokettersynet i El-Oil Norge A/S var ein av grunnane til at dei to direktørane i dette firmaet kom på kant med kvarandre. Men det var nok tilfeldig at den eine av dei kontakta den tidlegare underleverandøren berre tre dagar etter at finansdirektør Viggo Johannessen første gong fekk orientering frå Oslo Politikammer om at dei hadde begynt å nøste på det som kanskje kunne bli ein kommunal korrupsjonsskandale. El-Oil-direktør Egil Olav Hansen ville snakke med underleverandøren som hadde stått for riving av gamle fyranlegg før El-Oil hadde montert nye kommunale fyrkjelar. Thorolf Johannessen hadde skaffa dei mange slike jobbar. El-Oil Norge og Hans Eriksens Kjeleservice var dei to leverandørane som Thorolf Johannessen hadde gjort seg mest nytte av, ikkje minst etter at han fekk rekvisisjonsrett frå Bjørn Jacobsen i 1983, slik at han – også formelt – kunne inngå avtalar på eiga hand.

Smart system

Systemet var sinnrikt. Samarbeidet mellom Thorolf Johannessen, El-Oil Norge A/S og eit rivefirma starta same året som Einar Dalflyen fekk kommunalt «startbidrag» til sitt firma frå Johannessens kollegaer Oddvar Roll og Asbjørn Granly. Vi kan i ettertid trygt slå fast at det opplegget som «Langbein» var med på, var det smartaste. Det var nesten sikkert. Før i dei kommunale rekneskapsbøkene var alt tilsynelatande i orden. I bøkene hos El-Oil Norge A/S var det også tilsynelatande ryddig – i alle fall

når det galdt desse oppdraga. Men hos rivefirmaet vart det rot. Det vart avslørt då dei gjekk konkurs. Konkursårsaka var triviell: Dei betalte ikkje moms, ganske enkelt fordi dei ikkje hadde råd til det.

Rivefirmaet gav først eit ordinært pristilbod til El-Oil. Etterpå, da jobben var gjort, sende dei ei rekning som – etter avtale – var om lag dobbelt så stor. Så sende El-Oil denne rekninga vidare til Vedlikeholdsetaten med normalt påslag. Thorolf Johannessen sørge for at det vart laga ein rekvisisjon på det høgaste beløpet på kvar jobb, og da oppgjeret kom frå Vedlikeholdsetaten, fekk rivefirmaet sitt oppgjer på sjekk frå El-Oil. Rive-gutta fekk da utbetalt det høgaste beløpet, heva sjekken på ABC-banks filial på Stabekk og gjekk tilbake til direktør Arne Five i El-Oil som fekk tilbake «mellomlegget» mellom det falske fakturabeløpet og det opprinnelege pristilbodet.

Rivefirmaet kom dermed i eit uføre som det rekneskapsteknisk knapt fanst veg ut av: Inntektsbilaga viste inntening som var dobbelt så stor som det dei faktisk tente. Skulle dei betalt moms av alle desse fakturaene, hadde det vorti lite igjen å leve av. Samarbeidet med «Langbein» vart starten på undergangen for dette firmaet.

Politiet slår til

Utpå seinhausten 1989 bestemte direktør Egil Olav Hansen i El-Oil seg for å gå til politiet. Da hadde Kommunerevisjonen ei tid vori kjent med hovudtrekka i samarbeidet mellom Arne Five, rivefirmaet og Thorolf Johannessen. Hansen fortalde politiet ein del om det han meinte direktørkollega Arne Five hadde hatt på gang saman med Thorolf Johannessen. Og så – i januar 1990 – gjekk politiet til aksjon. Dei arresterte direktør Arne Five, og tok hand om ein del dokument.

Overgangen kan bli brå – frå direktørliv i Bærum til

varetekt med brev- og besøksforbod. Det gjekk ikkje lang tid før direktør Five la ein del av korta på bordet. Han skildra i detalj korleis samarbeidet mellom han og Thorolf Johannessen hadde vori, korleis han hadde levert hundretusenar kroner til den korruperte avdelingsingeniøren i Vedlikeholdsetaten, pent pakka i brune konvoluttar.

Torsdag 15. februar slo politiet til på nytt – mot Thorolf Johannessen. Men politiet kom for seint. «Langbein» hadde vori for rask enda ein gong. Dagen før hadde han reist til Kanariøyane på ferie. Politifolka dirka opp låsen og tok med seg det dei fann interessant, før dei plomberte døra. Ved heimkomsten 28. februar vart han møtt av politifolk som følgde han til døra og gjorde nye dokumentbeslag, i tillegg til at dei kravde å få utlevert nøklar slik at dei kunne gjennomskjue feriehuset hans ved Tønsberg.

Advokat Sigurd Klomsæt som forsvarte Johannessen, meinte på dette tidspunktet at klienten hans «først og fremst er interessant for korrupsjonsjegerne fordi han kan være nøkkelen til noen av toppene i kommunen». Klomsæt sa til VG at «Johannessen sitter med til dels meget store kunnskaper om hvordan en rekke av dem har finansiert sitt forbruk».

«Gudfaren» tilstår

Natt til onsdag 21. mars 1990 sat Thorolf Johannessen i lange avhøyr. Avisene skreiv etterpå at han «da korta på bordet». Vi trur det er ei overdriving. Han hadde i mange år ein Gudfar-posisjon innafor det kriminelle systemet i Vedlikeholdsetaten. Han veit så mykje om så mange at han kan gjere helvete heitt for sentrale folk i kommunen, sjøl om han ikkje på nokon måtte legg alle korta på bordet. Om han berre viser fram eit par av dei dårlege korta frå den eine av kortstokkane, kan det vere nok til at fint folk kjem til å skjelve.

Det kan bli avgjerande kva slags forsvarsstrategi han legg opp for seg sjøl. Han har for lenge sia tatt kloke tiltak for å sikre seg sjøl. Revisorane som no arbeider i Vedlikeholdsetaten, finn stadig papirlappar der det står at det eller det dokumentet er «utlånt til Thorolf Johannessen». Det spesielle er at desse lappane er datert lenge etter han slutta i Vedlikeholdsetaten!

Han tok seg tid til å «rydde» vekk bevis etter seg, lenge etter han hadde vorti pensjonist. Da han dreiv på med denne ryddesjauen, hadde han ein svart plastsekk ståande på kontoret. Der samla han det som skulle fjernast.

Ein gong tidleg i 1989 var det fleire som var på leiting etter eit dokument. Ein person føreslo at dei kanskje skulle gå inn og sjå i den svarte sekken til Thorolf. Dei så gjorde. Men da var både Thorolf og den svarte sekken borte. Gudfaren var ferdig med ryddesjauen.

Dei korta han etterkvart legg på bordet kan bli øydeleggjande for fleire lovande politikarkarrierar. Men ein del av dei «korta» som Thorolf sjøl var redd for, kjem aldri på bordet. Dei forsvann – saman med den svarte sekken.

Trafikksjefen som forfalskar og fingerer og blir lønt med nyoppretta stilling

Høgre mannen Jan Tesli vart tilsett som leiar for Trafikksjefens etat i Oslo kommune våren 1984. I den tida Tesli regjerer, avdekkjer Raud Valallianse ei lang rad med store og små feil og snusk og fanteri i etaten. Trafikksjefen prøver å gi det private firmaet Intrum Justitia oppdraget med å krevje inn parkeringsgebyra i hovudstaden – ein jobb som kommunens eige kemnerkontor sjøl kunne gjere billegare. Tesli forfalskar ein del protokollar og fingerer ein anbuds konkurransen for at selskapet skal få overta. Både byråd og bystyre slår ring om Tesli – som tidlegare har vore varamedlem av bystyret og medlem av organisasjonsutvalet saman med Hans Svelland. Trass i at finansdirektøren seinare slår fast at det var sakleg grunn til å gi mannen avskjed, blir det oppretta ei ny konsulentstilling for Tesli i Vedlikeholdsetaten.

Jan Teslis inntog i Trafikksjefens etat i 1984 var litt spesielt – sett utifrå. Tilsetjinga av den tidlegare Høgre-politikaren var ei klar forbigåing av ein annan vel kvalifisert søkjar som hadde mange års tenestetid som nestsjef i etaten. Men ingen protesterte. Det er vanleg i Oslo kommune at trufaste tenarar frå Høgre og Arbeidarpartiet får toppstillingar når dei ønskjer det.

Intrum Justitia-skandalen

Intrum Justitia A/S driv stort i inkasso-bransjen og har ei lang rekkje ulike klientar. Hausten 1983 – før Jan Tesli

vart trafikksjef – kasta dei seg over Oslo kommune. Direktør Tore Lysfjord har stadfesta at selskapet meinte Oslo var inngangsporten til kommunale oppdrag i resten av landet.

Ein av Teslis første gjerningar som trafikksjef vart ein studietur til Intrum Justitias søsterbedrift i Stockholm. Det finst ikkje rapport frå «studiereisa».

I mars 1985 foreslo Tesli at Intrum Justitia – i ein prøveperiode – skulle overta innkrevjinga av kommunen sitt tilgodehavande hos dei som fekk bilane sine taua inn til den store inntauingstomta. Denne privatiseringa vart samrøystes godkjent i det daverande Kommunikasjonsutvalet, der det sat politikarar frå Framstegspartiet til Arbeidarpartiet. Ingen av partia i utvalet tok opp at det ikkje hadde vore gjort forsøk på å innhente tilbod og følgje anbudsreglementet.

25. august 1985 foreslo Jan Tesli at Arbeidsmiljø- og samarbeidsutvalet (ASU) i Trafikksjefens etat skulle vedta: «Innkrevjing av parkeringsgebyr og tilleggsavgifter for Oslo overføres til Intrum Justitia A/S.»

Framlegget vart vedtatt av eit samrøystes ASU 30. august 1985 der forøvrig ein av AP sine varamedlemmer til bystyret deltok med røysterett på arbeidsgivarsida.

Forfalsking

Men så skjedde det noko. Ein eller annan må ha reagert og tatt saka opp med Jan Tesli. Arbeidsmiljø- og samarbeidsutvalet i Oslo kommune har ikkje fullmakt til å vedta at ein annan etat sine arbeidsoppgåver skal overførast til eit privat firma. Og ikkje noko organ i kommunen kan vedta denslags utan ei eller anna form for anbudskonkurranse. Det var då trafikksjefen skulle rette opp dette, at han forandra protokollen fra ASU-møtet. Han forandra konklusjonen i framlegget sitt, og fjerna dei setningane

som viste at det allereie var avgjort at Intrum Justitia skulle ha jobben, og så forandra han dokumentet slik at vedtaket han sende vidare såg slik ut:

«Alt arbeide med innkreving av parkeringsgebyr og tilleggsavgifter i Oslo settes ut på anbud.»

Dette falske vedtaket sende han til Kommunikasjonsutvalet og Formannskapet. Det vart vedtatt begge stader med skiftande fleirtal. Men ingen av partia undersøkte kva slags førebuing saka hadde fått tidlegare.

Vel hadde det kome nokre kjelkar i vegen for Tesli da han i august 1985 skulle gi parkeringsgebyrinnkrevjinga til Intrum Justita, direkte og utan konkurranse. Men han visste likevel råd. Da trafikksjefen laga anbuds materialet, skreiv han rett og slett av det opplegget som Intrum Justitia sjøl hadde lagt fram i november 1984. Resultatet vart som skreddarsydd for det private firmaet, og inneheldt samstundes så få opplysningar at det vart umuleg for andre interessentar å gi eit fullstendig tilbod. Dette er seinare stadfesta av kommuneadvokaten.

Tesli heldt god kontakt med Intrum Justita på denne tida. Kommunerevisjonen skriv i ein rapport som vart laga hausten 1987 at dei «stusser også ved at etaten ved noen anledninger har bespist Intrum Justitia A/S på restaurant, bl.a. for å orientere om pågående anbudssak vedrørende innkreving av parkeringsgebyr og tilleggsavgifter».

Byrådet peika ut tre mann til den anbudskomiteen som kåra Intrum Justitia som klar vinnar i oktober 1986. Dei tre var: trafikksjef Jan Tesli, samferdselsdirektør Thorleif Haug (no: direktør for Fjellinjen A/S) og finansdirektør Viggo Johannessen.

Fullt forsvar i byrådet

Raud Valallianse tok opp saka om Tesli og Intrum Justitia første gong i bystyret 12. november 1986. Ex-

byrådsleiar Hans Svelland blåste seg voldsomt opp, og sa at han ikkje ville oppheve vedtaket i anbudskomiteen:

«Det er delt ut til bystyret (av RV, forf. merknad) en omfattende dokumentasjon, og det er stilt tre spørsmål til byrådet. For det første går det på om vi ut fra de opplysninger som Folkvord her har lagt fram vil oppheve den beslutning som anbudskomiteen har fattet i saken. Til det er bare å svare et klart nei. Det vil byrådet ikke gjøre på grunnlag av de opplysninger som ligger her. Det henger sammen med at de opplysninger som her er lagt på bordet er ufullstendige, ukorrekte og er sammenstilt på den måten at en fra sammenstillers side ønsker å oppnå et resultat som ikke er i pakt med de faktiske forhold.»

I staden for å gjere noko med den snuskete anbudskonkurransen, gav altså den daverande byrådsleiaren RV skulda for å ha fuska ved å «sammenstille» opplysningar på ein «ukorrekt» måte!

12. februar 1987 skreiv Tesli under ein toårskontrakt med Intrum Justitia. Ein rapport frå Kommunerevisjonen var ferdig to veker etterpå og gav RV rett i påstanden om at anbudskonkurransen var fingert.

Men denne rapporten kom for seint. Og i fjor vår måtte bystyret kripe til krossa og be Intrum Justitia om å bli løyst frå kontrakten som vart underteikna to år tidlegare. Kva kommunen må betale for dette, er det enno ingen som veit fordi forhandlingane med det private firmaet ikkje er slutførde. Men Intrum Justitia har varsla at dei vil ha 7,5 millionar kroner for å la kommunen slippe unna.

P-hus for Kværner – København for trafikksjefen

I august 1985 – om lag samstundes med at Jan Tesli freista å gi jobben med parkeringsgebyrinnkrevjinga til Intrum Justitia direkte – starta han eit samarbeid med Kværner

Brug A/S om bygging av eit midlertidig parkeringshus på Tullinløkka midt i sentrum av Oslo.

I eit brev datert 20. august dette året skriv Kværner til Trafikksjefen at selskapet «er på jakt etter egnede prosjekter som senere eventuelt kan benyttes som referanseanlegg». Dette samarbeidet endte opp i at Tesli 2. desember 1985 la fram ei sak for kommunikasjonsutvalet om å byggje eit midlertidig P-hus på Tullinløkka. Framlegget var heilt ut i samsvar med tilbodet frå Kværner.

Det private firmaet var godt fornøgd. Tesli, plansjefen hans og ein annan medhjelpar fekk – som ein slags takk for hjelpa – ein invitasjon til å bli med på ein tur til København 8 dagar etterpå.

I følgje ei forklaring Tesli sjølv har gitt til Kommune-revisjonen, var det Kværner Brug A/S og samarbeidsfirmaet Svensk Stål som arrangerte turen. Kommune-revisjonen skriv vidare i ein rapport om saka at København-turen var ei reise der «utgifter til opphold og kost ikke er medtatt i reiseoppgjøret med etaten». Det hotellet som reisefølgjet frå Norge skulle budd på, finn ikkje igjen gjestene på sine lister og det finst heller ikkje faktura frå opphaldet der. Kven som har dekte utgiftene til Tesli og venene hans er dermed eit ope spørsmål.

Englands-tur for Tesli og Fjellinje-direktøren

Ein annan utanlandstur som Tesli var med på, var ei reise til England i september 1985. Denne reisa var arrangert av Parkeringsservice A/S og målet med turen var «studier i forbindelse med Fjellinje-prosjektet og bomstasjoner». Fjellinja er som kjent ein motorveg-tunnel tvers under Rådhuset i Oslo. I tillegg til trafikksjef Tesli, var vegsjef Per Ulstad, daverande teknisk rådmann Ulf Beichmann og daverande kommunikasjonsrådmann Thorleif Haug med på ferda. Det private firmaet la ut flybillettar og

hotellopphald for alle dei kommunale deltakarane – unntatt Tesli. Etter at reisa var over, skreiv imidlertid kommunesjefane reiserekningar som vart dekte av kommunen.

Den einaste som let det private firmaet betale for seg var Thorleif Haug. Men den same Haug må ha brukt tida godt i England. Han har som kjent vorti direktør for Fjellinjeselskapet som står for drift av tunnelen og bomstasjonane rundt Oslo.

Bydelsprosjektet - El Dorado

1. juli 1988 er det feststemning i Oslo Rådhus. Denne dagen blir dei 25 nye bydelane i Oslo til, i eit eksperiment med den kommunale forvaltninga som saknar sidestykke annan stad i landet og i historia. Til å førebu denne «reforma» etablerer bystyret ei gruppe som fekk namnet Bydelsprosjektet. Dette prosjektet blir eit El Dorado for lure konsulentar og private leverandørar. Mellom dei som syg ut pengar frå prosjektet på urettmessig vis, er ein kommunal tilsett som etablerer seg som privat konsulent og sel arbeidskrafta si til Bydelsprosjektet for 700 – 750 kroner timen. Ein annan konsulent arbeidde tidlegare i skolesjefens etat. Men som privat næringsdrivande med munnleg kontrakt med kommunen, får han utbetalt ein million kroner i årslønn frå Bydelsprosjektet. Leiaren for Bydelsprosjektet, Arne Heilemann, blir seinare forfremma og sit no i den faste staben til finansdirektør Viggo Johannesen.

Berre i 1988 bruker Bydelsprosjektet over 53 millionar til konsulentar, før det blir lagt ned om hausten. Det er fleire døme på at eksterne konsulentar attesterer reknningar frå andre eksterne konsulenter. Likevel godkjenner prosjektleiaren rekningane for utbetaling frå bykassa.

Med kommunal tilsett som konsulent

Ein av konsulentane i Bydelsprosjektet var samstundes tilsett på ein barnevernsinstitusjon i Oslo kommune.

Tidleg i 1988 vart ho beden av Arne Heileman om å halde kurs for bydels-politikarar og tilsette i perioden mars 1988 – mars 1989. Utbetaling av honorar for mellom 700 og 750 kroner timen vart i følgje ho sjøl attestert av Arne Heilemann og tilvist av finansdirektør Viggo Johannesen. Til saman fekk ho 170 000 kroner frå Bydelsprosjektet sine kontoar før spelet rakna.

Saka om den kommunale arbeidstakaren som prosjekt-leiar Arne Heilemann hyrte som privat opplæringskonsulent i bydels-prosjektet, vart kjend. Kommunerevisjonen tok ho opp med finansdirektøren, som i sin tur spurde kommuneadvokaten til råds. Kommuneadvokaten konkluderte i juli i fjor med at «vilkårene for avskjed, i alle fall oppsigelse, er tilstede». For at ho skulle teie om kven som hadde gitt ho oppdrag og betalt ut pengar, lova Arne Heilemann at saka «skulle være opp og avgjort» dersom ho trekte seg ut i fred og ro. Dette førte til at ho sjøl sa opp som vanleg tilsett i kommunen 25. august 1989.

Uventa vedtak

Men ho gjekk ikkje arbeidslaus lenge. I november vart ho hyrt som privatkonsulent av ein av bydelane. Konsulent-honorara kom inn på regulært vis for no var ho ikkje tilsett i kommunen. Og slik kunne utgangen av denne historia ha blitt – som vanleg er i slike saker i Oslo kommune, om ikkje noko uventa hadde hendt.

RV og kommunerevisjonen slo seg ikkje til tols med det som hadde skjedd. Arne Heilemann og Viggo Johannesen – dei to som hadde hyrt og betalt konsulenten, skjønnte at dei måtte lage eit tryggingsnett for seg sjølve. Derfor fekk dei Byrådet til å godkjenne følgjande vedtak 25. september 1989, berre ein månad etter at konsulenten sa opp stillinga si: «Arbeidstaker i Oslo kommune som slutter i tjenesten for å starte som konsulent eller tilsettes i

konsulentfirma som leverer tjenester innenfor samme arbeidsfelt som arbeidstakere ivaretok som ansatt i Oslo kommune kan ikke gis konsulentoppdrag i Oslo kommune før etter at ansettelsesforholdet opphørte i kommunen.»

Det skulle snart vise seg at det ville bli bruk for det tryggingsnettet som dei to hadde spent. Etter at den sakkyndige konsulenten vart hyrt på ny, fremja Raud Valallianse eit forslag i bystyret om at det ikkje skulle vere lov for private konsulentar å få oppdrag i kommunen, dersom dei tidlegare hadde fått oppseiing eller avskjed som tilsett. Sjølv om forslaget vart nedstemt i bystyret 13. desember, må det ha skapt røre på kontora i Rådhuset. To dagar etter vart den sakkyndige konsulenten oppringd med beskjed om at det var slutt på oppdraga. Grunngevinga for svartelistinga var det Byråds-vedtaket som Heilemann og Johannessen fekk i stand i september ein månad etter at ho sa opp.

På dette viset ville to av dei øvste toppbyråkratane i Oslo kommune kome seg ut av ei pinleg sak der dei sjøl aktivt hadde hjelpt til med å skaffe konsulenten urettmessige utbetalningar fra Bydelsprosjektet.

Arne Waller – millionkonsulenten

Ein annan konsulent på Bydelsprosjektet var Arne Waller. Tidlegare hadde han vore tilsett på Skolesjefens kontor og hadde ei stund prøvd det private næringsliv. Han kom tilbake til Oslo kommune som privat konsulent, og vart hyrt til å vere med i sjølve leiinga av Bydelsprosjektet.

Kva han skulle gjere der, er ikkje lett å finne ut av. Det finst nemleg ingen skriftlig avtale mellom Waller og kommunen om kva som han skulle stelle med i hovudkvarteret til Bydelsprosjektet i Klingenberggata, midt i

Oslo sentrum. Men med ein timepris på 590 kroner kunne han iallfall leve godt når han kom heim frå arbeid. Til saman fekk Waller utbetalt ein million kroner berre i 1988. Etter at Bydelsprosjektet var ferdig, fekk millionkonsulenten nye oppdrag – mellom anna i eit anna kommunalt tiltak, HVPU-prosjektet.

Kor mange millionar vart sølt bort?

Kor mykje pengar som vart sølt bort ved innføringa av bydelsordninga i Oslo kommune, er det ingen som har fullt oversyn over. Vi har her berre nemnt to saker om bruken av konsulentar. Men mykje annan pengebruk i prosjektet kan trekkast fram.

Eit av dei store sluka var Bydelsprosjektet sitt innkjøp av datamaskinar og dataprogramutvikling for dei 25 bydelane. Heilemann si organisering av EDB-prosjektet vart så mislykka at arbeidet med utvikling av dataprogramma DATSOS og PHRIS måtte stoppast før det vart ferdig. Dermed kom det lite eller ingenting ut av dei over 20 millionane som vart brukt på «systemutvikling».

Bystyret drøfta ein rapport frå Kommunerevisjonen om årsrekneskapen for 1988 15. november i fjor. I rapporten kjem det fram at revisjonen har merknader til ei lang rekkje saker i Bydelsprosjektet.

For det første galdt det hotell- og restaurantutgifter - mellom anna til Sundvollen hotell, der Oslo kommune måtte betale 230 000 kroner i erstatning til hotellet fordi Arne Heilemann gløynde å avbestille eit kurs. Det var denne slumsinga Michael Tetzschner var «sjokkert» over da VG skreiv om saka 30. januar i år.

Vidare galdt det eit hundretals drosjeturar som ikkje var dokumentert, at det var «manglende oppfølging og avstemming av interimskonto for utbetalinger til Norsk Data» og «svikt i innkjøps- og fakturabehandlingsrutin-

ger, morarentebelastninger og avvikende utbetalingsrutiner».

Forfremma, ikkje oppsagd

I ei vanleg bedrift ville ein leiar med slike resultat fått sparken på dagen. Men etter at denne meldinga om Bydelsprosjektet si verksemd i 1988 kom på bordet, fekk prosjektleiar Heilemann stilling som bydelsdirektør. Seinare vart han direktør i staben til Viggo Johannessen. Der sit han enno.

Kommunale underskrifter sikrar eventyrleg gevinst for hospitsspekulant Nils Riise

Med dei rette kommunale underskriftene sikrar hospitsspekulanten Nils Riise og hjelpesmannen Alv Morten Jølle seg ein eventyrleg gevinst i Niels Juelsgate 29 i hovudstaden. Sosialsjef Lasse Johannessen si tilråding om å inngå ein kontrakt om ein langsiktig og kostbar bruk av eigedomen dreiv verdien på garden i veret. På eit par månader rundt årsskiftet 1986/87 tener dei 14 millionar kroner på kjøp og vidaresal av denne vestkantgarden, også kjend under namnet Victoria Hospits. Ei stund ser det ut til at kommunen skal vikle seg inn i ein leigekontrakt som vil koste 80 millionar kroner.

Dragkampen om ein kontrakt

Dette handlar om dragkampen for å få ein tiårskontrakt verd over 80 millionar kroner knytt til Victoria Hospits i Niels Juelsgt. 29 på Frogner.

Hovudaktørane er:

- Lasse Johannessen (44), i dag bydelsdirektør i byrådet sin sentraladministrasjon. I 1987 var han sosialsjef ved Rehabiliteringskontoret. Han har vori fagforeningsleiar i Kommuneforbundet, formann i Sosiale Etaters Partilag av DNA og så seint som i 1988 var han medlem av Bydelsutvalget på Stovner.
- Jan Erik Linstad (50), i dag tilsett i Norsk Folkehjelp. I 1987 var han kontorsjef ved Rehabiliteringskontoret. Han har vore bydelspolitikar for Arbeidarpartiet.
- Rune Johanson (35), tidlegare utkastar, i dag restauranteigar og allsidig forretningsmann. God venn av Jon

Øystein Wold før denne vart arrestert for stoffhandel i 1982.

– Per Larsen, «forretningsmann» med konkursbakgrunn, bl.a. frå Oslo Diamant Center A/S. Truleg stråmann for Rune Johansen eller andre i selskapet Villa Granberg A/S.

– Nils Sørensen Riise (48), hospitskongen i Oslo, med eit nett av eigedommar og aksjeselskap som strekker seg frå Grand Turks Islands i Karibiske hav via Kanariøyane, Frankrike til Oslo og Nord-Odal.

JR-Group investerer

Da etterkommarane etter konsul Waalmann våren 1986 bestemte seg for å selje den siste eigedomen i familieselskapet A/S Waalmann, sytte dei for å få ein seriøs takst på den gamle Frogner-eigedomen der det var forretningar i første og hospits i dei andre etasjane. Eigedomsmarknaden var enno god for seljar, og takstmannen meinte garden var verd 7 millionar. Aksjane i familieselskapet var delt likt mellom to eldre søsken som begge budde på andre kantar av landet. Ein erfaren eigedomsvokant i Oslo stod for marknadsføring og sal.

Seriøse bedrifter i hotellbransjen var interessert, men sa takk for seg da pristilboda passerte 12-13 millionar kroner. Norsk Prosjektanalyse A/S la inn høgste bodet på 18,2 mill. kroner. Advokat Tor Eggesvik som er medeigar i selskapet, avtalte tid og stad for underskriving av kontrakt. Da kom plutselig eit heilt ukjent selskap inn på arenaen og dytta Tor Eggesvik til side. JR-Group A/S – eit nytt Riise-selskap «under stiftelse» – overtok rolla som kjøpar. Dei fekk tilslaget for dei same 18,2 mill. kroner som Tor Eggesvik først hadde bydd.

Seljaren hadde grunn til å vere nøgd. Ein pris på meir enn det dobbelte av takst var ikkje kvardagskost. JR-

Group A/S hadde ingen problem korkje med å stille den nødvendige bankgarantien frå Sunnmørsbanken eller med å betale heile kjøpesummen på avtalt måte og til avtalt tid. Her var det forretningsfolk som anten var svært pengesterke eller hadde lett for å få kreditt.

Seinhaustes 1986 skreiv dei to aksjonæranne i A/S Waalmann omhyggeleg under på eit skjøte der eigedomen vart overført til JR-Group A/S for den prisen som var avtalt. Dei og andre i familien kunne slå fast at handelen hadde fått ein betre slutt enn dei hadde håpa på.

Rett etter årsskiftet tok det til å skje underlege ting. Advokaten for Nils Riise, Morten Morch jr., ba dei to aksjonæranne vere snille å skrive under enda eit skjøte. Han ville ha eit såkalla blanco-skjøte, dvs. at seljar skriv under eit skjøte der rubrikkane for kjøpar og kjøpesum står opne. Etter råd frå advokaten sin skreiv dei under i månadsskiftet februar-mars. Poenget med eit slikt dokument kan vere å sleppe tinglygingsavgift. Det var på denne tida kjent på byen at Nils Riise hadde selt garden vidare. På «blanco-skjøtet» kunne han no føre inn namnet på den nye kjøparen og såleis sleppe med å betale tinglygingsavgift ein gong i staden for to gonger. Men han kunne òg ha andre grunnar for ønsket om eit skjøte ekstra.

JR-Group sel vidare

Den nye kjøperen var Villa Granberg A/S. Selskapet har fått namn etter villaen der restauranten Noble Dancer i si tid heldt til og der Oslobanken i dag har hovudkvarter. På papiret er det forretningsmannen Per Larsen med yrkesbakgrunn som restaurantutkastar som eig og styrer Villa Granberg A/S. Den som verkeleg kontrollerer selskapet er truleg Rune Johanson, eller andre bak han igjen. Han starta også som utkastar – på Noble Dancer. Så gjorde

han ulike slags forretningar, nokre av dei saman med Jon Øystein Wold, og har enda som ein stor mann bl.a. innanfor eigedom og restaurant.

Rune Johanson/Per Larsen har sjeldan finansieringsproblem. I februar 1987 gjorde dei avtale med Nils Riise og partneren hans, Alv Morten Jølle, om at dei ville kjøpe Niels Juelsgt. 29 for 32 mill. kroner. På 8-9 månader hadde prisen stigi til nær det femdobbelte av det eigedomen var taksert til! På papiret var det Oslobanken som skulle finansiere det heile. I mars skreiv Per Larsen under på panteobligasjonar for heile kjøpesummen og nokre millionar til, der rentesatsen er heile 24 prosent. Om ei slik renta skulle krevjast inn, ville den årlege renteutgifta bli litt over 8,5 mill. kroner.

Frå ein som deltok i ein del av handelen, har vi fått opplyst at Oslobanken stilte eitt vilkår for å yte desse låna: Villa Granberg måtte sikre seg ein langsiktig utleigeavtale med Oslo kommune som kunne gi banken trygd for rentane. Omtrent samtidig med at Riises advokat bad dei to seljarane skrive under «blanco-skjøtet», men før lånedokumenta vart underteikna i Oslobanken, så starta faktisk Rune Johanson og Per Larsen forhandlingar med dei rette ansvarlege i Oslo kommune: sosialsjef Lasse Johannessen og kontorsjef Jan Erik Linstad ved Rehabiliteringskontoret. Forhandlingane kom i gang kort tid etter at Tor Lauritzsen med stort hell hadde avslutta sine prisforhandlingar med den same kommunale duoen om hybelhuset i Eilert Sundts gate 55.

Da vi sommaren 1987 oppsøkte kontorsjef Jan Erik Linstad for å få sjå saksdokumenta frå forhandlingane med Villa Granberg A/S, var det først uråd å få innsyn i arkiva. Men da han måtte rekne med klage til overordna instansar, ombestemte han seg. Vi fekk sjå «alt». Vi vart litt forundra over at dokumentsamlinga bare var eitt brev,

frå Villa Granberg A/S til sosialsjef Lasse Johannessen. Brevet som er datert i mars, viser til tidlegare munnleg kontakt og inneheld eit pristilbod.

Forhandlingane mellom Linstad/Johannessen ved Rehabiliteringskontoret og herrane Larsen/Johanson i Villa Granberg A/S må altså ha gått rimeleg greitt og friksjonsfritt. Etter at det i april var oppnådd full semje om prisar og andre vilkår og alt var avgjort, gjekk nokre veker med til å la dei tillitsvalde i Kommuneforbundet ha litt formell «medbestemmelse».

8. juni 1987 sende sosialsjef Lasse Johannessen tilrådinga si til Byrådet: Ein tiårig leigekontrakt med årsleie 6,5 mill. kroner første året, stigande til ca. 8,5 mill. kroner etter at det var innreidd hospitsrom på loftet.

Prisen var eventyrleg. Årleg leige var no omtrent det same som takstverdien på bygninga eitt år før! Sakkyn-dige seier at ein utan problem kunne leigd dei beste forretningslokala på gateplan mot Karl Johans gate for dei leigesatsene som dei to på Rehabiliteringskontoret her hadde forhandla fram for ein gammal hospitsgard.

Verd 7 millionar, lånesum 32 millionar

Dryge to veker etter at sosialsjefen hadde sendt denne kontrakten til Byrådet, vart «blanco-skjøtet» og lånedokumenta frå Oslobanken tinglyst. No når den langsiktige avtalen med kommunen var nesten i hamn, tok Oslobanken sjansen på å låne ut 32 mill. kroner mot trygd i ein bygard som var taksert til å vere verdt 7 millionar!

Her er det grunn til å stille fleire spørsmål:

- Korleis kunne Johannessen/Linstad gå inn i prisforhandlingar av eit slikt omfang med eit selskap som i mars ikkje kunne ha eit einaste offisielt dokument som bevis på at dei verkeleg var eigarar av Niels Juelsgt. 29?
- Kvifor gjorde ikkje Johannessen/Linstad nokre enkle

undersøkingar hos selskapet Waalman A/S som i heile forhandlingsperioden hadde grunnboksheimelen til eigheten? Hadde dei gjort det, ville dei fått kjennskap til heile historia og Nils Riises underlege mellommannsrolle. Dei ville fått vite at den kontrakten dei hadde forhandla fram, var eit nødvendig ledd i ein finansoperasjon som skulle gi herrane Nils Riise og Alv Morten Jølle ein mellommannsgevinst på om lag 14 millionar kroner.

– Går det an å vere så grenselaust truskuldig når ein opptrer på kommunens vegne økonomisk og juridisk på den meir tvilsame delen av eigedomsmarknaden i Oslo? Er det truleg at ein mann som seinare er funni godt skikka til ein av dei mest krevjande direktørstillingane i Rådhuset, er så truskuldig når han handterer andres millionar?

Her er det grunn til å nemne at Lasse Johannessen nokre år tidlegare vart kritisert for liknande feil – men i langt mindre omfang – da han gjorde ein avtale med Tor Lauritzsens selskap Osiva A/S om å leige hospitsgarden Dalsbergstien 21. Da vedgjekk Johannessen i eit intervju med Klassekampen at det var dumt at kontoret hans ikkje hadde gått til byskrivaren og sjekka i kor stor grad eigheten var pantsett før han vart utleigd. Hadde han fullstendig gløymt denne erfaringa? Bryr Kredittilsynet seg om kva slags trygd Oslobanken kravde før dei lånte ut 32 millionar til Villa Granberg? Kan ein bank utan å bli straffa gå fram slik som opplysningane tyder på at Oslobanken har gjort i denne saka?

Kritikk frå RV og ein del medieomtale førte til at denne kontrakten aldri vart vedtatt korkje av Byrådet eller Bystyret. Det vart krøll på tråden og krisestemming mellom fleire av dei som var innblanda. Fram til april 1988 sto eigheten dermed tom og ubrukt. Villa Granberg A/S måtte gå til asylsøkjardelinga i Røde Kors for å sikre seg inntekter til å dekkje mest muleg av rentene til

Oslobanken. Oslo kommune på si side engasjerte konsulentar frå OPAK A/S til å vurdere kva som kunne vere rimeleg marknadsleige på eigedommen. OPAK konkluderte seinhaustes 1987 med at sannsynleg marknadsleige for dei oppussa lokala ville vere omkring 1,8 – 2,0 millionar kroner i året, eller mindre enn ein tredjedel av det sosialsjef Lasse Johannessen hadde oppfordra byrådet til å godta.

Det var fleire kommunale etatar som var hjelpsame overfor Villa Granberg A/S. Selskapet søkte ikkje byggjeløyve før dei starta den omfattande oppussinga og ombygginga sommaren 1987. Entreprenør Brindem starta arbeidet likevel. Søknaden vart sendt etter at arbeidet var avslutta og innvilga i april 1988.

Spørsmålsteikna

Det er grunn til å stille spørsmålsteikn ved dei svære pengesummane som er lånt og tinglyst i denne saka. Er det vanleg kjøp og sal, eller er det ei eller anna form for kvitvasking av svarte pengar? Eller er det pengetransaksjonar som eigenleg skjuler anna form for handel mellom dei som er involvert? Kva skulle i tilfelle vere bakgrunnen for at karane bak Villa Granberg skulle betale Nils Riise & Co 14 millionar meir for denne eigedommen enn dei sjøl hadde betalt? Nils Riise og Rune Johanson har gjort venlege forretningar med kvarandre før. Her blir derfor mange spørsmål ståande utan svar.

Men det er i alle fall sannsynleg at den truskuldige duoen ved Rehabiliteringskontoret har vori medspelarar i eit opplegg som ville gi Riise-selskapet JR-Group A/S ein stor skattefri gevinst. Fordi det vart laga eit ekstra «blanco-skjøte», vart ikkje det opprinnelege skjøtet med JR-Group A/S som kjøpar tinglyst. I dei offisielle dokumenta hos byskrivaren ser det ut som eigedommen er seld

direkte frå Waalman A/S til Villa Granberg A/S for 32 millionar.

Det var handelen med Niels Juels gt. 29 som var årsak til at JR-Group A/S vart oppretta. Skattelikninga for 1987 viste at selskapet betalte skatt av ei inntekt på 48 600 kroner. Salsinntekta på 14 mill. kroner vart ikkje oppgitt til likningskontoret. No er det håp om at Riise & Co likevel får eit skatteoppgjer.

Oslo Byfornyelse – eit selskap med «austeuropoisk stil», men no tar gribbane over

Oslo Byfornyelse er eit aksjeselskap der kommunen eig meir enn halvparten av aksjane og har fleirtal i styret. Kommunen har sia 1978 brukt selskapet for å styre fornyingsarbeidet i dei gamle bydelane. Selskapet har heilt til det siste hatt ei trygg økonomisk plattform fordi kommunen bruker forkjepsretten sin til fordel for selskapet og dessutan kjøper opp dei ferdige leiligheitene etter at oppussing er fullført. Det siste året har byggje- og eigedomsmarknaden ramla saman og samtidig har gribbar i det private næringslivet kasta seg over det halvkommunale selskapet for å suge til seg dei verdiane som finst. Historia om korleis private entreprenørar no prøver å overta den kommunesubsidierte byfornyinga avslører oppsiktsvekkjande sider ved måten Oslo Byfornyelse A/S har vori styrt på.

Alarmen går

1989 vart det store katastrofeåret. I april godkjende styret ein årsrekneskap med overskot på 5 mill. kroner. Få veker etterpå kom private konsulentar fram til at rekneskapen var heilt misvisande. Det fanst ikkje overskot i det heile tatt, men tvert i mot eit underskot på 75 mill. kroner!

Storalarmen gjekk. Kommunen sa seg villig til å skyte inn meir «ansvarlig kapital» i selskapet. I same stunda dukka entreprenørfirmaet Selmer-Furuholmen opp og ville kjøpe fleire av byfornyingselskapet sine prosjekt. Etter ei rekordrask førebuing og utan snakk om anbuds-konkurranse vedtok Oslo bystyre 28. juni 1989 å selje fire

store prosjekt til entreprenørfirmaet «for å styrke likviditeten». Dette var mellom dei mest lukrative prosjekta Oslo Byfornyelse hadde. Det var inngått avtale om at kommunen skulle kjøpe det aller meste av dei ferdige leilighetene. Denne kommunale kjøpsplikta følgde med over til Selmer-Furuholmen, som dermed overtok dei feitaste og sikraste oppdraga som Oslo Byfornyelse hadde. Seinare på året selde bystyret fleire byfornyingsprosjekt med kommunal kjøpsplikt. På kjøparlista finn vi Byggholt, Ragnar Evensen og Fagbygg.

Hemmeleg avtale om å halde kjeft

Turbulensen rundt Oslo Byfornyelse førte til at Erik Magnæss vart sparka som administrerande direktør.

Privatiseringsvenene i det nyutnemnde selskapsstyret betalte ein høg pris for å få han ut i det stille. Styret vedtok 17. august 1989 ein avtale om at han skulle få løn ut 1990, dersom han slutta i stillinga 1. oktober 1989. Samtidig fekk han overta firmabilen med kraftig rabatt. Eit av dei sentrale punkta var at begge partar skulle halde kjeft om dette forliket. Magnæss skulle teie om kva han hadde fått, og styret skulle ikkje fortelje kvifor det var nødvendig å seie han opp.

Ingen i styret – heller ikkje dei som var oppnemnde av kommunen – hadde innvendingar mot avtalen. I same møte vart det fleirtal for å engasjere ein ny, mellombels administrerande direktør gjennom konsulentfirmaet Hartmark-Iras. Men protokollen viser at styremedlemmene tykte ein timepris på 900 kr. for den nye direktøren var noko høg, og at dette burde diskuteras nærmare.

Austeupeisk stil

Høgre og Framstegspartiet ønskjer no i 1990 å kjøre Oslo Byfornyelse A/S mot konkurs eller styrt avvikling. Får

dei til det, blir all byfornyning i Oslo styrt av marknaden og entreprenørane. Folks behov for rimelege bustader med nok lys, luft og varme skal ikkje lenger bety nokon ting. Dei gode sidene ved det offentlege byfornyingsarbeidet går tapt – berre drygt ti år etter at det kom i gang.

Likevel er det klart at Oslo Byfornyelse ikkje har vori eit perfekt selskap slik det har vorti drivi. Vår gjennomgang viser at dei styrande organa har dekt over små og store feil og overgrep. Det har ikkje vorti betre fordi om mange politikarar har deltatt både i styre og stell. Oppryddingsviljen har vori som i eit gjennomsnitts politbyrå i eit austeupeisk land på 60- og 70-talet.

Økonomisjefen vart avslørt etter at han hadde tatt eller lånt 120 000 kroner frå kassa i selskapet for å kjøpe seg leilighet i eit hus som Oslo Byfornyelse hadde fornya på Rodeløkka. Han sa opp stillinga si, men tre veker etterpå vedtok styret samrøystes å hyre han som «konsulent» med ei månadsløn på 22 000 kroner. Dessutan gav dei han ein eingongssum på 40 000 kroner, – kanskje eit slags plaster på såret for alt det ubehagelege som hadde skjedd. Framstående politikarar som Kai Ekanger (A) og Per Høybråthen (KrF.) sat i styret på denne tida.

Selskapet tapte stadig renter fordi dei betalte ut forskott til vaktmeisterfirmaet Peter Nørholm med 5-600 000 kroner i månaden. Ved utgangen av juni 1989 har RV fått opplyst at Oslo Byfornyelse hadde 800 000 kroner til gode hos vaktmeisteren sin. Peter Nørholm og Oslo Byfornyelse er sambuarar. Vaktmeisteren leiger både kontor og lagerplass i Nedregt. 8 på Grünerløkka. Ein annan leigetakar der er Hans Eriksens Kjeleservice, betre kjend for kommunale kjeleinstallasjonar som dei tilsette meiner er unødvendige, mellom anna på Orkerød og på Solvang sjukeheim.

Takk for hjelpa

Leiinga i Oslo Byfornyelse brukte ein del av dei knapt tilmålte pengane sine til alkohol, utanlandsreiser og kurs. Før kommunerevisjonen vart sparka ut, avdekte dei at selskapet betalte barrekningar i samband med reiser og kurs, og at dette til dels er såkalla sosiale kurs som har lite å gjere med dei tilsette sine arbeidsoppgåver. Det mangla òg dokumentasjon for fleire av utanlandsreisene.

Kommunerevisjonen la fram rapporten om dette 2. november 1989. Seks dagar seinare brukte Arbeidarpartiet, Framstegspartiet, Kristeleg Folkeparti og Høgre fleirtalet sitt i formannskapet til å ta kommunerevisjonen ut av selskapet. I staden hyrte dei eit privat revisjonsfirma. Det var ein nokså sterk reaksjon frå eit formannskap som har som lovpålagd oppgåve å passe på at administrasjonen følgjer opp kommunerevisjonen sine varsel om feil og regelbrot.

To av dei som har prøvt å seie frå

Blant dei 60 000 tilsette i Oslo kommune er dei aller, aller fleste ærlege, redelege og nøysomme menneske. Mange har opp igjennom åra – kvar for seg – prøvd å ta opp maktmisbruk, sløsing, snusk og korrupsjon. Dei er blitt møtt med ulike utstøtingsmekanismer frå dei som har stått for maktmisbruket. Kampen deira mot fanteriet er blitt knust. Erfaringane viser at det er vanskeleg, kanskje umuleg, å ta opp kampen heilt åleine. Skal ein lykkast fullt ut, må ein stå saman mot uvesenet. Her er historia om to som prøvde å seie frå.

Teknisk sjef sett på loftet

Midt på 1970-talet vart det oppretta ny stilling som teknisk sjef ved Boligsjefens kontor. Kritikk og misnøye med dei rådande forholda på vedlikehaldssida, var ein del av bakgrunnen for at det vart oppretta ei ny toppstilling.

Den nye tekniske sjefen, Tor Sandmæl, vart plassert som den gamle vedlikehaldssjefen sin overordna. Sandmæl var sivilingeniør med bygg- og anlegg som fagfelt og hadde bl.a. arbeid i fem år som forskar på Byggforskningsinstituttet. Det var første gong det kom inn ein person med slik fagbakgrunn på slik plass i boligsjefens etat.

Det vart ein mangfaldig kulturkollisjon mellom han og ein del av det som var skikk og bruk i vedlikehaldsavdelinga. Sandmæl tok alvorleg på kontrollen av rekningane som kom frå ulike firma. Han tok bryet med å forlate kontoret og gå rundt på byggeplassane for å sjå kva som

verkeleg vart gjort. Gong på gong fann han at det ikkje var samsvar mellom rekning og utført arbeid. Da han nekta å attestere, viste det seg at ein del rekningar likevel vart betalte ut. Det var andre som greip inn og skreiv under.

Sandmæl var ein lojal byråkrat som gjorde jobben sin og rapporterte tenestevegen. Dessutan varsla han nokre gonger Kommunerevisjonen om det han meinte var alvorlege feil. Han fekk aldri vite om det vart noko resultat av dei rapportane han sende til daverande boligsjef Erling Krohn.

Men han fekk to andre tilbakemeldingar som var klare nok: Boligsjef Krohn gav den tekniske sjefen sin forbod mot å gå rundt på byggeplassane og eit like bestemt forbod mot å sende rapportar til Kommunerevisjonen.

Etter kvart vart fleire utfrysingsmekanismar tatt i bruk. Dei gamle gutta i organisasjonen trekte det lengste strået. Ein av dei som sat på litt avstand og gav råd var den mektige formannen i Oslo kommunale Bolig- og byggetaters fagforening, Thorolf Johannessen.

Teknisk sjef Sandmæl vart pressa ut av jobben og «plassert på loftet».

Dersom Sandmæls overordna hadde tatt rapportane hans på alvor på slutten av 1970-talet, hadde den vidare utviklinga av Oslo-korrupsjonen tatt ein annan veg. Han hadde ei så sentral stilling at dei politikarane som hadde ansvaret for Boligsektoren ikkje kunne unngå å høyre om konfliktane rundt den tekniske sjefen.

Byråd Sigurd Østen var kommunalråd og formann i Boligutvalget den gongen. Etter reglementet var Sigurd Østen og resten av Boligutvaglet forplikta til å «føre tilsyn» med boligsjefens kontor og «kontrollere . . . at virksomheten drives etter gjeldende bestemmelser og på den mest mulig økonomiske måte». Likevel fann dei ingen

grunn til å slå alarm på grunn av dei tilfella av økonomisk misbruk som den tekniske sjefen rapporterte om før han vart pressa ut av jobben.

Arbeidsleiar førtidspensjonert fordi han passa på

I 1979 vart Erling Andresen tilsett som arbeidsleiar for vaktmeistrane ved personalbustadene på Ullevål Sjukhus. Han opplevde òg ein «kulturkollisjon».

Det var OBOS som førte rekneskapen for personalboligane. Men ein del rekningar skulle attesterast av arbeidsleiar Andresen før pengane vart utbetalt. Han nekta å skrive under da han fekk tilsendt ei kvartalsrekning frå eit reingjeringsfirma som var ute av Ullevål for fleire år sia. Men neste kvartal kom det ny rekning frå same firma. Han returnerte den òg utan attestasjon og kravde stans i utbetalingane til dette firmaet.

Det vart fleire liknande episodar. Andresen opplevde å bli kritisert av overordna fordi han var så ivrig etter å spare pengar for kommunen! Til slutt var det komi så langt at Erling Andresen bestemte seg for å leggje problema fram for ordførar Albert Nordengen. Han fekk ein avtale på Nordengens hjørnekontor i Rådhuset, men gjekk nokså skuffa heim etterpå. Han fekk klar forståing av at ordføraren ikkje tykte han kunne blande seg inn i det som administrasjonen stelte med.

For Andresens del vart resultatet at han måtte gi opp på Ullevål. Han vart pensjonert før tida. Dei som ville ha han vekk, gjekk så langt at dei fekk ein av dei tilsette ved Andresens avdeling til å melde arbeidsleiaren til politiet. Han som gjekk til politiet, vart sjøl arrestert litt seinare, mistenkt for skadeverk. Vi skal gjengi litt av det han forklarte til politiet mens han satt på Politihuset 29. august 1985:

«Mistenkte kunne fortelle at den inngitte anmeldelse på arbeidsleder Andresen v/ Ullevål personalboliger ble levert

av han selv, men at det var to personer ved navn Erik Kilde og en gutt ved navn Ulf som dikterte anmeldelsen for mistenkte slik at det bare var for mistenkte å levere den som sin egen anmeldelse. Andresen ble i anmeldelsen av mistenkte beskyldt for å ha slått han/legemsbeskadigelse.

Under nevnte samtale kunne mistenkte fortelle at forholdet ikke medførte riktighet, men at anmeldelsen ble innleverte til politiet etter anmodning fra de to navngitte personer, dette for å få fjernet Andresen som arbeidsleder.»

Denne forklaringa er underteikna av tre personar som var til stades: Erling Andresen sjøl, eit anna vitne og ein polititenestemann ved kriminalavdelinga.

Dette fekk ingen følgjer for dei som skal ha diktert den falske meldinga til politiet. Det lykttest derimot å bli kvitt Erling Andresen. Viss Albert Nordengen hadde tatt Andresens påstandar alvorleg, burde det vori håp om at saka hadde fått ei anna utvikling. Kanskje hadde fleire sider av dei økonomiske misforholda ved Ullevål Sjukehus blitt avdekt mykje raskare.

Før Erling Andresen tok kontakt med RVs antikorrupsjonsutval i november 1989, hadde han prøvt ein annan veg som verka meir naturleg for han. Han snakka med folk i Kristeleg Folkepartis bystyregruppe. Men der fekk han klart svar om at det var vanskeleg for dei å gjere noko når ordførar Nordengen ikkje fann grunn til å gripe inn.

Det finst mange slike som Erling Andresen og Tor Sandmæl i Oslo kommune. Slike personar har reagert på det dei har meint har vori økonomiske misforhold eller korrupsjon, og dei har reagert slik at politikarane som forvaltar den lovpålagde tilsynsplikta har hatt god grunn til å gripe inn.

Vi har snakka med ein del av desse personane. Mange har møtt så sterke negative reaksjonar at dei ikkje ønskjer å bli nemnde offentleg.

Streiftog i norsk korrupsjon

Korrupsjon i tollvesenet på 40- og 50-talet

Hittil har det lykkast å halde dei fleste korrupsjonstilfella borte både frå avisene og domstolane. Det viktigaste unnataket er opprullinga av korrupsjon i Tollvesenet på 1950-talet. Tre års politietterforskning la harde fakta på rettens bord, sjøl om det fulle omfanget av korrupsjonen ikkje vart avdekt gjennom rettssaka.

«Store mengder pels selges uten tollavgift».

«Tre arrestert for kjempesvindler ved jernbanetollstedet».

«Tollsvindlerne sloss om utbyttet».

«Ni siktet for korrupsjonen på jernbanetollstedet».

Dette er nokre av overskriftene som prega dei store Oslo- avisene frå politiopprullinga starta i 1953 til domane fall i 1956. I denne som i andre korrupsjonssaker var det to partar - og begge vart dømde. Byretten meinte fengsel på vilkår var høveleg. Alle dei dømde anka – og tollarane fekk skjerpstrafta til fengsel utan vilkår. Men ein av dei dømde var lur nok til å trekke anken i tide.

Det var tiltalte nr. 1, grosserar Olav Thon, som på det viset slapp å sone ei fengselsstraff på 1 år og 6 månader. Han måtte tåle ei bot på 50 000 kroner og inndraging av 80 590 kroner, og måtte til slutt betale sakskostnader med kr 4000.

Byretten konkluderte med at grosseraren handla med overlegg. Retten fann det bevist at Olav Thon forstod kva

han dreiv på med da han gjorde avtale med ein av dei andre tiltalte om å betale pengar til han for å sleppe billegare gjennom fortollinga.

Men det heile og fulle omfanget av tollsvindelen vart aldri avdekt. Mange spørsmål bl.a. om fortollinga av tekstilvarer vart ståande utan svar.

Oppsynsmannen som kravde «smøring», mista jobben og fekk erstatning

For eit par tiår sia vart ein norsk kommune dømd til å betale erstatning til ein oppsynsmann som hadde fått sparken. Det er sjeldan arbeidsgivarane blir dømde i slike saker. Oppsynsmannen hadde fått sparken frå ingeniørvesenet fordi han kravde prosentar til seg sjøl av dei oppdraga han gav til ein entreprenør.

Saka er eit lærestykke om korleis slike saker ikkje skal handterast. Allmenne omsyn gir god grunn til å omtale saka, men i dette tilfellet har vi valt ikkje å bruke dei rette namna på dei som er innblanda.

Oppsynsmann «Næss» og entreprenør «Vik» vart kjende med kvarandre. I rettsboka kan vi lese at det utvikla seg eit venskapleg forhold mellom familiane. I tillegg forklarte både oppsynsmannen og kona til entreprenøren i retten at «det fra begynnelsen av 1965 hadde oppstått et intimt forhold» mellom dei to. Så lenge dette stod ved lag, var det ingen store problem – i alle fall ikkje med rettsvesenet.

Redd for å tape kommunale oppdrag

Entreprenøren forklarte i retten at oppsynsmannen hadde kravd å få ei godtgjering på 7 kroner pr. time for kvar maskin som var i bruk på eit kommunalt byggjefelt. Entreprenøren «hadde hørt at en lignende ordning hadde vært praktisert i en annen kommune» og gjekk med på kravet. Oppsynsmannen hadde sagt til entreprenøren «at han på grunn av husbyggingen var i pengevanskelighe-

ter». Seinare kom oppsynsmannen og sa at «kr. 7.– var i høyeste laget og at det kunne være tilstrekkelig med kr. 5.– pr. maskin pr. time».

Entreprenøren forklarte i retten at han betalte fordi han var «redd for å tape oppdragene for kommunen». Han hadde ikkje fullt oversyn over kor mykje han betalte ut på det halve året han var på dette byggjefeltet, «men han tror det dreier seg om mellom ca. kr. 15 000 og ca. kr. 18 000.» Det vil seie at desse skattefrie utbetalingane var om lag like store som bruttoløna til oppsynsmannen.

Han fekk «godtgjeringa» si kvar veke eller kvar 14. dag. Det var særleg fru «Vik» som tok seg av betalinga.

Samtidig bygde altså oppsynsmann «Næss» hus til seg sjøl. Entreprenøren forklarte at han utførte arbeid på den private tomta til «Næss» og at dette vart betalt av kommunen.

Fru «Vik» var kasserar i firmaet. Ho fekk ein kladd frå mannen sin. «Hun skrev så ut regning som ble kontrollert og attestert av tiltalte,» dvs. oppsynsmann «Næss» som ho hadde som elskar, og så betalte kommunen ut pengane. Arbeidet på tomta «ble påført regningen til kommunen, uten at det var spesifisert hvor arbeidet var utført,» sa «Vik» i retten. Sjølve systemet liknar altså svært mykje på det vi i Oslo kjenner frå f.eks. Vedlikeholdsetaten sitt samrøre med firma som Einar Dalflyen A/S, Sverre Aaser A/S m.fl.

Dette og meir til vart kjent da oppsynsmann «Næss» etter to gode og rike år avvikla det intime forholdet til fru «Vik». Ho var kjend med at mannen hennar hadde fått pengar av «Næss», og i juli det året ringde ho til vegsjefen i kommunen og fortalde det ho visste.

Det vart oppstuss og møteaktivitet. Etter ein månads forarbeid vedtok formannskapet å gi oppsynsmannen avskil og å melde han til politiet.

Politietterforskinga kunne godt ha vori grundigare, men avdekte likevel ein god del forhold. Vitne som vart innkalla, forklarte seg så grundig at det gav grunnlag for å ta ut tiltale. Politiet sende saka til byretten for å få den opp til doms. Da vart det brått slutt på framdrifta i korrupsjonssaka.

Dommaren må av ein eller annan grunn ha lagt saka til side. Først da han skulle over i ny stilling og det vart rydda på kontoret hans, kom dokumenta i korrupsjonssaka til rette. Derfor var formannskapetets avskilsvedtak meir enn to år gammalt da saka kom opp til hovudforhandling i byretten.

Kommunen dømd

I byretten gjekk det slik det stundom gjer når gamle saker blir henta fram. Fleire viktige vitne hadde gløymt alt og gjekk vekk frå det dei hadde forklart til politiet. Ein lastebileigar som utførte privattransport for oppsynsman-
nen, er typisk:

«Foreholdt at han overfor politiet skal ha forklart at kjøringen ble belastet kommunen, har han under hovedforhandlingen benektet å ha forklart noe slikt til politiet og har ment at det må bero på en misforståelse når dette har kommet inn i politiforklaringen.»

Det viste seg òg at det var gjort feil både i kommunens granskingsarbeid og i politiet si etterforsking som styrkte tiltalte si stilling. Kommunen hadde «ikke gjort noe forsøk på å finne ut av regningene» frå entreprenøren for å avklare «om de inkluderer arbeid utført for tiltalte privat». Og påtalemakta sin mann i byretten kunne føye til at «regningene ikke er oppbevart og derfor ikke kan fremskaffes».

Når rekningane ikkje var der, og vitna hadde gløymt det meste, vart det sjølsagt problem med bevisføringa. Det

hjalp lite at det etter rettssaka viste seg at det var enkelt å skaffe rekneskapsmateriale som mangla under sjølve hovudforhandlinga i byretten.

Oppsynsmannen vart frikjend. Det var fleire som reagerte sterkt på denne frikjenninga. Men kommunen sin advokat arbeidde fånyttas for å få statsadvokaten til å anke til høgare rett.

I staden gjekk oppsynsmannen til erstatningssøksmål. Og det søksmålet førte fram. Fordi frikjenningsdomen i byretten no var rettskraftig, fekk ikkje kommunen lov til å føre bevis for korrupsjonspåstandane da erstatningssaka kom opp til doms. Kommunen vart dømd til å betale ei større pengeerstatning.

Familiekorrupsjon – når firmaet får jobbane av far og av onkel

Det særeigne ved Erik Bøhler A/S er at dei har fått jobbane «hos onkel» - bokstavleg talt. Desse oppdraga er ei medverkande årsak til at Erik Bøhler, som bur på Snarøya ved Oslo, er ein rik mann i dag. Onkel Sverre Bøhler (65) hadde lang tenestetid bak seg i kommunen, da han valde å gå av med førtidspensjon tidleg i 1990. For 20 år sia var kontrollør Sverre Bøhler å finne som dei tilsette sin representant i Boligutvalget. Dei siste åra var han avdelingsingeniør I i Vedlikeholdsetaten og hadde ansvaret for vedlikehald av kommunale bustader og kontor.

Det har blitt mange jobbar på Erik. Rett kom det pålegg til onkel om at han ikkje fekk lov å dele ut jobbar til nevøen. Men likevel fekk han arbeide i fred – på sin måte. Han hadde rekvisisjonsrett og vedlikehaldsdirektøren har ikkje hatt innvendingar mot å godkjenne utbetaling på grunnlag av dei rekvisisjonane som onkel Sverre skreiv ut til nevø Erik.

Onkel Sverre er ikkje den einaste i familien som har ein posisjon i kommunen. Svoger Steinar Kristiansen var konstituert forvaltningssjef i Boligetaten da korrupsjonsopprullinga starta sommaren 1989. Fleire av hans næraste underordna har fått sparken etter at snøballen begynte å rulle.

Men sjefen har det gått bra med. Steinar Kristiansen var ansvarleg leiar av den korrupsjonsinfiserte forvaltningsavdelinga. Men no har Byrådet tilsett han som direktør i den nye Oslo kommunale boligbedrift.

Det er så mange tilsette i Oslo kommune at dei fleste familiane sikkert har ein eller fleire på dei kommunale lønningslistene. I så måte står ikkje Erik Bøhler i ei særstilling. Når vi nemner det familiære «nettverket» Erik Bøhler har i kommunen, er det fordi han og onkelen brukte slektskapet til å fordele jobbar – og dermed fortjeneste – i strid med gjeldande kommunalt regelverk.

Nils Riise – ein økonomisk kriminell med pengar og gode kontaktar

Nils Sørensen Riise har på 80-talet tent seg rik på ulike slag økonomisk kriminalitet. Kommunale styresmakter og nøkkelpersonell har hjelpt han. Politiet lar vere å ta han, sjøl om bevismaterialet ved politiets økonomiavsnitt no samlar støv på fjerde året. I mellomtida har Riise-imperiet vaksi.

Startkapitalen kom frå statlege og kommunale sosialhjelpsbudsjett. I dag har Riise-systemet forgreiningar frå Odalen til Kanariøyane, frå Frankrike til Grand Turks Islands i Det Karibiske Hav.

Denne «forretningsmannen» som offisielt bur både i husbankhus i Østfold og i ei fasjonabel playboyleilighet på Skillebekk i Oslo, har gjort forretningar der både kriminelle gjengangarar og anna fint folk er innblanda.

Inngangsbillett frå sosialministeren

Det var tidlegare sosialminister Ruth Ryste som i 1980 signerte Nils Riise sin inngangsbillett på hospitsmarknaden. 15. september 1980 skreiv direktør Ryste i Flyktningerådet under ein framleigekontrakt med selskapet HOF A/S. Flyktningerådet skulle bruke Næss Pensjonat like ved Slottparken som mellombels husrom til flyktningar.

Dei som sto bak HOF A/S var erfarne svindlarar. Dei selde den gullkanta leigekontrakten til Riise før Ruth Ryste hadde skrivi under! «Leigeforholdet» vart kortvarig, ganske enkelt fordi gårdsstyrar Harald Osvold kasta ut både Nils Riise og den ulovlege og ugyldige «kontrakten» hans.

Året etter han vart kasta ut, tok Nils Riise seg rett til å bokføre som «tap» dei tre og ein halv millionane som han hadde håpa å få i framtidig inntekt frå Flyktningerådet. Dermed fekk han forvandla overskotet på 600 000 kroner i det nye selskapet sitt det året til eit formidabelt underskot på 2,9 mill. kr. Seinare har han brukt dette falske underskotet til å fjerne nye overskot. Slik tente han tre og ein halv million skattefrie kroner.

Da RV i 1986 hadde bevismateriale for denne svindelen, melde vi hospitseigar Nils Riise til politiet. Økonomiavsnittet brukte nokre få dagar på å leggje vekk saka. Fleire år før dette opplevde vi at formannskapet i Oslo såg gjennom fingrane med at Nils Riise fekk millionsummar frå kommunen for hospitsrom som han leigde ut utan å ha hospitsløyve.

Sverre Andresen fører rekneskapen for ein del av Nils Riise sine aksjeselskap og for ein del av privatøkonomien hans. Andresen er ein mann som går nye vegar når han synest det er nødvendig, utan å føle seg bunden av skikk og bruk og lov og rett. Ein periode – dvs. inntil det vart offentleg kjent – var han på same tid aksjonær, revisor og rekneskapsfører i Riise-systemet.

Politiet, bankane og Oslo kommune

Skatteverket tok etter kvart alvorleg på RVs påstandar om at Nils Riise dreiv med skattesvindl. Dei sette i gang bokettersyn hos han i 1987. Politiet har opplyst at dei fekk ein svært detaljert bokettersynsrapport på våren 1988, og at denne rapporten inneheld bevismateriale som gir grunnlag for å krevje ubetinga fengselsstraff. Det handlar om mange former for skattefusk, fiksing av rekneskap osv.

Men så stoppa det der. Nesten to år etter at dette meir detaljerte og omfattande bevismaterialet kom inn på

politiets bord, har dei enda ikkje hatt Nils Riise inne til avhøyr.

Nokre av dei bankane som har gitt lån til Riise, burde få ein kritisk gjennomgang av sine bøker. Fleire bankar har lånt ut pengar til Riise utan rimeleg trygd. Eitt av fleire eksempel er den hybelgarden i Dalsbergstien 3 som Nils Riise kjøpte i 1986 for 4,5 mill. kroner. Riise kjøpte av Einar Wellen – ein nær personleg ven av Albert Nordengen. Mindre enn to år etterpå, var garden pantsett for 76 mill. kroner.

Eit anna eksempel er Rikshospitalets gamle hybelhus i Langes gt. 3. Riise kjøpte for 2,5 mill. kroner i 1986, og det var langt over takst. Året etter var dei 20 tome hyblane pantsette for 13 mill. kroner. Til denne dag har det ikkje skjedd noko som helst i denne eigedommen som har gitt Riise merkbar driftsinntekt.

Det er Oslo kommune som har gitt Riise faste driftsinntekter. Han har leigd ut fleire boligregulerte eigedomar til Oslo kommune for hospitspris. Det vil seie at kommunen betaler leige med t.d. kr 450 pr. seng pr. døgn. Månadsleiga har vori over 20 000 kroner for innkvartering som etter husleige-lovgivinga berre skulle ha kosta eit par tusen. Bygningskontrollen har aldri lagt hindringar i vegen for slike brot på plan- og bygningslova. Sosialadministrasjonen har aldri reagert før dei nærmast har vorti dytta framover av kritikk i bystyret og av mediaoppslag.

I dag er Nils Riise internasjonal. I 1986 «kjøpte» han eit hotellprosjekt på Grand Turks Island av ein annan rutinert økonomiforbrytar, Bærums-mannen Knut Wiland. Kva slags økonomisk aktivitet som eigenleg skjuler seg bak dette engasjementet, er eit av dei store spørsmåla i Riise-saka.

Men det står fast at Nils Riise har finansiert ein del av utanlandseventyra sine med dei sosialhjelpspengane han

har fått frå Oslo kommune. Sosialhjelpspengane har berre så vidt vori innom eit norsk Riise-selskap før han har plassert dei utanlands. Ein del private uttak frå eit av firmaa hans er skjedd slik at han vil få ein skattesmell for det, – dersom politiet nokon gong bryr seg om å ta alvorleg på det bevismaterialet som dei har liggjande.

Forretningar med ordførarens advokatven

Nils Riise har fortalt oss at det var advokat Einar Wellen som laga kontrakten da Nils Riise kjøpte dei første hospitsa sine i 1980. Dei har seinare gjort fleire forretningar med kvarandre. Den viktigaste for Riise er nok kjøpet av den store hospitsgarden Dalsbergstien 3.

Da Oslos ordfører vart 60 år i 1983, opplyste Aftenposten at «venneaftenens hovedtale var betrodd Einar Wellen». I ein engasjert hyllest skildrar hospitskongens advokat det første møtet:

«For ufattelig mange år siden møttes to unge menn – banksjefen og advokaten – på hver sin side av forhandlingsbordet. Det stod om meget, syntes vi begge. Men kampen ble kort og mild. Vi ble venner over bordet, og har siden fortsatt å være hva herr jubilanten kaller 'ordentlige venner' . . . Selvsagt ble han banksjef da tidens fylde kom. Selvsagt ble han en fremragende banksjef . . . Men han var blinket ut til mere enn det. Politiker stod det på destinasjonen, et vordende lederemne. Ja endog kandidatur til ordfører i egen by! Hvem i all verden hadde ansvaret for denne blinkingen? Ingen vet det. Det var bare sånn.»

Hausten 1988 fekk RV eit møte med byrådene Michael Tetzschner og Merete Johnson for bl.a. å drøfte tiltak for å få stansa Nils Riise. Dei to avviste på prinsipielt grunnlag at kommunen burde setje i verk særlege kontrolltiltak mot han. Dei ville ikkje ta initiativ til samord-

ning av opplysningar og tiltak frå bygningskontroll, skattevesenet, sosialadministrasjon og politi for å stanse den såkalla hospitskongen Nils Riise.

I dag seier folk som har undersøkt økonomien i Riise-systemet at det er uforklarleg at han kan drive vidare. Dei skjøner ikkje kor pengane kjem frå.

Men han får det til å gå rundt. Han lever sitt luksuriøse playboyliv for pengar som er betalt ut over Oslo kommunes sosialbudsjett. Han har gjort det i mange år i trygg forvissing om at snille byråkratar, forståingsfulle politikarar og eit tafatt eller handlingslamma politikammer sørgjer for at han får jobbe vidare i fred.

Bulgarsk korrupsjon i Norge – eller norsk korrupsjon i Hedmark?

Det er 32 burettslag i Elverum & Omegn Boligbyggerlag (EOBBL). Laga ligg i Elverum, Åmot, Trysil og Våler i Solør. Eitt av desse burettslaga heiter Bulgarien.

På seinsommaren 1988 blir det sett i gang ei utvendig oppussing av «Bulgarien» på Vestad i Elverum. Forretningsfører Øyvind Engelian tar på seg arbeidet med å skaffe målarfirma. Han tilrår «et meget seriøst firma som tidligere hadde utført rimelige og raske jobber for boligbyggelaget andre steder». Det han ikkje nemner, er at firmaet slett ikkje er eit målarfirma, men eit blikkenslagarfirma. Han nemner heller ikkje at firmaet er i store økonomiske vanskar, eller at det er hans eigen son som er dagleg leiar.

Ein far er kjekt å ha

Forretningsfører Øyvind Engelian gav sonen Tom Harald i firmaet All-Invent A/S oppdrag for iallfall 100 000 kroner. Alle oppdraga vart gitt utan at jobbane vart lagde ut på anbod. Øyvind Engelian seier til Hamar Arbeiderblad 9. desember 1989 at «jeg har god samvittighet. Det var ingen andre malere å få tak i på den tiden. De fleste andre i bransjen hadde gått konkurs, og alle malerne hadde reist til Oslo for å søke jobb». Det var derfor ingen vits i å innby firma til å leggje inn anbod på målarjobbane i burettslaga. Han meiner òg at ein kvadratmeterpris på over 200 kroner er heilt i orden.

For den nette sum av 178 000 kroner fekk burettslaget Bulgarien eit halvgjort arbeid som var dyrt og dårleg. Ut

over denne summen finst det òg rekningar for til saman rundt 40 000 kroner frå snikkar og blikkenslagar. Eit rimeleg overslag på ferdigstilt arbeid ville ha vore om lag 60 000 kroner. Halvvegs i vedlikehaldet gjekk firmaet konkurs, og innbuarane i borettslaget sit igjen med ei sterk kjensle av å ha blitt lurt.

Tok initiativet

Trass i at dette var eit innstillingsbu, har bustyrar Jens Bjarne Grønland overlevert buet til påtalemakta for å få vurdert om det skal reisast påtale etter paragraf 260 i straffelova. Det er mistanke om grovt underslag frå Tom Harald Engelian si side som ligg til grunn for denne meldinga.

Ein av medeigarane i All-Invent A/S seier til Hamar Arbeiderblad at Tom Harald Engelian gav lovnader om at firmaet etter kvart ville få store ordrar på utstyr som servantar og klosett til nye bustadbygg. Engelian lova òg å auke aksjekapitalen med 50 000 kroner. Dette vart aldri gjort.

Den gamle medeigaren seier vidare at det var Øyvind Engelian som kom til dei med tilbod om oppdraga: «Det var han som tok initiativet, det var ikke snakk om noe anbud.»

No sit ein del innbuarar i burettslaget Bulgarien med ei sviande rekning og ein halvferdig jobb. Forretningsføraeren er meld til politiet, men politiet er passive. Anten veit dei ikkje kva for ende dei skal starte frå – eller så vil dei ikkje velje side ved å fullføre etterforskinga.

Tillit – eller ikkje ?

Rett skal vere rett. Leiaren av EOBBL, Andreas Hagen, vil ikkje gå laus på saka – og leiaren i Bulgarien borettslag, Edel Hammersborg (73) gir si fulle støtte til Øyvind Engelian på denne måten:

«Full tillit. Journalisten gir i sitt oppslag i Hamar Arbeiderblad lørdag den 9.12.89 feilaktig inntrykk av at det skal være noen tillitskrise mellom borettslagets ansvarlige organ og forretningsfører Øyvind Engelién i EOBBL. Vi vil på det aller mest bestemte ta avstand fra dette og si at forretningsfører Øyvind Engelién har vår fulle tillit.»

Seinare har to medlemmer i boligbyggjelaget gitt uttrykk for så sterk misnøye med same mannen at dei har meldt han til politiet for økonomisk fanteferd.

Ole K. Karlsen og Nicolai Paus – klare hovud, men dårleg minne

«Har du pengar så kan du få, har du ikke så må du gå,» heiter det i songen. To av dei som har pengar – og som har fått så det monnar – er drammensaren Ole K. Karlsen og konsernsjefen i det store entreprenørfirmaet Eeg-Henriksen, Nicolai Paus. Dei har klart å tene mange pengar fordi dei har gode hovud, tenkjer klart og er kompromisslause i forretningar. Derfor kan det i første omgang sjå merkeleg ut at desse to investerer i eit gjeldstyngd høg fjellshotell på Ustaoset og at dei set mykje inn på å kjøpe brukte møblar og anna utrangert hotellinventar sommaren 1988.

Spørsmål utan svar

Entreprenørfirmaet Eeg-Henriksen pøste i 1988 ein million kroner inn i Svelland-hotellet på Ustaoset. Nicolai Paus stilte sjøl opp på eks-byrådsleiaren sitt kontor på Rådhuset i samband med investeringa. Kva som eventuelt vart diskutert på dette møtet i tillegg til spørsmålet om korleis Ustaoset Høyfjellshotell kunne stablast på beina økonomisk, veit ikkje vi. Men nokre samtaletema kan ha vore dei to store oppdraga som Eeg-Henriksen hadde i det store utbyggingsprosjektet på Grønland-Vaterland. Entreprenørgiganten har bygt både skandaleprosjektet Galleri Oslo og den kommunale Byhallen.

Kva seier så Nicolai Paus sjøl om investeringa og møtet på Svelland sitt kontor?

– Jeg husker ikke mer av den saka, seier konsernsjefen til Klassekampen 5. mars 1990, der intervjuet gjekk slik:

«– Kunne du ikke ta en titt i papirene dine?

– Jeg har ikke lyst til å bruke mer tid på den saka.

– I såfall: Sist vi snakket sammen i november 1989 sa du at du ikke husket saka. Siden da har vi funnet ut at du nærmest personlig tok avgjørelsen om inventarkjøpet.

– Å?

– Et eiermøte delegerte spørsmålet om inventarkjøp til styret, der du var formann. Forrige gang vi snakket sammen var du enig i at 4,7 millioner er et betydelig beløp også for et selskap som Eeg-Henriksen. Siden du tok avgjørelsen må du da huske noe bare ett år etter?

– Jeg har ikke lyst til å gå nærmere inn på den saka nå. Adjø.»

Investeringa på Ustaoset kasta lite av seg, isolert sett. Men ser vi dei ulike sakene i samanheng, var kanskje ikkje kjøpet av dei brukte hotellmøblane så ueffent.

Straffedømd kapitalist og lekpredikant

Ole K. Karlsen og Realia si rolle på Vaterland og Ustaoset er etter kvart blitt godt kjend og er omtala ein annan stad i denne boka. Mindre kjent er det at denne lekpredikanten i ein frikyrkjelyd i Drammen har vore straffedømd for skattefiffel. I strevet for å komme seg ut av den kinkige situasjonen, kom han også i skade for å skaffe fram ein uriktig takst. Vidare freista han å påverke eit vitne til å forklare seg slik han ønskte.

Saka Karlsen vart dømd til fengsel utan vilkår for, var at eit gartnerfirma utførte arbeid på privateigedommane til Karlsen-familien i Peder Østbyes gate og Johnsrud Gård, mens det på fakturaen er skrive at jobben er gjort ved ein verkstad som eit Karlsen-selskap eig, og på Buskerud sentralsjukehus.

Då fiffelet vart oppdaga og politiet koplå inn, prøvde Ole K. Karlsen å gjere det vanskeleg å oppklare saka. I

høgsterettsdommen av 20. februar 1987 står det at domaren «peker på hva byretten uttaler om den uriktige takstendomme felte lot avholde da mistanken ble rettet mot ham, og viser til at domfelte gjorde forsøk på å få frem forklaringer som skulle tildekke de reelle forhold.» Ved å kjøpe seg ein takst som skulle berge han, tok Ole K. Karlsen eit langt steg inn mot korrupsjonen.

«... for byens beste»?

Med pengane sine klarte Ole K. Karlsen også å skaffe seg oppdraget med å bygge Drammenshallen – utan anbuds-konkurranse. Kommunen organiserte ei stifting som skulle ta seg av bygginga. Karlsen skaut inn pengar i stiftinga og fekk entreprisen uten at andre fekk høve til å leggje inn bod.

Denne saka har ført til at granskingsutvalet i Drammen kommune har sett i gang undersøking. Sjølv synest Karlsen at heile saka er sørgeleg. «Dette er sårende. Vi gjorde alt for byens beste,» seier han til Fremtiden.

Berre nærare undersøking vil vise om det var Drammens-politikarane som var i politisk svime eller om det dreidde seg om reint kameraderi da kommunestyret godkjende bygginga av Drammenshallen.

Siggestrøm på heitt blikktak

Blikkenslagar Arild Siggestrøm seier han alltid har vori «en partigutt». Firmaet hans, Oslo Blikkenslagerverksted, har hatt økonomi til å sponse valkampane til Oslo Arbeidarparti. Dei karakteristiske raude valbuene som har prega gatebiletet i fleire valkampar, har i stor grad folk på Arild Siggestrøm sine lønningslister rigga opp. Det er ikkje mange i denne bransjen som tener så godt at dei har råd til slikt.

Siggestrøm er ein snill og omgjengeleg mann, om du ikkje stiller deg i vegen for han. Han har gjort mange venetenester utan å krevje gjenyting der og da. Det er såleis ikkje unaturleg at ein annan partigutt, administrerande direktør Arne Kvalheim i Oslo Byhall, låser opp bykassa på Siggestrøm sin 50-årsdag og bruker 3000 kroner til å betale litt av utgiftene til festen på Holmenkollen Park Hotell. Da VG skriv om det fleire år etterpå, angrar Kvalheim seg.

Bilvask to gonger i veka

Arild Siggestrøm er ein mann som har jobba seg opp. Han starta først sitt eige firma, Siggestrøm A/S. Seinare kjøpte han Oslo Blikkenslagerverksted, ei lita, men godt innarbeidd bedrift. Han er snill mot medarbeidarane sine sjøl om han ikkje bryr seg så mykje om det fysiske arbeidsmiljøet. Stillas er ikkje det han er mest interessert i. Men firmabilane skal alltid vere i topp stand. Dei blir vaska to gonger i veka.

Han er ikkje redd for å stå på litt sjøl. Ofte møtte han opp på verkstaden i sekstida om morgonen og vart der til både ni og ti om kvelden. Han serverte gjerne kaffi til vener og gjester som slo av ein prat på benkene i bakgården i Odalsgata.

Utover 1970-talet var OBOS storkunde hos han, og Siggestrøm fekk OBOS-oppdrag utan anbod. Han tok gjerne privatjobbar for OBOS-tilsette i forkant av større OBOS-oppdrag. Det klarte seg gjerne med *ei* rekning i slike samanhengar, sjøl om det var to ulike oppdrag. Det hende òg at han tok med seg folk frå OBOS på ferie- eller jakttur.

Han var kort sagt opptatt av å utvikle eit godt forhold til kundane sine. Arild Siggestrøm var aldri gjerrig i slike samanhengar. På den andre sida la ikkje OBOS merke til at det meire enn ein gong var eit stygt misforhold mellom pris og utført arbeid.

Etter at Kapital skreiv så stygt om samrøre mellom Oslo Blikkenslagerverksted og OBOS, tørka kjeldene inn. Sjøl om det var redaktør Trygve Hegnar i Kapital som vart dømd, fekk nok den såkalla OBOS-domen verre følgjer for Siggestrøm. Det vart vanskelegare å få OBOS-jobbar, og innteninga på slike oppdrag vart dårlegare.

Frimurarlosjen og Grotten

Klientellet i bakgården i Odalsgata skifta på denne tida, dvs. heilt på slutten av 1970-talet. Gjestene frå OBOS vart sjeldnare å sjå. I staden kom det fleire kommunale personar på besøk, både politikarar og folk med viktige posisjonar i byråkratiet.

Frimurar Halvor Fossum var ein av dei som etter kvart utvikla eit godt og nært forhold til Siggestrøm. I Frimurarlosjen er Fossum med i Stamhusets inventar- og utstyrskomite, og er dermed underordna losjebroor Albert

Nordengen, som er med i Finansdirektoriet – frimurarane sitt økonomistyre. I kommunen var Fossum prosjektsjef i Byggeetaten før han i 1981 fekk direktørstilling i Boligetaten.

Siggestrøm har ofte invitert både kommunale og private vener og kjende med seg til uformelle fredagssamkommer på restaurant Grotten. Gjester som vil vere anonyme, seier at mange viktige avgjerder vart uformelt klarert i seine kveldstimar.

Å flytte eit museum

Fordi han er «en partigutt», er det først og fremst Arbeidarparti-folk som har fått nær tilknytning til Siggestrøm og Oslo Blikkenslagerverksted. Ein episode frå sommaren og hausten 1987 tyder på at blikkenslagaren også har fått litt tilbake for sponsinga si av partiet og den romslege haldninga til enkeltpersonar.

Siggestrøm var på jakt etter nytt verkstadlokale, og Boligetaten der Halvor Fossum no var direktør, lova at han kunne få plass i Saxegårdsgate II så snart Norsk Teknisk Museum hadde flytta ut. Siggestrøm tykte det tok for lang tid og bestilte på eiga hand eit transportbyrå til å kjøre museet sine saker opp til Frysja. Det var ingen liten jobb. Rekninga kom seg på kr 254 449,80.

Da dette var ordna, fekk Oslo Blikkenslagerverksted leigekontrakt og kunne flytte inn, men Siggestrøm var ulysten på å betale rekninga for det flytteoppdraget han hadde bestilt. Museet sa også tvert nei. Dei hadde aldri bestilt slik flytting. Boligdirektør Fossum sa nei, han òg, og understreka at «vi har heller ikke gitt museet eller Oslo Blikkenslagerverksted noe klarsignal til å bestille flytting for vår regning».

Arild Siggestrøm hevda på si side at varaordførar Tove Heggen Larsen på venskapleg vis hadde lova å ordne opp

for han. Transportfirmaet skreiv til varaordføraren og forklarte at Siggestrøm «ved henvendelse fra oss har fremhevet Dem som garantist for at beløpet blir betalt. Hvis det er slik som Hr. Siggestrøm tidligere har hevdet, ber vi Dem vennligst besørge at beløpet blir betalt.»

Varaordføraren reagerte rart da ho fekk dette brevet. På den eine sida sende ho eit svarbrev til transportbyrået med eit halvt dementi: «Jeg vil fortsatt hevde at denne saken ikke påberoper seg noe ansvarsforhold fra min side . . . Forøvrig beklager jeg sterkt at mitt engasjement i å ivareta byens håndverks- og industribedrifters berettigede plass i byens næringsliv har medført denne åpenbare misforståelse.» På den andre sida gjorde ho akkurat det Siggestrøm påstod ho hadde lova. Først tok ho saka opp med byrådsleiar Hans Svelland. Da det ikkje var nok, sytte Arbeidarpartiet for at Oslo kommune betalte heile rekninga!

Byrådet si innstilling om saka er signert av Hans Svelland og Sigurd Østen. Dei meinte at rettssaka som var reist, ville ende med «at Oslo Blikkenslagerverksted, som bestilte flyttingen, blir tilpliktet å betale alle flytteutgiftene». Men byrådet foreslo likevel «etter en samlet vurdering og ut fra rimelighetsbetraktninger» at kommunen skulle dekke to tredjepartar av rekninga.

Dette var ikkje godt nok for «garantisten» i Arbeidarpartiet. Tre månader etter at Rune Gerhardsen hadde vorti gruppeleiar, kom saka opp i formannskapet i mars 1988. Der fekk AP gjennomslag for sitt forslag om at kommunen skulle betale både rekninga og renteutgiftene som følgde av for sein betaling. Dette er interessant ettersom Gerhardsen har understreka at han straks rydda opp i partiets samrøre med den mektige blikkenslagaren da han tok over styringa av bystyregruppa i januar 1988.

Pengar på omvegar

Det er ut frå dette ikkje tvil om at Arild Siggestrøm har fått venlege, kommunale motytingar frå nokre av dei AP-politikarane som han sjøl har vori snill mot.

Det største spørsmålet står framleis utan svar: Kva er forklaringa på at denne vesle partiguten og blikkenslagaren har hatt så veldig god råd? Han driv eit lite firma i ein bransje der fortенestemarginane er små – for dei fleste. Berre ei nøye gransking av bilaga i Bolig- og Vedlikeholdsetaten kan avdekkje om det var overfakturering av kommunale jobbar som gav han så mange pengar i kassa at han kunne vere spandabel både på fredagskveldane på Grotten og elles.

Spørsmålet er òg om bilaga enno finst i komplett stand slik at det er muleg å granske dei mot det arbeidet som er utført, og om det finst vilje til ei slik fullstendig gransking. Det kan tenkjast at det eigenleg er bykassa – og ikkje blikkenslagaren – som har sponsa valkampane til Oslo Arbeidarparti, og at pengane berre har gått ein «omveg» om Arild Siggestrøm sitt firma.

Kriminal i Stortinget: Kurersendinga som aldri nådde Industrikomiteen

Ei kurersending frå Store Norske Spitsbergen Kullkompani til medlemmene i Industrikomiteen skulle fortelje kva selskapet tidlegare hadde funni ut om ulykkesrisikoen i Kings Bay-gruva. Men sendinga kom aldri fram til mottakarane, enda ho var levert i resepsjonen i Stortinget, og ein stortingsrepresentant kvitterte for mottakinga. Konklusjonen er neppe til å unngå: korrumpert maktmisbruk for å skjerme regjeringa mot kritikk.

«Tillit til regjeringa»

I dag er Kings Bay-saka historie – ei historie om eit regjeringsskifte i august 1963. Dette regjeringsskiftet kom etter at Arbeidarpartiet i 28 år både hadde brukt og misbrukt stortingsfleirtalet sitt. Einevaldstida for Arbeidarpartiet tok slutt i 1961 da Sosialistisk Folkeparti kom inn på Tinget med to representantar. Dermed var SF i vippeposisjon mellom Arbeidarpartiet og dei fire andre partia på Stortinget - Høgre, Senterpartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti.

Det hadde vori dramatiske debattar i Stortinget før Kings Bay-saka også. Men på grunn av Arbeidarpartifleirtalet slutta debattane alltid på same vis: Ny tillit til regjeringa.

Dei kinkige spørsmåla vart ikkje avgjorde i «Denne Sal», men på Arbeidarpartiet sitt grupperom. Derfor fekk vi uttrykket «den hønsvaldske parlamentarismen», etter Nils Hønsvald, parlamentarisk leiar for partiet.

Kings Bay-ulykka vil alltid bli ståande som ein skam-

plett på norsk politikk og norsk byråkrati. 5. november 1962 kl. 22.45 – like etter at kveldsskiftet hadde starta – mista 21 arbeidarar livet i ein voldsom eksplosjon i kolgruva Ester I i Ny Ålesund på Svalbard. På knappe 14 år var dette den fjerde eksplosjonsulykka som kosta menneskeliv i Kings Bay-gruvene. Til saman mista 63 arbeidarar livet. Granskingsrapporten frå Tønseth-kommisjonen avdekte kor utruleg likegyldig leiinga i det statlege gruveselskapet hadde vori med arbeidsfolks liv og helse.

Korrupt maktmisbruk

Men saka har ei enda styggare side enn det Tønseth-kommisjonen klarte å avdekke. For heilt sentrale Arbeidarparti-politikarar var det andre omsyn som var viktigare enn arbeidsfolket sine liv. Dei tydde til korrupt maktmisbruk og brukte truleg reint kriminelle metodar for å skjermje regjeringa mot kritikk.

Fleire år før den fjerde og siste ulykka hadde leiinga i det andre gruveselskapet på Svalbard, Store Norske Spitsbergen Kullkompani, sagt ja til å undersøke om dei kunne ta over drifta av ulykkesgruva. Dei kom til at det ikkje var forsvarleg. Ulykkesrisikoen var for stor.

Da Industrikomiteen i slutten av juli 1963 sat travelt opptatt med innstillinga si om Kings Bay-ulykka på grunnlag av rapporten frå Tønseth-kommisjonen, fekk komitemedlem Jon Leirfall (SP) beskjed om at ein journalist absolutt *måtte* snakke med han.

Det var svært viktig.

Journalisten hadde nettopp fått vite av kontakten sin i Store Norske at heller ikkje dei borgarlege representantane i Industrikomiteen hadde reint mjøl i posen. Store Norske hadde nemleg varsla alle medlemmene i Industrikomiteen om kva dei tidlegare hadde funni ut om ulykkes-

risikoen i gruva. Eit brev om dette hadde vorti sendt frå Store Norske til kvar enkelt representant i Industrikomiteen. Men selskapet hadde ikkje fått nokon reaksjon tilbake.

Kurersendinga som «kom vekk»

For å vere heilt på den sikre sida hadde dei sendt breva med kurer. Ein person hadde reist med fly frå Bergen til Oslo og levert breva til vakta i Stortinget. Det viste seg seinare at vaktmannen hadde levert breva samla til han som var sekretær i den særskilde komiteen for Kings Bay-saka – ein av Arbeidarpartiet sine representantar.

Da Leirfall fekk desse opplysningane, svara han at han ikkje hadde mottatt noko slikt brev. Han spurde sekretæren i Industrikomiteen, men heller ikkje han hadde sett eit slikt brev eller høyrte snakk om det.

Jon Leirfall tok straks kontakt med Store Norske og fekk stadfesta dei opplysningane journalisten hadde komi med. Så tok han saka opp i den særskilde komiteen. Komitéformann Olaf Watnebryn (AP) kunne ikkje gjere greie for noko som hadde med breva å gjere. Den stortingsrepresentanten som hadde kvittert for å ha mottatt breva, reiste seg straks og gjekk frå møtet.

Han vart sjukmeld same dag. Da Stortinget kom saman til møte 8. august, fekk han innvilga permisjon ut månaden. Seinare vart permisjonen lengd fleire gonger. Det tok nesten sju månader før han igjen møtte i Stortinget.

Framleis er det ingen som kan forklare kva som skjedde med breva frå Store Norske. Hadde dei breva nådd fram til mottakarane, kunne saka ha fått ei anna utvikling.

Det einaste vi i dag veit sikkert, er at breva vart levert i resepsjonen i Stortinget, på ein bestemt dag og eit bestemt klokkeslett. Vaktmannen leverte breva vidare til sekretæren i den særskilde Kings Bay-komiteen.

Det alvorlege i dette er at det avslører at reint kriminelle arbeidsmåtar vart brukte i Stortinget. Det mest sannsynlege er at dei kurersende dokumenta vart haldne tilbake for å hindre avslørande kritikk mot den daverande regjeringa.

Korrupsjon i Stortinget: ein konvolutt utan namn og adresse

Ein journalist med mange års arbeid i Stortinget bak seg har gitt oss denne skriffilege skildringa av ein episode midt på 60-talet:

«Jeg sitter på mitt kontor i Stortingets første etasje. Telefonen ringer. En av betjentene ber meg komme ut i resepsjonen. Det er besøk til meg.

Jeg går ut og møter en litt eldre, velkledd herre som jeg aldri tidligere har sett. Mannen spør meg om jeg har et sted hvor vi kan snakke uforstyrret sammen. Jeg nikker. Og fører ham til mitt kontor. Regner med at det er en nyhet han vil fortelle. Isteden tar mannen opp en konvolutt, men uten navn og adresse. Han ber meg gi brevet til en bestemt stortingsrepresentant. Jeg spør hvorfor han ikke selv kan overbringe brevet. Han svarer at forskjellige grunner gjør dette vanskelig. Jeg spør hvorfor jeg er valgt til denne oppgave. Han svarer at jeg kjenner vedkommende godt. Derfor. Jeg spør videre hvem han representerer, og får vite at han jobber i en større bedrift.

Jeg tar brevet, og mannen går. Uten å åpne konvolutten forsøker jeg å finne ut hva den inneholder. Jeg forstår etterhvert at det dreier seg om penger – mange penger.

Samme ettermiddag leverer jeg brevet til 'adressaten'. Senere fikk jeg vite at det dreide seg om et større pengebeløp – en gave – for den hjelp han hadde gitt firmaet i et spesielt oppdrag for staten. Mange kjempet om den store kontrakten. Stortingsrepresentantens hjelp, med gode for-

bindelser både i byråkratiet og i den politiske ledelse, var utslagsgivende. Påskjønnelsen ble da også deretter.»

Den gongen klarte ikkje journalisten å finne bevis som var så sterke at han kunne skrive om saka. I dag meiner han det er riktig å gå ut med episoden som eit bevis på at korrupsjon og betaling «under bordet» ikkje er noko nytt, og at det ikkje er berre i Oslo kommune at politikarar og byråkratar let seg lokke til korrupsjon.

Kva er korrupsjon?

Den enkle samanhengen

Korrupsjonen i stat og kommune handlar alltid om misbruk av makt. Det er nøkkelpersonar med makt som tar av folket sine pengar og bruker dei for seg sjøl eller til fordel for andre som blir særskilt tilgodesett. Dermed blir det færre statlege og kommunale pengar igjen til drift av barnehagar, skoler og eldresenter.

Når pinsekyrkjelyden Salem får flisene i dåpsbassenget sitt betalt av Ullevål Sjukehus, er det til gjengjeld ei avdeling på sjukehuset som ikkje får pengar til å halde badet sitt vedlike.

Når rekneskapssjefen i Vedlikeholdsetaten bokfører hyttevindauga sine som utskifting av vindauga på ei psykiatrisk avdeling, vil det gå ein god del år før pasientar og tilsette der får skifta ut trekkfulle vindauga.

Når Oslo Arbeidarparti i 1988 fekk ordna tilleggsføring av ein kvart million kommunale kroner til å betale ei flytterekning for ein partilojal bedriftseigar, måtte dette dekkjast inn med tilsvarande innsparing på ein annan budsjettpost.

Når Oslo kommune i ei årrekkje har betalt millionar i overpris for matleveransane til dei festane som politikarane og byråkratane har laga for kvarandre i Rådhuset, da har dei tatt igjen dette med å skjere ned på matbudsjetta til sjukeheimane og barnehagane.

Det eine er ei følge av det andre. Korrupsjon i stat og kommune gir rikdom og overflod for dei få. Den gir auka fattigdom og naud eller ubehandla sjukdom for dei

mange. Dei korruppte – anten det er byråkratar eller politikarar – tar maten frå ungane, trivselen frå dei gamle og sengene frå dei sjuke. Meir innfløkt er ikkje samanhengen.

I dag kjenner vi ikkje omfanget. Dei truskuldige må gjerne tru at det berre er *ein* stortingsrepresentant som har mottatt ein diskret konvolutt med tusenlappar. I Oslo kommune veit vi ikkje om det var to- eller tresifra millionsummar som forsvann over i dei korruppte sine lommer og bankkonti på 1980-talet. Kanskje får vi aldri vite svaret. Så mange rekneskapsbilag er fjerna, så mange dokument er forsvunni, så mange personar har «gløymt» alt dei har vori med på at det blir uråd å få stilt dei korruppte til ansvar for meir enn ein brøkdell av dei brotsverka dei truleg har gjort.

Men ingen må vere i tvil om at dei korruppte politikarane og byråkratane sin urettmessige rikdom og overflod er ei av årsakene til dei kommunale nedskjeringane som plagar både gamle og unge. Viss kampen mot korrupsjonen får slik breidd og styrke at det lykkast å redusere korrupsjonsomfanget kraftig, vil det bli fleire pengar igjen til å betale for slike kommunale tenester som vi alle har bruk for.

Denne samanhengen må ingen gløyme. For vår eiga velferd si skuld kan ingen slappe av før det korruppte leiarsjiktet er avsett.

Reglane som forbyr korrupsjon

Det er ikkje mangel på lovreglar som er problemet. Ingen må la seg forvirre av framståande Oslo-politikarar som har funni ut at vi først og fremst må endre lovene så dei blir like bra som i Sverige.

Frå bestikkelse . . .

Da Christian 4 i si tid laga lover for både det danske riket og den norske kolonien, tok han med ein paragraf mot korrupsjon: «Fogderne maa ei tage Foræring eller andet slikt av Bønderne.» I det tjuande hundreåret har vi meir detaljerte lovar. Sorenskrivar dr. juris Bjørn Stordrange har skrivi om «Straffbare bestikkelser» i Advokatforeininga sin småskriftserie:

«Uttrykket bestikkelse forekommer ikke i noen lovbestemmelse, men kan foreløpig defineres som en urettmessig fordel som overføres fra en giver til en mottaker i den hensikt å påvirke beslutnings- eller handlingsprosesser. Siktemålet med bestikkelsen kan være enten å påvirke (smøre) et maskineri, eller det motsatte, å forstyrre de normale funksjoner.

. . .

I norsk rett er det seks straffebud som retter seg mot ulike former for bestikkelser. Felles for dem er at de rammer det å yte eller motta bestikkelser. Noen retter seg mot tilfeller der mottakeren er ansatt i offentlig tjenesteforhold, andre mot private ansettelsesforhold eller mellommannsforhold. I mellommannsforhold ligger det å motta bestikkelser uten principalens vitende, nær opp til utroskap. (Straffelovens paragraf 275).

De ulike straffebud rettet mot bestikkelser er straffelovens paragrafer 111 – 114, paragraf 405 b og markedsføringslovens paragraf 17, jfr. paragraf 6.

...

Straffelovens paragraf 111 rammer den offentlige tjenestemann som for seg selv eller andre krever eller mottar en ulovlig godtgjørelse for en tjenestehandling. Paragraf 112 retter seg mot den tjenestemann som krever eller mottar en fordel som gis for å påvirke hans utføring av en tjenestehandling. Dersom tjenestemannen som vederlag for bestikkelsen utfører en pliktstridig handling, rammes han av straffelovens paragraf 113, og dersom gjerningsmannen er dommer, lagrettemedlem, skjønnsmann eller sakkyndig i en rettstvist, straffes vedkommende etter straffelovens paragraf 114.

...

Straffelovens paragraf 128 får anvendelse på den annen part i bestikkelsesforholdet, nemlig den som forsøker å påvirke en offentlig tjenestemann ved bestikkelser. Men yteren av bestikkelsen straffes stort sett mildere enn mottakeren.»

... til utruskap

Desse lovreglane er lite kjende og enda mindre brukte. Men dei er der, sjøl om norsk politi ikkje veit korleis dei skal gå fram for å etterforske slike brotsverk og få dei skuldige straffa. Denne svikten i politiet er ekstra samfunnsskadeleg fordi det ofte går trådar frå korrupsjon i offentlig sektor til andre former for økonomisk kriminalitet.

Sorenskrivar Stordrange peikar vidare på at «bestikkelser er uønsket fordi de muliggjør *annen* kriminalitet. Denne andre kriminaliteten er ofte utroskap (straffelovens paragrafer 275- 76) og andre former for stillingsmis-

bruk mot offentlig myndighet (straffelovens kapitel 33 og 34). Man ser undertiden eksempler på at offentlige tjenestemenn skaffer seg private fordeler ved å 'handle med' den offentlige myndighet de bestyrer. Slike forhold kan ligge i grenselandet mellom bestikkelser og utroskap og fører ofte med seg dokumentfalsk, skatte- og avgiftsunndragelser o.l. Straffebudene rettet mot bestikkelser er således et middel til å gripe inn mot den svarte økonomien i samfunnet.

Av disse grunner er det nødvendig å straffe både det å *yte* utilbørlige fordeler (aktiv bestikkelse) og å *motta* dem (passiv bestikkelse).»

Problemet

Det som *er* problemet – i alle fall i Oslo – er at ein del sentrale politikarar og byråkratar bryr seg like mykje om korrupsjonslovgivinga i vår tid som «Fogderne» gjorde da Christian 4 styrte landet – i tida 1588-1648.

Når ein ikkje veit kor grensa går

Da varaordfører Peter N. Myhre vart bøtelagd for smugling av alkohol og tobakk i desember 1989, forklarte han til Aftenposten at «grensen mellom Sverige og Norge var for dårlig merket. Plutselig var jeg i Norge . . .»

I det øvre sjiktet i Oslo Rådhus er dette med grensemerking tydeleg eit allment problem. I 1987 kom finansdirektør Viggo Johannessen og det politisk samsatte Desisjonsutvalget på kant med kvarandre i synet på kor grensene går for tenestemenn som vil hjelpe private firma.

Ledig for oppdrag

I utgangspunktet handla det om at to tenestemenn i høge stillingar prøvde å «verve» kommunale oppdrag til ein bestemt bilverkstad. Desisjonsutvalget vedtok at dei to «har ikke vist den nødvendige vilje til å medvirke til en rask oppklaring av en sak som er reist av revisjonen» og at «den aktivitet som AA og BB har utvist i forbindelse med besøket ved det nevnte bilverksted er ikke forenlig med vanlig kommunal forvaltningspraksis».

Etterpå kom det fram nye opplysningar som gjorde saka enda større. Daverande økonomisjef Per Evensen i Oslo Sporveier sa skriftleg frå om at han «ved flere anledninger mottok telefonhenvendelser fra AA hvor han forhørte seg om det ikke forelå muligheter for flere bestillinger til verkstedet fra baneselskapene.» Evensen fekk inntrykk av at direktøren var interessert i å bruke eit

kundeforhold til Oslo Sporveier som argument for ein søknad om å skaffe nytt lokale til verkstaden i Oslo Næringselskap sitt nybygg på Furuset. Seinare hadde direktøren «gjentatte ganger invitert administrasjonssjef Per Evensen til å besøke de nye lokalene» firmaet var flytta inn i. «Hensikten var utvilsomt å skaffe firmaet oppdrag.» Alle desse initiativa vart «i tur og orden avvist».

Desisjonsutvalget meinte det var korrekt med ei eller anna form for reaksjon mot handlemåten til dei to. Finansdirektør Viggo Johannessen var på prinsipielt grunnlag heilt usamd. Han meinte det ikkje var grunnlag for reaksjon så lenge det ikkje var dokumentert at dei to anten hadde eigarinteresser i bilverkstaden eller at eigaren hadde betalt dei for tenestene.

Desisjonsutvalget må ha vorti nokså sjokkert over denne haldninga. I sin typiske lågmælte ordbruk vedtok utvalet samrøystes:

«Finansdirektørens uttalelse må forstås slik at finansdirektøren finner å ville la det passere at kommunale tjenestemenn opptre aktivt på vegne av/til fordel for potensielle leverandører til kommunen. Desisjonsutvalget finner dette foruroligende, så meget mer som finansdirektøren bl.a. har som oppgave å forvalte kommunens anbuds- og innkjøpsbestemmelser.»

Denne saka vart ståande der. Korkje Desisjonsutvalget eller finansdirektøren gav etter. Men av dei to er det finansdirektøren som med fullmakt frå Byrådet har makta. Derfor er det hans syn og hans haldning som har «signaleffekt» utover i det kommunale forvaltningsapparatet. Slike vedtak frå Desisjonsutvalget blir ikkje offentleggjort. Når makta nektar å ta i mot råd eller kritikk, er både revisjon og desisjonsutval makteslause.

Dei to tenestemennene gjekk til injuriersøksmål mot Revisjonsdirektøren. Den saka enda med eit merkeleg

forlik. Rettsboka frå Oslo byrett viser at daverande revisjonsdirektør er samd i at han alt med det same skulle ha undersøkt enda grundigare. Til realiteten i saka måtte dei to godta at det vedtaket dei ville ha oppheva, vart ståande uendra, mens kommunen tok på seg å dekkje advokatutgiftene deira. I siste punkt i forliket vart dette omtala som «billighetserstatning», og dermed kan dei to med ein viss rett seie at denne erstatninga er eit bevis på at dei to har nådd fram med klagene sine.

Over grensa

Det er ein viktig skilnad på den grensesprengjande aktiviteten til varaordfører Myhre og finansdirektør Johannesen.

Varaordføraren seier i ettertid at han visste kor grensa var, det var berre merkinga som var for dårleg. Med finansdirektøren er det truleg meir alvorleg. Han opererer med eit heilt anna kart enn Kommunerevisjonen og Desisjonsutvalget og har dermed heilt andre grenser.

Da hjelper det ikkje om oppmerkinga er aldri så god.

Det korruperte Norge

Reglane om inhabilitet i forvaltningslova gjeld både for politikarar og byråkratar. Desse reglane som skal sikre at ingen person kan vere med å ta avgjerder i saker der han sjøl er knytta til ein av partane eller har eigeninteresse i utfallet av saka, er lite forstått og enda mindre brukt. Hans Svelland er ein av dei som misforstod.

Kva inhabilitet ikkje er

Hausten 1985 fekk kommuneadvokaten og kommunerevisjonen i Oslo eit uvanleg oppdrag. Etter oppslag i Klassekampen om at «Selmer bygger for Svelland» skulle kommunens revisor og advokat vurdere «visse sider ved varaordfører Svellands habilitet».

Som rimeleg var, bad dei Svelland forklare seg. I brevet sitt til kommuneadvokaten forklarar han detaljert at han ikkje veit kva inhabilitet er:

«Spørsmålet er således utelukkende om det foreligger disposisjoner og kontraktsforhold som er så spesielle og så favoriserende at de ikke hviler på et forretningsmessig grunnlag, men har karakter av 'gave', eller av å være ensidig bebyrdende og på den måte representere et grunnlag for å reise spørsmålet om særegne forhold foreligger.»

Kommunerevisjonen brukte ikkje mange ord på å kommentere utlegginga frå den halvstuderte juristen. Revisjonsdirektør Annar Fængsrud konstaterte tørt at dersom saka handla om slike forhold som Svelland nemnde her, «var det ikke lenger et spørsmål om inhabilitet, men om alvorligere forhold i forvaltningen».

Som vi har sett i kapitlet om Hans Svelland, var det nettopp det det handla om, utan at kommuneadvokat eller kommunerevisjon skar igjennom. Men poenget her er at den svellandske samanblandinga av inhabilitet og klassisk korrupsjon fekk passere ukomentert da saka vart lagd fram for Finansutvalget. Denne omgrepsforvirringa var inga «sak» for massemedia heller. Aftenposten presterte f.eks. eit oppslag som framheva dei få setningane i rapporten frå kommunerevisjonen som var til Svellands fordel.

Ein samanheng er det likevel mellom dei to orda Hans Svelland ikkje visste skilnaden på. Når politiske organ og det underordna byråkratiet blir likeglade med å handheve inhabilitetsreglane, slik bl.a. Oslo bystyre er, får korrupsjonen betre vokstervilkår.

Omgrepet «korrupsjon»

Korrupsjon er eit utanlandsk ord. I norske massemedia har det fram til oktober 1989 vori vanleg berre å bruke ordet i tilknytning til utanlandske tilhøve. Redaksjonane i storavisene og NRK plasserer helst korrupsjonen under fjerne himmelstrok. Korrupte regime i den tredje verda er det aller beste i mediesamanheng.

Denne rådande haldninga har i seg sjøl vori med på å gi dei korrupte arbeidsro på den norske heimemarknaden. Saka mot Olav Thon i 1953-56 var eit unnatak, likeins da VG avslørte det uryddige forholdet mellom Boligetaten og Abba Transport i 1981. Men til dagleg er korrupsjon eit ikkje-eksisterande ord i dei store avis- og mediehusa.

Omgrepet «korrupsjon» skriv seg frå det latinske *corruptere*, å skjemma ut, altså å forderve, øydeleggje moralsk. Ordet er upresist bl.a. fordi det berre finst i folkeleg daglegtale og er lite brukt i skriftspråket utanom

personlege notat og private brev. Derfor har ikkje ordet fått ei norsk meining som er allment godtatt.

Professor Carl August Fleischer er ein av dei svært få som har prøvd å presisere kva vi skal leggje i uttrykket «korrupte forhold» i Norge. I foredraget «Det korrupte Norge» i 1985 sa han bl.a.:

«Det er naturleg her å ta utgangspunkt i to tradisjonelle forbrytelseskategorier. Den ene kategori er *misbruk av offentlig stilling eller tillitsverv* – eller m.a.o. at stillingen og tilliten brukes til å fremme egne interesser eller tredjemanns særinteresser på en uforsvarlig måte, og i strid med de interesser stillingens innehaver er ansatt for å ivareta. Det kan altså være at vedkommende selv i realiteten 'spiser av lasset', og at han sørger for å fremme spesielle utenforstående personers eller gruppers interesser i konflikt med det samfunn som betaler ham og som stillingen skulle representere.»

Tar vi dette som utgangspunkt, er det klart at det var «korrupte forhold» ved Rehabiliteringskontoret i Oslo kommune, som i 1986/87 først forhandla fram Tor Lauritzsens 25 millionars utleigekontrakt for Eilert Sundts gate 55 og deretter den enda verre 80 millionars leigekontrakten for Niels Juels gate 29.

Korrupsjon eller uforstand?

Fleischer peika i foredraget også på at forholdet mellom korrupsjon og uforstand blir brukt til å tilsløre korrupsjon:

«Det gjelder det gjensidige og befruktende forhold mellom på den ene side korrupsjon og på den annen side god gammeldags dumhet, lakei-mentalitet og godtroenhet.

Et vesentlig moment er her for det første at det kan være uhyre vanskelig å diagnostisere hva det er som gjør

seg gjeldende *i det enkelte tilfelle*, der det foreligger en uakseptabel opptreden – inklusiv passivitet – fra en offentlig tjenestemann. Er det et uhederlig eller korrupt forhold rent subjektivt? Er han klar over at han beforder egne interesser eller andres særinteresse på en uforsvarlig måte og på bekostning av interessene til det samfunn som betaler ham, og hvis tarv han skal ivareta? Eller er det bare uforstand som gjør at han opptrer som han gjør? Eller er det en slags mellomting eller kombinasjon?

...

Mulighetene for feildiagnose skaper særlige vanskeligheter for den som vil omtale et forhold. Selv om dette virkelig er korrupt, kan den korrupte stå fram og si at 'jeg har jo bare vært dum, jeg'. Eller han sier ikke dette direkte, men kommer med en eller annen begrunnelse – som ofte kan være av en sådan art at den egentlig gir uttrykk for den samme realitet. Dette gjelder i stor utstrekning, og det gir nødvendigvis de korrupte elementer helt særlige muligheter til å trives i norske farvann.

Det er her åpenbart en sammenheng: Jo lenger man går i å *godta* dårlige eller mangelfulle begrunnelser for en opptreden i offentlig stilling eller tillitsverv, jo større muligheter får korrupsjonen. Jo lettere blir det å kamuflere en uakseptabel opptreden til fordel for en særinteresse som en vurdering fra departementet. Og det er min tese at vi i norsk rett har vært *altfor slepphendte* når det gjelder å godta svake begrunnelser som et gyldig uttrykk for forvaltningens 'frie skjønn'.»

Rettspraksisen som vern

Fleischer kom òg inn på at rettsoppfatninga og rettspraksisen i injuriersaker til dels har vorti eit vern for dei som er korrupte:

«Visse kretser, og da til dels kretser som selv har

fremmet uholdbare påstander og uholdbar argumentasjon, har gått inn for synspunkter omkring ytringsfriheten som gjør at det simpelthen er forbudt å antyde at vedkommende personer visste hva de gjorde – altså at deres argumentasjon var uholdbar og at det norske samfunn kunne blitt villedet. Dette er nødvendigvis en utilfredsstillende og egentlig uholdbar situasjon, ganske uten hensyn til hva man mener om realiteten i de ulike tilfeller. Fra samfunnets synspunkt blir det vel forøvrig relativt likegyldig om det forledes og lider tap av virkelige bedragerer – som vet hva de gjør – eller om det er tale om forledelse og tap gjennom uholdbare påstander som fremmes av personer i sentrale posisjoner, men uten forståelse av de feil som gjøres. De samfunnsmessige konsekvenser av villfarelsene og det at man eventuelt ledes til å handle på grunnlag av dem, er det virkelig alvorlige.

...

Samlet sett kan vi si at det korruperte Norge – i forhold til offentlige stillinger, tillitsverv og posisjoner – består i at det finnes personer som opptrer slik at de ivaretar *egne* eller *andres spesielle interesser*. Disse interesser ivaretas istedenfor samfunnets interesser eller *i større grad* enn det er grunnlag for eller rettslig adgang til.»

Tilfellet Oslo

Viss vi legg hovudvekta på samfunnet sine interesser og ikkje bryr oss om sentrale personar verkeleg visste kva dei gjorde, har vi å gjere med korruperte forhold i mange kommunale saker i Oslo. Saker som har påført – eller kunne ha påført – skattebetalarane i Oslo store tap og meirutgifter.

Spørsmålet om gjerningsmennene forstod kva dei gjorde, vil da berre ha noko å seie for kor alvorleg reaksjonen må bli mot den enkelte. Vi synest det er rett å vurdere slik. Hovudpoenget er å nedkjempe korruperte forhold,

ikkje å bruke tid og krefter på å granske sjel og nyrer hos dei enkeltpersonane som på skattytarane si rekning «opptrer slik at de varetar *egne* eller *andres spesielle interesser*» i staden for samfunnet sine fellesinteresser. Slik handlemåte må vekk frå offentlege kontor og politiske utval, utan omsyn til medvitsnivået hos nøkkelpersonane.

La oss ta nokre eksempel:

Med ein god porsjon velvilje kan det tenkjast at ordførar Albert Nordengen ikkje visste kva han gjorde da han i mai 1982 sette til side vedtaket om å seie opp ein del av SAS Catering sin serveringskontrakt i Rådhuset.

Det kan tenkjast at sosialsjef Lasse Johannessen og kontorsjef Jan Erik Linstad ikkje visste kva dei gjorde da dei «forhandla» fram hospitskontraktane for Eilert Sundts gate 55 og Niels Juels gate 29.

Det kan tenkjast at byrådsleiar Michael Tetzschner og byråd Sigurd Østen ikkje forstod kva «forsert eiendomsalg» ville føre med seg av kommunale tap, sjøl om finansdirektøren hadde åtvara dei.

Det kommunale tapet og den samfunnsmessige skaden blir ikkje mindre om kvar enkelt av dei kritiserte personane kan byggje opp ei forklaring om at han eller ho var uvitande eller dumme. Lar vi *det* bli hovudsaka, har vi kjørt kampen mot korrupsjonen inn på eit personretta og individualiserande blindspor, der hovudsaka blir «gransking» av sjelelivet til den korrupsjonsmistenkte.

Det viktigaste for skattebetalarane må vere å rykke korrupsjonskulturen opp med rota. Dei personane som fører denne kulturen vidare, må vekk frå offentlege nøkkelstillingar.

Og så må vi opprette slike forhold i offentleg styre og stell at sjansen blir mindre for at nye personar skal gjenta gamle feil.

Slik kan vi hjelpe kvarandre
med å kome korrupsjon og makt-
misbruk til livs

15 forslag til tiltak mot korrupsjonen

Lekkasjesaka ved Stortinget T-banestasjonen kosta skattebetalarane i Oslo minst 150 millionar kroner ekstra fordi Albert Nordengen, Hans Svelland, Tove Heggen Larsen og andre ansvarlege politikarar ikkje reiste krav mot entreprenør Selmer-Furuholmen i rett tid. Dei satsa på at ingen skulle få vite kva som hadde vorti avtalt bak stengde dører og nedrulla gardiner.

Lødruputvalet som granska saka, har gitt ei årsaksforklaring som kan vere nyttig å ha i tankane når vi no for alvor skal starte arbeidet mot korrupsjonen:

«De som satt med informasjonen om lekkasjesaken før 1980, må åpenbart ha ment at saken ville være best tjent med en 'ikke se, ikke høre, ikke snakke'-strategi. Ved slik å begrense innsynet fra både politiske grupper og almenheten, trakk man dermed betydelige vekslers på det politiske systems troverdighet.»

Ta deg tid til å lese dette sitatet om igjen. Skift ut årstalet 1980 med 1990. Set inn «korrupsjonen» i staden for «lekkasjesaken», og du har ei rimeleg – og riksdekkjande – forklaring på kvifor det har lykkast å gi korrupsjonen så gode livskår i så mange år.

Det u-opplyste eineveldet

Vinteren 1990 har litt av den kommunale korrupsjonen vorti synleg. No gjeld det å hindre at dei ansvarlege klarer «å legge lokket på igjen».

Etter at RV rulla opp lekkasjesaka ved Stortinget

T-banestasjon i 1985, har det skjedd store endringar i måten Oslo blir styrt på. Liknande endringar er på trappene i mange kommunar. Det såkalla byrådsystemet som vart innført februar 1986, har gjort det enda vanskelegare å føre tilsyn og kontroll med dei som styrer.

Før 1986 var det eit avdelingsutval av folkevalde for kvar rådmannsavdeling. Mange folkevalde frå fleire parti fekk innsyn i mange saker. Dei hadde kort veg å gå om dei ville snakke med administrasjonen om slikt som burde rettast på. Heller ikkje dette systemet gav nokon som helst garanti for at alt gjekk rett for seg, og dei store partia passa seg vel for å sleppe småparti som RV inn i dei viktige utvala. Men i det nye styringssystemet i Oslo kommune er til og med denne kontrollfunksjonen fjerna.

Ingen politiskar, journalist eller vanleg innbyggjar i byen har rett til innsyn i dei sakene som administrasjonen arbeider med for Byrådet. Byrådet avgjer fleire og fleire saker sjøl. Med andre ord blir færre saker avgjort i formannskap og bystyre. Fremskrittspartiet, Høgre og Arbeidarpartiet vil reindyrke denne styringsforma som har mykje felles med det uopplyste eineveldet.

Desse partia ønskjer at kvar enkelt byråd skal få personleg «instruksjonsrett» over alle dei kommunale etatane. Det vil seie at den enkelte byråden kan fatte viktige vedtak i einerom utan eingong å skrive det ned på eit papir, og etterpå gi kommuneadministrasjonen ordre om å gjennomføre «vedtaket».

Dei tre partia vil ha færre medlemmer i kommunestyret og ser helst at dei fleste av dei har heildagsløn i Rådhuset. På det viset vil dei knytte politiskarane enda nærare saman med dei mektige byråkratane i Rådhuset, og fjerne dei enda meir frå det folket som har valt dei.

Maktkonsentrasjon i kommunane må avvisast

Viss endringane går den vegen desse tre partia vil, får maktmisbruk og korrupsjon enda betre vilkår. Det er på høg tid at det blir diskusjon om desse sakene, og at det blir lagt press på dei som har makta slik at dei ikkje får gjennomføre dei udemokratiske planane sine.

Dei fleste kommunane står framfor planer om å konsentrere makt og innsyn på liknande måte. Skal vi kome korrupsjon og anna misbruk til livs, må vi gå den motsette vegen.

Her er våre forslag til tiltak som vi synst peiker i riktig retning:

1. Utvida folkeleg innsynsrett i kommunale avgjerder

Kven som helst skal ha rett til å få sjå alle dokument i ei kommunal sak han/ho er opptatt av, både før og etter at saka er avgjort, med dei unntaka som følgjer av reglane om personvern og teieplikt, særleg i helse- og sosiallovene. Det skal ikkje vere nødvendig å bruke diskret mellommenn for den som vil finne ut om ei kommunal tomt er seld for billeg. Når ein skattebetalar melder seg i ekspedisjonen, skal det vere ei plikt for byråkraten bak skranken å hente fram *alle* dei dokumenta det blir spurt etter. Dette krev kraftig endring av offentlighetslova og forvaltningslova, og ein del byråkratar må anten skifte jobb eller lære seg at dei faktisk har betalt for å vere *folket* sine tenarar.

2. Ein ny lov om arbeidarkontroll i bedriftene

Arbeidarar som blir beordra vekk frå f.eks. ein gravejobb firmaet har på Ullevål sjukehus og til hus- eller hyttebygging for ein meir eller mindre involvert privatperson, skal ha rett til å undersøkje alle forhold som gjeld økonomi og rekneskap hos arbeidsgivaren. Dei skal ha rett til å kontrollere om timelistene og rekningane stemmer med det arbeid-

det som er utført, både på privatoppdraget og det kommunale oppdraget, og kven som har betalt dei to rekningane. Det skal vere straffbart for arbeidsgivaren å mobbe eller diskriminere tilsette som gjennomfører slik kontroll.

3. Uavhengig gransking ved mistanke om korrupsjon

Det nyttar aldri å la dei som sit midt oppe i korrupsjonskulturen granske seg sjøl. Det må bli sjølsagt at korrupsjonsmistanke skal granskast av personar som både er sakkyndige, lojale mot folk flest og uavhengige av dei som arbeider i det korrupsjonsmistenkte miljøet. Det må lagast lovreglar om dette.

4. Utskifting av politikarane og byråkratane på toppen når korrupte forhold blir avdekte

All opprydding i korrupsjon blir berre tull og narrespel viss ikkje dei øvste ansvarlege må gå. Dette må gjennomførast i praksis i f.eks. Oslo etter kvart som korrupsjonsomfanget der blir avdekt. Andre kommunar må følgje etter. Kommunelova bør endrast slik at korrupte politikarar kan avsetjast i valperioden.

5. Karantene-reglar for folkevalde

Da RV avdekte overgrepa ved Sosialsentralen i 1982, slo finansrådmannen fast at «begrepet ansvar er uklart» og at ingen politikar var ansvarleg for den systematiske uretten som ramma mange sosialklientar. Vi må få nye reglar slik at det får følgjer når politikarar heretter forsømer den lovbestemte tilsynsplikta si eller på anna vis blir medskyldige i urett og misbruk. Ansvar for at korrupsjonskulturen fekk vekse og gro i Oslo, ligg hos høgst levande og konkrete politikarar i byrådet, formannskapet, Bygge- og vedlikeholds komiteen, Boligutvalget osv. Vi treng klare reglar om «politikar-karantene» – dvs. at politikarar som

forsømer seg *for* grovt, kan bli frådømde retten til å ha folkevalde verv i ein periode. I forma kan dette likne dei reglane om konkurskarantene som Skifteretten skal hand-
heve. Avgjerdene bør leggjast til ein jury med lekfolk.

6. Kontroll med bedrifter som gjer forretningar med kommunen

Det er enkelt å innføre reglar om at eit firma må dokumentere fem forhold før det får oppdrag frå stat eller kommune:

- At firmaet er registrert i Brønnøysundregistra.
- At firmaet har sendt inn rekneskap til registra innan lovbestemt frist.
- At firmaet er ajour med betaling av skattar og avgifter.
- At eigar eller dagleg leiar ikkje er straffa for økonomisk kriminalitet f.eks. dei siste fem åra.
- At korkje eigar eller dagleg leiar er sett i konkurskarantene.

Hadde Oslo kommune følgt slike enkle reglar, hadde mange kommunale forretningspartnerar i Oslo ramla igjennom. Det gjeld bl.a. Ole K. Karlsen, entreprenøren bak Oslo Plaza. Dei kommunane som lagar seg slike reglar, gir eit klart signal til omverda om at dei til skilnad frå Oslo krev ein viss minstestandard hos firma dei skal gjere forretningar med.

7. Kommunalt «yrkesforbod» for næringsdrivande som er dømde for økonomisk kriminalitet

Dette er eit forslag frå Morten Eriksen ved Kripos. Han føreslo at staten og kommunane skal «svarteliste» firma og næringsdrivande som er dømde for økonomisk kriminalitet. Da RV foreslo dette i bystyret i Oslo, sa ordførar Albert Nordengen at det er urettferdig å dele ut slik tilleggsstraff.

For di korrupsjon i seg sjøl er økonomisk kriminalitet og fordi mange av dei som driv med den slags, også bryt andre lover, vil ei oppfølging av Eriksens forslag ha noko for seg også som eit ledd i kampen mot korrupsjonen. For at kommunane skal få til dette, må det lagast enkle reglar om registrering av kven som er dømde, og kva firma dei har tilknytning til.

8. Stans privatisering og kommunalpolitisk innsidehandel

Den privatiseringspolitikken som representantskapet i Oslo Høgre vedtok hausten 1983, har verka som kunstgjødsel på korrupsjonsugraset. Høgre-parolen om «forsert eigedomssal» siste året har gitt ugraset drivhusvilkår. Det er eit veksande problem at ein del politikarar samlar seg kommunal innsidekunnskap om «marknaden» mens dei er folkevalde. Så går dei over i rolla som næringsdrivande og kan «tilby» akkurat dei tenestene som dei veit at kommunen har bruk for.

9. Tvungen registrering av politikarane sin økonomiske forhold

Kvar kommune og kvart fylke må opprette eit offentleg register med alle opplysningar om inntekter, formueforhold, styreverv, aksjeeige o.l. for dei som er medlemmer i fylkesting og kommunestyre. Registret må ordnast slik at det er lett tilgjengeleg, og det skal ikkje koste noko å få ut opplysningar.

10. Styrke revisjonen og leggje vekt på forvaltningsrevisjon

Det trengst styrking og modernisering både av den kommunale og statlege revisjonen. Det er ikkje nok å sjå etter «at ingen inntægt eller utgift er i strid med de av Stortinget bevilgede budgetter,» som det står i gamle retningsliner

for Riksrevisjonen. Revisjonen må blande seg opp i langt meir enn bilagskontrollen. I Riksrevisjonen har begrepet «forvaltningsrevisjon» vorti definert som «systematiske vurderingar av bruk og forvaltning av offentlige midler og verdier med utgangspunkt i oppgaver, ressursbruk og de oppnådde resultatene». Dette er like viktig som bilagskontrollen.

Men utan at revisjonen har eigne sakkyndige på ulike fagområde, kan dei ikkje eingong gjennomføre ein kritisk revisjon av inn- og utbetalingane. I Oslo har revisjonen ikkje berre vorti motarbeidd frå toppleiinga i Rådhuset; dei har i tillegg mangla kapasitet og vore ukunnige til å gjennomføre ein kritisk revisjon av f.eks. kompliserte entreprisetraktar i Vann- og avløpsverket.

11. Krevje konkret, skriftleg grunngiving av kommunale og statlege vedtak der økonomiske interesser er berørt

Det må bli slutt på at uttrykk som «etter en helhetsvurdering» o.l. kan brukast i staden for ei presis grunngiving for økonomiske vedtak, slik det skjedde i Oslo formannskap i saka med flytterekninga til blikkenslagar Siggestrøm.

12. Samordning og styrking av skattemyndighetene sitt kontrollarbeid

Skattekontrollørane treng større fullmakter til å beslaglegge rekneskapsdokument, hente ut informasjon frå bankar og finansieringsselskap og andre som kan ha viktig informasjon. Arbeidet ved det statlege likningskontoret, det kommunale kemnerkontoret, fylkesskattesjefen og andre kontrollørar må samordnast.

13. Flytting av politiet sine ressurser frå køllebruk over til etterforskning av økokrim

14. Offentlege lister over dei som sponsar partia

Partia skal føre offentlig tilgjengelege lister over pengegåver og andre former for tilskot frå foreningar og firma til politiske parti. Da må RVs bystyregruppe offentleggjere kva for fagforeningar som løyver pengar til arbeidet vårt. Høgre, Fremskrittspartiet og andre må offentleggjere fullstendig oversyn over kor dei får pengane sine frå.

15. Hjelp kvarandre – stå saman mot trakassering og mobbing

Mobbing på arbeidsplassane går ut over mange av dei som seier frå om urett og snuskete tilhøve. Ein felles front mot all slags trakassering vil ha mykje å seie i arbeidet mot maktmisbruk og korrupsjon.

Desse femten tiltaka er enkle og billige. Nokre av dei er heilt gratis og handlar om å hindre maktmisbruk ved å gje innsynsrett og makt til dei som ikkje har det i dag. Viss mange trår til, kan vi smått om senn gi korrupsjonen trongare levekår.

Dei ansvarlege i Oslo på 80-talet

Dette er dei politiske organa og dei politikarane som hadde eit spesielt «ansvar» for å følgje med i at alt gjekk rett for seg i heile Oslo kommune og i enkelte delar av kommunen på 80-talet.

Formannskapet

skal etter kommunelova «føre tilsyn med kommunens forvaltning, herunder ... føre – eller sørge for – tilsyn med at kommunestyrets og formannskapets vedtak blir etterkommet».

Desse har vore formannskapsmedlemmer på 80-talet:

Ansnes, Erna (A)
Aspengren, Tor (A)
Balas, Gro (A)
Bennin, Arne (H)
Bjartveit, Eleonore (KrF)
Bjørnseth, Bjørn (H)
Christiansen, Ellen Chr (FrP)
Christiansen, Ivar (A)
Dahl, Ragnvald (H)
Erlien, Jon (A)
Gerhardsen, Rune (A)
Hagen Carl I. (FrP)
Haldorsen, Jan (A)
Hansen, Boris (A)
Heggen Larsen, Tove (A)
Holmsen, Olaf (A)
Hovind, Ole B. (H)

Høybråthen, Per (Krf)
Johnsson, Merete (H)
Kojen, Sturle (A)
Kolbenstvedt, Marika (SV)
Kvalheim, Arne (A)
Lier, Leif A (H)
Lunde, Sveinung (H)
Lyng, Jon (H)
Magnus, Grethe (V)
Mauseth, Per Eggum (SV)
Munthe-Kaas, Hugo C. (FrP)
Myhre, Kåre (A)
Myhre, Peter N. (FrP)
Nordengen, Albert (H)
Nybø, Leif (H)
Nybø, Halldis Stakkevold (H)
Nærup, Wenche (H)
Preus, Haakon-Magnus (H)
Riksaasen, Steinar (H)
Rolstad, Kari (A)
Svelland, Hans (H)
Seim Valeur, Martha (H)
Simonsen, Per Ditlev (H)
Sivertsen, Merle (A)
Skjervengen, Pål Atle (FrP)
Stafne, Georg (FrP)
Stoltenberg, Thorvald (A)
Sæther, Per (H)
Tannes, Anne Marie (A)
Tetzschner, Michael (H)
Teigen, Karin (A)
Tønnesen, Ida Fossum (H)
Wivegh, Odd (A)
Østen, Sigurd (H),

Byrådet

Etter mellombels lov av 21. juni 1985 skal Byrådet ha det «nærmeste tilsynsansvar» i kommunen. Ordninga med byråd vart innført 2.5.1986 i Oslo kommune. I den tida som har gått sia byrådsordninga kom, har følgjande Høgre-politikarar vori byrådar:

Frisch, Jo

Heggelund, Nina

Holmsen, Karin

Hovind, Ole B.

Huitfeldt, Fritz

Johnson, Merete

Lunde, Sveinung

Midtun, Ingeborg

Moen, Eirik

Nybø, Leif

Svelland, Hans

Tetzschner, Michael

Østen, Sigurd

Boligutvalget

Etter reglement for avdelingsutval førte Boligutvalget tilsyn med m.a. Boligetaten og Fellesinnkjøpene. Desse politikarane hadde verv i utvalet på 80-talet, fram til at oppgåva med «nærmeste tilsynsansvar» vart overtatt av byrådet:

Borgen, Marianne (SV)

Bull, Bernt (A)

Eliassen, Kari E. (H)

Frich, Ole Jacob (A)

Garmann, Kari (H)

Haldorsen, Jan (A)

Harlem, Hanne (A)

Hartwig, Tor Holtan (KrF)

Huitfeldt, Frits (H)
Høybråten, Per (KrF)
Solli, Kjersti (H)
Stangeby, Ingunn (SV)
Tetzschner, Michael (H)
Østen, Sigurd (H)

Representantar for dei tilsette:

Bjerke, Ivar
Bølstad, Morten
Giæver, Mette
Johannesen, Thorolf
Knutsen, Petter

Bygge- og vedlikeholdskomiteen

Etter reglement for Bygge- og vedlikeholdskomiteen – som også forsvann med det nye styringssystemet i 1986 – skulle komiteen m.a. ha budsjett- og gjennomføringsansvar og godkjenne ferdige prosjekt i samband med bygge- og vedlikeholdssaker i kommunen. Desse hadde den alvorlege oppgåva å følgje med i Bygge- og vedlikeholdsetaten sine små og store prosjekt:

Farbrot, Olav (H)
Finsbøl, Liv Inger (A)
Hansen, Odd (A)
Hartmann, Åke (V)
Huse, Oddvar (H)
Jacobsen, Villy (A)
Martinsen, Ørnulf (A)
Munthe-Kaas, Hugo (FrP)
Simonsen, Per Ditlev (H)
Slydahl, Anne-Liv (KrF)
Solli, Kjersti (H)
Spolen-Nilsen, Ivar (H)

Stafne, Georg (FrP)
Wold, Astrid (A)

Representantar for dei tilsette:

Gulbrandsen, Terje
Johannessen, Thorolf
Kjelsaas, Paul
Kopseng, Kjell
Kåss, Arne

Namneregister

- ABC-bank 61, 72, 127
Andersen, Knut H. 67
Andresen, Erling 155, 156
- Beichman, Ulf F. 134
Bergersen, Øystein 109, 112
Bjørnseth, Bjørn 69
Bøjer, Hilde 50
Brynstad, Atle 65, 72, 98,
100, 101, 102, 103
Byggholt 150
Bøhler, Erik 165, 166
Bøhler, Sverre 165
- Christiansen, Ivar 49
Collier, Jan Petter 72
- Dalflyen, Einar 109, 110, 111,
112, 113, 114, 115, 116, 117,
118, 119, 120, 121, 126, 162
- Eeg-Henriksen A/S 62, 72, 73,
175, 176
Ekanger, Kai 151
El-Oil Norge A/S 126, 127
Ellingsgård, Kåre 50
Evas Vedlikehold 115, 116, 119
- Fagbygg 150
Five, Arne 127, 128
Fjalestad, Vagn Horn 125
Fleischer, Carl August 13, 101,
103, 201, 202
Forum A/S 66, 67, 69, 72, 74
- Fossum, Halvor 179, 180
Frid, Johan 39, 40, 43, 75, 76
- Gerhardsen, Rune 48, 71, 86,
87, 88, 181
Gjersing, Eva 115, 116
Gjersing, Frank 115, 116, 119,
120
Granfoss Eiendom A/S 93, 96
Granly, Asbjørn 109, 112, 113,
114, 115, 119, 120, 126
Grønland Byfornyelse 64
Gussgard, Gunvald 39, 40, 42,
48
- Hagen, Carl I. 123
Hammerstad, Oddmund 62, 63
Hansen, Egil Olav 126, 127
Hansen, Hans J. 75
Harlem, Lise 23, 24, 25, 26, 27,
28, 29, 30
Haug, Thorleif 40, 42, 44, 132,
134, 135
Hegnar, Trygve 179
Henriksen, Tom Erik 32, 33,
34, 36, 93, 94, 95, 96, 97
Hermanssen, Tove 33, 35, 36
Ho Chow 100, 102
HOF A/S 167
Holmsen, Karin 74
Holter, Joachim 65
Holthe, Tor Andre 73
Høivik, Ivar 38, 68, 69
Høybråthen, Per 151


- I.M. Skaugen A/S 72, 73
 Investa A/S 58
 Ivar O. Haugen A/S 114, 118, 120
- Jacobsen, Bjørn 47, 110, 111, 124, 126
 Johannessen, Viggo 29, 48, 55, 116, 126, 132, 136, 137, 138, 140, 196, 197, 198
 Johannessen, Lasse 91, 92, 96, 141, 144, 145, 147, 204
 Johannessen, Thorolf 9, 47, 122, 123, 124, 125, 126, 127, 128, 129, 154
 Johansen, Tor W. 73
 Johanson, Rune 141, 143, 144, 145, 147
 JR-Group A/S 142, 143, 147, 148
- Karlsen, Ole K. 58, 59, 67, 68, 73, 175, 176, 177, 211
 Kilde, Erik 156
 Kings Bay 183, 184, 185
 Kolrud, Helge Jakob 49
 Kredittkassen 72
 Kristiansen, Steinar 165
 Kristiansen, Arild 78, 79, 80, 81
 Krogh, Lars Jacob 86
 Kvalheim, Arne 52, 53, 54, 55, 56, 60, 178
 Kværner Brug A/S 133, 134
- Larsen, Tove Heggen 52, 53, 54, 56, 57, 59, 60, 70, 71, 76, 78, 81, 82, 83, 84, 180, 207
 Larsen, Per 142, 143, 144, 145
 Larsen, Gunnar Alf 69, 70
- Larssens Eiendomsbyrå A/S 42
 Lauritzsen, Tor 90, 91, 92, 93, 94, 95, 96, 97, 144, 146, 201
 Leirfall, Jon 184, 185
 Linstad, Jan Erik 91, 141, 144, 145, 204
 Løken, Lene 59
 Lyng, Jon 48, 66
- Made In A/S 102
 Magnæss, Erik 150
 Mauseth, Per Eggum 45, 46, 48, 50
 Meinich, Lill Horg 99
 Meinich, Sven 67, 68
 Moe, Ivar 64
 Moe, Steinar 64
 Mørch jr., Morten 143
 Myhre, Peter N. 32, 33, 34, 35, 36, 37, 86, 103, 196, 198
- Nora Industrier A/S 72
 Nordengen, Albert 9, 23, 24, 25, 27, 28, 29, 30, 32, 48, 49, 50, 66, 78, 82, 85, 86, 87, 90, 91, 92, 94, 95, 96, 97, 101, 102, 104, 106, 155, 156, 169, 180, 204, 207, 212
 Nordic Network A/S 63, 74
 Norsk Prosjektanalyse A/S 142
 Novavision A/S 86
- OBOS 155, 179
 OPAK 75, 76, 147
 Oslobanken 143, 144, 146, 147
 Oslo Byfornyelse 55, 149, 150, 151, 152
 Oslo Blikkenslagerverksted 178, 180, 181

- Paus, Nicolai 73, 175
- Ragnar Evensen A/S 150
- Ramm, Hans H. 123
- Ramstad, Ole K. 118, 119
- Realia A/S 58, 59, 67, 68, 69,
72, 73, 74, 176
- Reisetrafikkforeningen for
Oslo og omegn 78, 79, 80,
81
- Riise, Nils S. 141, 142, 143,
144, 146, 147, 167, 168, 169,
170
- Roll, Oddvar 109, 110, 112,
113, 114, 126
- Ryste, Ruth 167
- Raagholt, Inger 78, 80
- Sandberg, Sven 67
- Sandmæl, Tor 153, 154, 156
- Sandvik, Per 70, 71
- SAS 23, 24, 26, 28, 29, 31, 78,
79, 80, 81, 82
- SAS Catering (Service
Partner) 23, 24, 27, 28, 29,
31, 204
- Schei, Asbjørn 90, 94
- Schwartz, Paul 124, 125
- Selmer-Furuholmen A/S 64,
65, 149, 150, 207
- Siggestrøm, Arild 49, 74, 75,
76, 178, 179, 180, 181, 182
- Skjervengen, Pål Atle 54, 59,
105, 106
- Slind, Harry 38
- Stordrange, Bjørn 193, 194
- Storebrand-Norden 72
- Sunnmørsbanken 143
- Svelland, Even 72
- Svelland, Hans 45, 46, 52, 53,
54, 55, 59, 62, 63, 64, 65, 66,
68, 69, 70, 71, 72, 73, 74, 75,
76, 77, 90, 92, 93, 94, 95,
102, 130, 133, 181, 199, 200,
207
- Sæther, Per 99, 100
- Tesli, Jan 130, 131, 132, 133,
134, 135
- Tetzschner, Michael 39, 40, 42,
44, 46, 48, 49, 52, 54, 62, 63,
77, 123, 139, 170, 204
- Thon, Olav 125, 159, 160, 200
- Thoresen, Ulf 33, 34
- Ulstad, Per 134
- Ustaoset Høyfjellshotell A/S
64, 66, 67, 72, 74, 175
- Villa Granberg A/S 142, 143,
144, 145, 146, 147, 148
- Wellen, Einar 169, 170
- Wilhelmsen, Tor Erik 34
- Willoch, Kåre 49, 50
- Wold, Jon Øystein 34, 144
- Waalmann A/S 142, 143, 146,
148
- Østen, Sigurd 52, 53, 54, 55,
56, 57, 59, 76, 154, 181, 204

RAPPORT FRÅ ROTTEREIRET

SYSTEMATISK OG RYSTANDE DO-
KUMENTASJON AV KORRUPSJON
OG LOVBROT BLANT POLITIKAR-
RAR OG OFFENTLEG TILSETTE I
NORGE. EI BOMBE AV EI BOK SOM
RÅKAR MANGE KJENTE NAMN I
NORSK POLITIKK, SAMFUNNS- OG
NÆRINGSLIV.

KORRUPSJONEN ER SÅ LANGTFRÅ
BERRE EIT STORBYFENOMEN. VI
FINN HAN OVER HEILE LANDET.
RAPPORT FRÅ ROTTEREIRET VI-
SER KVA SOM MÅ TIL FOR Å KOMME
DETTE SYSTEMET TIL LIVS, OG
KORLEIS EIN KAN GÅ FRAM FOR
Å AVSLØRE KORRUPT FORHOLD
I KOMMUNEN ELLER ANDRE
OFFENTLEGE ETATAR.



ERLING FOLKVORD (40), E I LEVANSJØ
MILJØARBEIDAR I OSLO
MEDLEM I OSLO BISTYRE 16 ÅR



9 788252 135329

DET NORSKE SAMLAGET
ISBN 82-521-3532-3

EI BRUKSBOK I KAMPEN MOT KORRUPSJONEN